

# Normer og former i statsforvaltninga

*Om valet av tradisjonelle og nyare nynorskformer i  
departementa på 2000-talet*

Oda Malmin



Masteroppgåve i nordisk, særleg norsk, språkvitskap

Institutt for lingvistiske og nordiske studium

UNIVERSITETET I OSLO

Våren 2017



# Normer og former i statsforvaltninga

*Om valet av tradisjonelle og nyare nynorskformer i  
departementa på 2000-talet*

Oda Malmin



Masteroppgåve i nordisk, særleg norsk, språkvitskap

Institutt for lingvistiske og nordiske studium

UNIVERSITETET I OSLO

Våren 2017

© Oda Malmin

2017

Normer og former i statsforvaltninga: Om valet av tradisjonelle og nyare nynorskformer i departementa på 2000-talet

© Oda Malmin

<http://www.duo.uio.no>

Trykk: Reprocentralen, Universitetet i Oslo



# Samandrag

I denne oppgåva ser eg på kva slags nynorske former dei statstilsette vel når dei har valet mellom ei tradisjonell og ei nyare form. Granskingar av bokmålsbruken viser at tradisjonelle former dominerer i alle sjangrar, og grunnen er mellom anna at det er desse variantane som har fått festa seg i medvitet til folk som dei ”normale”. Eg er interessert i kva ei tilsvarende undersøking for nynorskbruken vil visa, sidan eg har inntrykk av at det ikkje er dei tradisjonelle, men dei nyare formene som er mest nytta i nynorsk tekst i dag. Fordi det offentlege er ein av dei store nynorske tekstoprodusentane, meiner eg ei undersøking av kva slags nynorsk dei skriv her, kan gje viktig kunnskap om kva slags nynorskformer språkbrukarane møter oftast, og som dei dermed oppfattar som normale.

Granskinga er korpuslingvistisk, det vil seia at eg har søkt etter ulike variantar av språklege variablar i eit elektronisk tekstkorpus (Norsk Ordboks Nynorskcorpus), der eg har laga mitt eige subkorpus beståande av meldingar og proposisjonar til Stortinget. Variablane eg undersøker, representerer fleire ulike språklege nivå: Eg ser både på ulike enkeltord, som *me/vi, korkje/verken*; variablar i lydverket, som *fyrst/først* og *løn/lønn* og variasjon i formverket, som i valet av infinitivsending eller bøyingsmønster for fleirtalsformene av *barn*. Særleg i formverket er einsrettinga gjennomgåande: I 85,1 prosent av tilfella vel dei statstilsette nyare former. Når det gjeld enkeltord og variasjon mellom vokalar, dominerer også dei nyare formene klart; i desse kategoriane står nyare former for høvesvis 67 og 65,6 prosent av treffa. Blant konsonantvariablane er tilhøvet motsett: Her er tradisjonelle former valde i 59,3 prosent av tilfella. Sjølv om tendensen i formbruken i embetsverket til dels liknar den me ser i det nynorske tekstsamfunnet elles, gjeld dette først og fremst der dei tradisjonelle formene står sterkt. Blant dei lågfrekvente tradisjonelle formene er avvika mellom statleg tekst og andre granskingar større. I tillegg vel dei ikkje nyare former uansett, men nesten berre i dei tilfella der desse òg er bokmålsnære. Departementa uttrykker at dette er ei ynskt utvikling; dei *vil* skriva bokmålsnært. Eg har derfor forsøkt å grunngje korfor dei likevel i enkelte tilfelle vel tradisjonelle, nynorske former. Forklaringane handlar i stor grad om frekvens og oppfatningar av nøytralitet og ”umarkerheit”. Eg konkluderer at sjølv om desse forklaringane kan seia noko om korfor enkelte nynorske tradisjonelle former framleis står sterkt i ein varietet først og fremst prega av bokmålsnærleik, så står det att i allfall eitt grunnleggande spørsmål, nemleg korfor enkelte former har blitt umarkerte i utgangspunktet.



# Forord

Arbeidet med masteroppgåva er no ved vefs ende. Vonleg er det slutt på å vakna om morgenon med frekvenstabellar prenta bak augelokka. Det er dermed på sin plass å takka dei som på ulike måtar har vore til hjelp i det arbeidet. Fyrst og fremst takk til kjærast og vennar, som har vore både tolmodige og tilsynelatande interesserte i temaet som har opptatt meg i fleire år.

Ein stor takk skyldar eg òg rettleiareni min, Sverre Stausland Johnsen, både for interesse for prosjektet mitt og hjelp og rettleiing undervegs i prosessen. Eg må òg takka Språkrådet, som hadde nok tru på oppgåva mi til å gje meg stipend til arbeidet, og som let meg få vera observatør på eit av nynorskkursa dei arrangerte for statstilsette, der eg fekk eit nyttig innblikk i ”situasjonen på bakken”.

At påbyrja studium i alt frå latin til veterinærutdanning enda opp med ei mastergrad i nordisk språkvitskap, hadde nok ikkje foreldra mine sett for seg, men eg skyldar dei ein stor takk for vedvarande støtte gjennom alle åra med omvegar og snuoperasjonar.

Oslo, mai 2017

Oda Malmin



# Innhold

<b>1 Innleing .....</b>	<b>2</b>
<b>1.1 Motivasjon og val av tema.....</b>	<b>2</b>
<b>1.2 Forskingsspørsmål.....</b>	<b>4</b>
<b>1.3 Definering av termar .....</b>	<b>5</b>
1.3.1 Nynorsk, målform og normal.....	5
1.3.2 Hovudformer, sideformer, klammeformer og læreboknormal.....	6
1.3.2.1 Kven normerer?.....	7
1.3.3 Varietet.....	7
1.3.4 Variabel, variabelgruppe, variant og formpar .....	7
1.3.5 Tradisjonelle og nyare former .....	8
<b>1.4 Det formelle grunnlaget for målbruk i staten .....</b>	<b>9</b>
<b>1.5 Sentrale kjelder .....</b>	<b>10</b>
<b>1.6 Strukturen i oppgåva .....</b>	<b>12</b>
<b>2 Bakgrunn .....</b>	<b>13</b>
<b>2.1 Landsmålet på 1800-talet og fram til 1905 .....</b>	<b>13</b>
<b>2.2 Landsmålet etter 1905 .....</b>	<b>14</b>
<b>2.3 1917-reforma .....</b>	<b>15</b>
<b>2.4 1938-reforma .....</b>	<b>16</b>
<b>2.5 Ny læreboknormal 1959 .....</b>	<b>17</b>
<b>2.6 Nynorskrettskrivinga fram mot 2012.....</b>	<b>19</b>
<b>2.7 Den statlege nynorskbruken dei siste 50 åra .....</b>	<b>20</b>
<b>2.8 Undersøkingar av valfridommen i nyare tid .....</b>	<b>21</b>
2.8.1 Formval blant forfattarar.....	23
2.8.2 Formval og haldningar i skulen .....	24
2.8.3 Formval i media .....	26
2.8.4 Formval i bokmål .....	27
2.8.5 Formval innanfor læreboknormalen.....	28
2.8.6 Samanfatting av undersøkingar av formval .....	30
<b>3 Teori .....</b>	<b>32</b>
<b>3.1 Språkmøte – minoritet møter majoritet .....</b>	<b>32</b>
<b>3.2 Normer .....</b>	<b>35</b>

3.2.1 Internaliserte og fastsette normer .....	35
3.2.2 Normeringsagentar og normeringssirkelen .....	36
3.2.3 Husnormer og språket i statleg forvaltning .....	39
3.2.4 Avsendarstatus og mottakartilpassing.....	41
3.2.4.1 Avsendarar .....	41
3.2.4.2 Mottakarar .....	43
<b>3.3 Ulike nynorskvarietetar.....</b>	<b>44</b>
3.3.1 Varietetar av bokmål og nynorsk og tilhøyrande konnotasjonar .....	45
3.3.2 Vikørs fire nynorsknormer .....	47
<b>3.4 Samanfattig .....</b>	<b>49</b>
<b>4 Metode.....</b>	<b>51</b>
<b>4.1 Om Norsk Ordboks Nynorskcorpus (NON) .....</b>	<b>51</b>
<b>4.2 Val av kjelder i korpuset .....</b>	<b>52</b>
<b>4.3 Feilkjelder .....</b>	<b>55</b>
<b>4.4 Val av variablar.....</b>	<b>56</b>
<b>4.5 Gjennomføring av korpusundersøkinga.....</b>	<b>59</b>
<b>5 Resultat .....</b>	<b>61</b>
<b>5.1. Enkeltord .....</b>	<b>61</b>
<b>5.2 Lydverk.....</b>	<b>64</b>
5.2.1 Vokalisme .....	64
5.2.2 Konsonantisme.....	68
<b>5.3 Formverk .....</b>	<b>71</b>
5.3.1 Infinitivsforma .....	71
5.3.2 A- eller e-bøyting av verb .....	72
5.3.3 Supinum med <i>-t(t)</i> eller <i>-d(d)</i> .....	73
5.3.4 Fortid med <i>-d-</i> eller <i>-t-</i> .....	76
5.3.5 Lang eller kort infinitivsform.....	76
5.3.6 <i>-e</i> eller <i>-i</i> i supinum og nøytrumsforma av adjektiv på <i>-en</i> .....	77
5.3.7 Bøyting av substantiv på <i>-sle/-sel</i> .....	78
5.3.8 Fleirtalsbøytinga av <i>barn</i> .....	79
5.3.9 Samanfatting av formverket.....	80
<b>6 Diskusjon .....</b>	<b>82</b>
<b>6.1 Dei uttalte preferansane i det offentlege .....</b>	<b>83</b>
<b>6.2 Formval i handbøker for offentleg nynorsk .....</b>	<b>84</b>

<b>6.3 Enkeltord .....</b>	<b>87</b>
<b>6.4 Lydverk .....</b>	<b>91</b>
6.4.1 Vokalisme .....	92
6.4.2 Konsonantisme .....	94
<b>6.5 Formverk .....</b>	<b>97</b>
6.5.1 Infinitivsforma .....	97
6.5.2 A- eller e-bøyning av verb .....	99
6.5.3 -e eller -i i supinum og nøytrumsforma av adjektiv på -en.....	100
6.5.4 Dei resterande fem variablane i formverket.....	101
<b>6.6 Nokre utvalde lågfrekvente tradisjonelle former.....</b>	<b>104</b>
<b>6.7 Samanfatting av diskusjonen .....</b>	<b>105</b>
<b>6.8 Konklusjon.....</b>	<b>107</b>
<b>7 Avslutning.....</b>	<b>112</b>
<b>7.1 Samanfatting av oppgåva .....</b>	<b>112</b>
<b>7.2 Svar på forskingsspørsmåla .....</b>	<b>113</b>
7.2.1 Forskingsspørsmål 1 .....	113
7.2.2 Forskingsspørsmål 2 .....	113
7.2.3 Forskingsspørsmål 3 .....	114
<b>7.3 Avsluttande vurderinger og innspel til vidare forsking .....</b>	<b>114</b>
<b>Litteraturliste .....</b>	<b>117</b>
<b>Vedlegg 1: språklege variablar .....</b>	<b>126</b>

## Figurar

Figur 1. Den norske normeringssirkelen (Sandøy 2003b: 266).....	36
---	----

## Tabellar

Tabell 1: Oversikt over undersøkte kategoriar .....	59
Tabell 2: Variasjon blant enkeltord .....	63
Tabell 3: Oversikt over vokalvariasjon .....	67
Tabell 4: Vokalvariasjonen samanfatta .....	68
Tabell 5: Oversikt over konsonantvariasjon .....	70

Tabell 6: Konsonantvariasjonen samanfatta .....	70
Tabell 7: A- og e-infinitiv .....	71
Tabell 8: Oversikt over a- og e-bøyning .....	73
Tabell 9: -t(t) eller -d(d) i supinum .....	75
Tabell 10: -d- eller -t- i fortid .....	76
Tabell 11: Lang eller kort infinitivsform .....	77
Tabell 12: -e eller -i i supinum av sterke verb og nøytrum av adjektiv på –en .....	78
Tabell 13: Substantiv på -sle og -sel .....	79
Tabell 14: Fleirtalsbøyning av <i>barn</i> .....	79
Tabell 15: Formverket samanfatta .....	80
Tabell 16: Dei mest frekvente tradisjonelle enkeltorda + <i>me</i> i ulike undersøkingar .....	88
Tabell 17: Dei mest frekvente tradisjonelle vokalformene i ulike undersøkingar .....	92
Tabell 18: Dei mest frekvente tradisjonelle konsonantformene i ulike undersøkingar .....	94
Tabell 19: Tradisjonell a-infinitiv i ulike undersøkingar .....	97
Tabell 20: Tradisjonell a-bøyning i ulike undersøkingar .....	99
Tabell 21: Tradisjonell <i>e</i> -ending (supinum/adjektiv) i ulike undersøkingar .....	100
Tabell 22: Lågfrekvente tradisjonelle formverkstrekk .....	102
Tabell 23: Lågfrekvente tradisjonelle enkeltord og vokalvariantar .....	104

## Forkortinger

FD: Forsvarsdepartementet

HOD: Helse- og omsorgsdepartementet

LBK: Leksikografisk bokmålskorpus

NF: Nynorsk frekvensordbok

NON: Norsk Ordboks Nynorskkorpus

UD: Utanriksdepartementet

# 1 Innleiing

## 1.1 Motivasjon og val av tema

Gjennom fleire år med utforsking av kva nynorsknorm som passar for meg personleg, har eg i aukande grad lagt merke til korleis andre skriv, og lurt på korfor dei skriv nett slik. Eg lært raskt at det fanst ein del valfridom å navigera i, men samtidig blei det klart for meg at sjølv om det stod på papiret (etter kvart på internett) at formene var likestilte, så var det nokre former eg møtte mykje oftare enn andre. Særleg to markørar, som òg kjem att fleire stadar i denne oppgåva, beit eg meg merke i: subjektsforma i 1. person fleirtal; *me/vi* og infinitivsendingane. Eg såg sjeldan *me* og a-infinitiv i lærebøker, avisar, offentlege skriv eller skjønnlitteratur. Dette gav meg kjensla av at ei teoretisk likestilling ikkje blei gjennomført i praksis. Også situasjonen i bokmålsrettskrivinga, der brukarane oppfattar at det finst to ganske tydeleg definerte varietetar med tilhøyrande konnotasjonar om mykje og lite prestisje, gjorde meg interessert i å finna ut om noko liknande kunne vera tilfelle for nynorsken sin del. I masteroppgåva si frå 2014 viser Kjersti W. Kola at skribentar brukar tradisjonelle bokmålsformer i 84 prosent av tilfella. Funna gjorde meg nysgjerrig på kva ei tilsvarende undersøking av formvala i nynorsk ville visa.

Som skriftspråk har nynorsk hatt ganske andre føresetnadar enn det bokmålet har hatt. Klaus Johan Myrvoll (2014: 49–50) skriv:

... nynorsken var mindre stabil i utgangspunktet. Det var eit relativt ungt skriftspråk og hadde ikkje den lange litterære tradisjonen som riksmalet hadde attende til dansk. Det hadde òg vore gjennom mange rettskrivingsendringar på 1900-talet, noko som hadde hindra eit skriftbilæte å festa seg retteleg (...). Dei stendige tingingane um kva som skulde vera korrekt nynorsk, førde truleg til at færre reagerte på at gamle former gjekk ut og at nye kom til. Nynorsk var eit relativt ope og fleksibelt språk.

Myrvoll skriv at reformene har hindra eit stabilt skriftbilde frå å festa seg, og dette mogleggjer at det er andre former enn dei tradisjonelle som har oppnått status som dei ”vanlegaste” i nynorsk rettskriving. Om ein ikkje les nynorsk litteratur eller saker på nynorsk i media, er det stor sjanse for at ein likevel blir eksponert for nynorsk frå det offentlege, som er pålagt å bruka begge målformene. Kva slags nynorsk som blir produsert her, kan dermed ha stor innverknad på kva språkbrukarar flest oppfattar som ”normal” nynorsk. Derfor ynska eg å undersøka kva slags nynorsk dei skriv i statleg samanheng særskilt.

Departementa sjølve er medvitne om at måten dei skriv på, har innverknad på språkbruken til andre. I stortingsmeldinga *Mål og mening* skriv Kultur- og kyrkjedepartementet: ”Formålet er først og fremst å streka under at det må stillast særleg strenge krav til godt og korrekt språk innanfor det øvste statsapparatet, fordi *dette lett vil framstå som førebilete for andre.*” (2008: 192, mi uth.) Sjølv om stortingsmeldingar ikkje er blant dei dokumenta frå det offentlege som blir lesne oftast av ”vanlege folk”, er det grunn til å tru at språket i departementa er representativt for anna statleg språk, som i større grad når ut til innbyggjarane, til dømes i institusjonar som NAV, Altinn og Skatteetaten. I tillegg er det slik at dersom ein innbyggjar først leitar opp eit statleg dokument, vil ho forventa at språket i ein slik tekst er korrekt og trygt kan brukast til etterfylging. Og dei som faktisk les desse dokumenta (i tillegg til andre statleg tilsette), er gjerne dei som i neste omgang er mektige normeringsagentar sjølve, nemleg pressefolk og politikarar. Den *potensielle* normeringsmakta departementsspråket har, er dermed stor.

Statleg forvaltning er eit massivt apparat. Ein tredjedel av norske arbeidstakrarar er tilsette i offentleg sektor (Kultur- og kyrkjedepartementet 2008: 80), og ein sentral del av eksistensgrunnlaget til institusjonane som finst der, er at desse er tenestetilbod til befolkninga: Staten er først og fremst til for folket, og dei statlege institusjonane skal drifta ulike delar av samfunnet på vegner av innbyggjarane. Det ligg i eit slikt mandat at desse stadane bør vera opne, nøytrale og ikkje diskriminerande. Dermed bør òg språket dei brukar der, vera attkjenneleg for og tilpassa dei mottakarane dei statstilsette kommuniserer med. Når offentleg forvaltning etter lova er påkravd å bruka kvar av målformene i minst 25 prosent av tilfella, og dei kan skriva fritt innanfor læreboknormalen, der det framleis var ein god del valfridom fram til 2012, er det i utgangspunktet ingenting som tilseier at dei skal føretrekka enkelte av dei valfrie formene framfor andre. Likevel har eg fått inntrykk av at det er slik, dels ved å lesa offentlege dokument i ulike samanhengar, dels ved å sjå korleis valfridommen blir utnytta av andre sentrale språklege aktørar, som pressa og forлага. Dersom det viser seg at statsforvaltninga faktisk føretrekker enkelte former blant dei valfrie, vil det i praksis bety at det finst ei husnorm i departementa – ei uoffisiell norm som ikkje er nedfelt i mållova som dei skal fylgja, men som likevel blir praktisert. Mange av dei som arbeider med språknormering og statleg språkpolitikk til dagleg, vil nok ikkje bli så veldig overraska om det er slik – også Språkrådet har peika på at staten i enkelte tilfelle føretrekker visse former framfor andre (2011: 34). Eg meiner likevel det er eit sjølvstendig poeng å prøva å påvisa korleis tilhøva er, ved hjelp av handfaste tal. Viss statleg tilsette hovudsakeleg legg seg på éi

linje innanfor læreboknormalen, vil det i så fall bety at det offentlege nører opp under ei utvikling som Språkrådet er kritiske til: nemleg at uoffisielle normeringsorgan, tidvis enkeltpersonar, er med og styrer den offisielle språknorma i ei bestemt retning (Norsk Språkråd 2002b: 27–28). Helge Omdal (1999: 194) skriv at ”[d]et er også et demokratisk krav at den som bruker det offentlig normerte språket, må sikres retten til å kunne praktisere det fullt ut i det norske samfunnet.” Viss det offentlege i praksis har husnormer der berre nokre av dei likestilte formene i nynorskrettskrivinga er tillatne, vil ikkje ein tilsett som skriv ein nynorsk prega av *andre* former, oppleva at ein slik demokratisk rett finst for han. På bakgrunn av dette ville eg kartlegga den nynorske formbruken i staten i ei korpusundersøking, for å sjå om eg kan slå fast, basert på frekvens, at enkelte likestilte former har fått forrang framfor andre i statleg språkbruk. Staten har gjennom lova og uttalt politikk pålagt seg sjølv å fylgja mållova, men òg å forvalta det norske språket slik at det har eit trygt og solid bruksgrunnlag no og i framtida (Kultur- og kyrkjedepartementet 2008: 186–187). Kva slags språklege formval departementa gjer, sender signal til språkbrukarane om kva som er god og riktig nynorsk, og kva verd dei meiner det nynorske språket har.

## 1.2 Forskingsspørsmål

Basert på inntrykka eg har fått av det offentlege språket, er utgangspunktet mitt at nyare nynorske ordformer er meir nytta i statleg tekstproduksjon enn likestilte former som er meir utprega, eller tradisjonelle, nynorske. Eg har derfor formulert tre forskingsspørsmål som eg ynsker å sjå nærmare på i denne oppgåva:

**Forskingsspørsmål 1:** Er det slik at nyare likestilte nynorske former innanfor læreboknormalen er meir nytta enn dei tradisjonelle i statleg forvaltning?

**Forskingsspørsmål 2:** Er det på bakgrunn av funna grunnlag for å seia at det eksisterer ei uoffisiell norm i departementa – ei statleg husnorm?

**Forskingsspørsmål 3:** Kven og kva har innverknad på kva slags former som blir del av ei slik husnorm, viss det kan påvisast at ho finst?

Det fyrste spørsmålet skal eg forsøka å svara på gjennom ei korpusundersøking der eg søker etter ulike ord- og bøyingsformer, og på bakgrunn av desse søka finn fram til prosentvise frekvensar for bruken av tradisjonelle og nyare likestilte former. Når desse tala er samanfatta i kapittel 5, er det grunnlag for å svara på forskingsspørsmål 2 i kapittel 6: om det finst ei

husnorm i offentleg forvaltning. Når det gjeld forskingsspørsmål 3, vil eg prøva å komma med forslag til kven som mest truleg har innverknad på dei nynorske husnormene som oppstår i departementa, og kva slags former som blir føretrekte, viss eg har påvist at slike husnormer finst. Også forskingsspørsmål 3 tar eg for meg i kapittel 6. Undersøkinga er i hovudsak deskriptiv: Eg vil kartlegga korleis den statlege formbruken *er*, basert på faktisk språkbruk. Samtidig vil eg i samband med forskingsspørsmål 3 prøva å gje nokre tentative forklaringar på kven og kva som har innverknad på prosessen der særskilte former blir valde eller valde vekk. Dette meiner eg samtidig det er behov for å undersøka nærmare i ein ny, grundig analyse som fokuserer på språkhaldningar, opplevde normer og nøytralitetsideal i statleg forvaltning.

## 1.3 Definering av termar

I oppgåva er det ein del termar eg kjem til å bruka som kan vera nyttige å definera meir presist innleiingsvis. Eg skal sjå på val av former innanfor nynorskrettskrivinga i statsforvaltninga det fyrste tiåret av 2000-talet, ei tid då dei tilsette måtte bruka læreboknormalen.

### 1.3.1 Nynorsk, målform og normal

Nynorskordboka (2012) definerer substantivet **nynorsk** slik:

**1** sidan 1929 nemning på den offisielle målforma i Noreg som har vakse fram av det skriftmålet Ivar Aasen skapte på grunnlag av norske målføre; jamfør bokmål (...) og landsmål (...) [t.d.] *skrive (på) nynorsk*

**2** i språkvitskap: norsk språk i nyare tid (etter 1500), til skilnad frå *gammalnorsk* og *mellomnorsk*

Det er altså nynorsk i den fyrste tydinga eg er interessert i; som éi av to offisielle målformer i Noreg. Lars S. Vikør (2007: 75) definerer **målform** som ein varietet av norsk som inneholder mykje variasjon, både synkront og diakront. Når målforma blir omtalt som offisiell, vil det seia at innanfor det tilfanget av former og reglar som denne varieteten (i dette tilfellet nynorsk) omfattar, er det gjort eit bestemt utval som har fått ein offisiell status, og desse utgjer ein **normal**. Det finst til dømes meir dialektnære former som ein privatperson kan bruka, men som ikkje er del av den offisielle normalen. Ein kan vidare gjera utval innanfor

normalen, og slik utforma snevrare ”delnormalar”. Det er tilfelle for læreboknormalen, som står sentralt i denne undersøkinga.

### **1.3.2 Hovudformer, sideformer, klammeformer og læreboknormal**

Variasjonen innanfor den offisielle nynorsknormalen har heilt sidan den fyrste offisielle rettskrivinga vore systematisk inndelt. I 1901 vedtok Stortinget at Hægstad-normalen utgjorde den offisielle rettskrivinga, mens elevar kunne velja mellom *anten* Hægstad-normalen *eller* midlandsnormalen, som var to separate system (desse vil bli nærmare omtalte i 2.1). I 1910 og i 1917-rettskrivinga kom det meir valfridom inn i Hægstad-normalen, og valfrie skriveformer blei då oppstilte i klammer [...] i ordlistene og grammatikkane, mens dei andre endringane som blei gjort, var obligatoriske. I 1938-reforma blei det etablert eit klart skilje mellom **hovudformer** (som var eit snevrare utval av former innanfor rettskrivinga, og som måtte brukast i lærebøkene i skulen), og **sideformer** (alternative ord og bøyingsformer til hovudformene, som kunne brukast av skuleelevar, men ikkje i lærebøker). Lærebøkene skulle berre nytta hovudformer, slik at elevane kunne møta eit relativt einskapleg skriftbilde. Dei skulle altså kunna sjå eit homogent skriftsystem på prent, men sjølve få lov å bruka eigen dialekt som utgangspunkt for skriveopplæringa, innanfor det som blei kalla den ”vide” rettskrivinga (både hovud- og sideformer). Sideformene blei òg kalla **klammeformer** etter oppstillinga i ordbøker, der desse formene stod ført opp inni klammer, slik: *no [nå]*.

I 1959 blei det utvikla ein **læreboknormal**, der ein forsøkte å kutta ned på valfridommen blant hovudformene. Læreboknormalen – hovudformene – skulle naturleg nok brukast i lærebøkene, men blei òg rettleiande for offentleg forvaltning, sjølv om dette ikkje var påkravt før den nye mållova tok til å gjelda i 1981. Det betyr at i perioden som eg ser på, 2000–2010, var dei statstilsette pålagde å skriva innanfor læreboknormalen; dei hadde ikkje høve til å bruka sideformer, slik elevar og ”vanlege folk” hadde. Sjølv om læreboknormalen var synonymt med ”den tronge rettskrivinga”, sidan færre former var tillatne her, var det òg ein del valfridom *innanfor* læreboknormalen, der mange former framleis var likestilte, som til dømes bruk av a-infinitiv og e-infinitiv.

### 1.3.2.1 Kven normerer?

I forkant av reformene i 1901, 1917 og 1938 sette Kyrkje- og undervisningsdepartementet ned rettskrivingskomitear som skulle utarbeida dei nye normalane. Den nyopprettet Norsk språknemnd førebuide læreboknormalen i 1959, og seinare har det vore arvtakaren Norsk språkråd, no Språkrådet, som fortlaupande har hatt ansvar for å avgjera kva som er hovud- og sideformer – altså kva som er innanfor og utanfor læreboknormalen. I 2012 blei systemet med hovudformer og sideformer avskaffa i nynorskrettskrivinga, slik det òg blei gjort i bokmål sju år tidlegare.

### 1.3.3 Varietet

**Varietet** er eit omgrep som blir nytta om eit heilt språksystem som er geografisk, sosialt eller stilistisk avgrensa. Ulike dialektar og sosiolektar kan kallast ulike varietetar av eit språk. Det er likevel slik at ein varietet kan romma ganske mykje variasjon, og ein varietet er derfor ofte ein idealisert storleik (Røyneland 2003: 16–17). I samband med norsk skriftspråk kan ein snakka om ein nyare og ein tradisjonell varietet av bokmål, sjølv om det sjeldan dreier seg om anten/eller. Til dømes vil mange skriva ”radikale” former som *sola* og *jenta* (med *a*-endingar), men samtidig *regjeringen* og *forvaltningen* (med dei meir tradisjonelle *en*-endingane) (sjå Kola 2014 for ein diskusjon av desse varietetane). Omgrepet ’varietet’ er oftast knytt til talemål, der til dømes bergensk og multietnolekt frå Oslo aust kan vera to ulike varietetar. I denne oppgåva skal eg undersøka om det finst enkelte former som blir brukte meir enn andre i offentleg forvaltning, og om summen av desse formvala kan seiast å utgjera éin avgrensa varietet innanfor nynorsk skrift – ei statleg husnorm.

### 1.3.4 Variabel, variabelgruppe, variant og formpar

I språkleg samanheng brukar me **variabel** for å referera til ei eining innanfor språket der det er mogleg med variasjon: Innanfor eit språksystem – ein varietet – kan ein velja mellom ulike former eller uttrykk for å seia eller skriva det same (Røyneland 2003: 17). Slik variasjon finn ein på fleire nivå i språket: både i ordtilfang, lydverk og formverk. Variabelen kan til dømes vera valet mellom to ulike ord som betyr det same, som *korkje* og *verken*. Variabelen kan òg bestå av to moglege skrivemåtar av eit ord, som har med fonologisk variasjon å gjera, altså variasjon i lydverket; til dømes *fyrst* og *først*; *løn* og *lønn*. Innanfor formverket gjeld variasjonen (som regel) heile grupper med ord, og eit døme er infinitivsendinga, der tre ulike system for realisering av denne endinga er moglege i alle ord som ikkje er kortverb: kløyvd

infinitiv, a-infinitiv og e-infinitiv. Dei ulike potensielle realiseringane av ein variabel kallar me **variantar**. Det vil seia at a-infinitiv, e-infinitiv og kløyvd infinitiv er variantar av variabelen ”infinitivsending”, og *fyrst* og *først* er variantar av variabelen *fyrst/først*.

Når det gjeld lydverket, kan det av og til vera føremålstenleg å snakka om variasjon mellom to lydar som gjer seg gjeldande i fleire ord, som til dømes vekslinga mellom *y* og *ø* i ord som *fyrst/først*, *ynskja/-e/ønskja/-e* (v.) og *ynske/ønske* (s.). Ein kan då seia at det finst ein variabel *y/ø* der former med *y* og former med *ø* er variantar av variabelen. Innanfor denne **variabelgruppa**, som ein kan kalla det, finst det ord som *fyrst/først*, *ynskja/-e/ønskja/-e* (v.) og *ynske/ønske* (s.). I denne oppgåva kjem eg både til å snakka om enkeltvariablar der variantane er ulike ord (*korkje/verken*); enkeltvariablar i lydverket, som *fyrst/først*; om variabelgrupper som *y/ø* og om variablar på formverknivå: infinitivsending med variantane *-a* og *-e* (kløyvd infinitiv var utanfor læreboknormalen). Eit anna ord for ’variabel’ eller summen av dei ulike variantane er **formpar**: *Fyrst* og *først* er eit formpar, som samla sett står for 100 prosent av førekommstane av variabelen *fyrst/først* (eg ser vakk ifrå eventuelle feilskrivingar av orda). Det sentrale er at det finst fleire moglege realiseringar av ulike ord og bøyingsstrek, og det er fordelinga mellom dei ulike realiseringane eg har sett på i denne korpusundersøkinga.

### 1.3.5 Tradisjonelle og nyare former

Når det gjeld omgrepene for dei ulike variantane eg ser på, kallar eg dei for høvesvis tradisjonelle og nyare former. Med tradisjonelle former meiner eg ord, bøyingsformer og bøyingsmønster som var del av nynorsknormalen før rettskrivningsreforma i 1917. Det vil seia at ein finn dei hos Ivar Aasen i *Norsk Grammatik* frå 1864 eller *Norsk Ordbog* frå 1873, eller i Hægstad-normalen. Det var i 1917-reforma at landsmålet for første gong blei normert med utgangspunkt i tilnærming til riksmål (sjølv om nokre enkeltvedtak var blitt gjort i 1910), og valfridommen auka då betrakteleg på det viset at mange nye ord- og bøyingsformer som var felles med riksmål, kom inn. Med nyare former meiner eg hovudsakeleg former som er komne inn i rettskrivinga på eit seinare tidspunkt enn dei tradisjonelle, altså i 1917 eller etter, som regel i samband med ei rettskrivningsreform. Definisjonen av omgrepene ’tradisjonell’ og ’nyare’ har eg dermed gjort på eit diakronisk – språkhistorisk – grunnlag. I nokre få tilfelle har eg plassert former som finst i ordlistene tidlegare enn 1917, i kategorien ”nyare form”, sidan det blir gjort eksplisitt greie for at forma er ny i høve til den opphavelege

landsmålsforma, som ein blir vist vidare til. I Lars Eskelands ordliste frå 1906 finn ein *haap* og *famna*, men ein blir vist til dei tradisjonelle formene *von* og *femna*. Under oppslagsordet *bli* står det: "[sjå] *verta*, som ein helst bør bruka". *Begynda* er ført opp, men det er notert at ordet er "unorskt", og svarar til "*taka til, fara til, byrja* o.fl." *Bruka* er ført opp med både a- og e-bøyning, men som me skal sjå seinare, blei e-bøyning truleg fyrst tillate i 1938-rettskrivinga.

Omgrep som 'konservative' eller 'moderate'; 'moderne' eller 'radikale' er òg vanlege i norsk språkforsking om ulike skriftspråkvarietetar. Både 'konservativ' og 'moderat' er til dømes mykje nytta om den tradisjonelle bokmålsvarieteten (Kola 2014: 7). Eg kunne brukt omgrepet 'konservativ' om dei tradisjonelle formene, men 'konservativ' blir gjerne stilt opp som det motsette av 'radikal', som eg ikkje ynsker å bruka. 'Moderat' gjev ein assosiasjon til at noko ikkje er ytterleggåande, eller at det er tona ned, og eg synest heller ikkje dette omgrepet høver godt for å skildra tradisjonell nynorsk.<sup>1</sup> Alle dei tre omgrepa ('tradisjonell', 'konservativ', 'moderat') er brukte i normeringslitteraturen for å omtala dei eldste formene i rettskrivinga, men både Riise-nemnda (Språkrådet 2011), Sandøy-nemnda (Norsk Språkråd 2002b), Myrvoll (2014) og Holm og Munkvold (2013) brukar omgrepet 'tradisjonell'. Det gjer òg Vikør (t.d. 1999), sjølv om han fleire stadar (t.d. 2003) brukar det parallelt med 'konservativ'.<sup>2</sup> Både når det gjeld 'moderne' og 'radikal', meiner eg at desse nemningane ikkje heilt representerer den varieteten eg ser på i undersøkinga mi: Ei form som *vi* er verken særlig moderne eller radikal i nynorsk samanheng, men forma er likevel *nyare* i rettskrivinga enn den tradisjonelle forma *me*. Riise-nemnda valde å skilja mellom 'tradisjonell' og 'nyare' då dei utforma 2012-rettskrivinga: "I mange av rettskrivingsspørsmåla me har oppe, må me gjera ei vurdering av ei tradisjonell form og ei nyare form." (Språkrådet 2011: 185) Eg har valt å nytta dei same termene – eg opplever dei som innarbeidde i normeringslitteraturen, og semantisk dekker dei dei kvalitetane ved formene eg ynsker å fokusera på.

## 1.4 Det formelle grunnlaget for målbruk i staten

Allereie i 1885 blei det bestemt at dei to skriftspråka skulle vera likestilte i det offentlege Noreg. I 1930 kom den fyrste mållova, som omtalte bruken av bokmål og nynorsk i

---

<sup>1</sup> I ein e-post frå Utanriksdepartementet brukar avsendaren dette omgrepet om *bokmålsnær* nynorsk.

<sup>2</sup> Det er viktig å presisera at 'tradisjonell' er noko anna enn 'tradisjonalistisk', som har blitt nytta som definisjon av ei privat nynorsknorm der skrivarane held seg til dei mest tradisjonelle av formene frå 1917-normalen (m.a. i-mål).

statsforvaltninga, og det blei slått fast at statstilsette skulle bruka begge mål i tenesta. Ei ny mållov kom på plass i 1980, gjeldande frå 1981, etter fleire tiår med vantande nynorskbruk i staten. Lova seier i § 1 at ”[b]okmål og nynorsk er likeverdige målformer og skal vere jamstelte skriftspråk i alle organ for stat, fylkeskommune og kommune.” Føremålsparagrafen omfattar staten, kommunar og fylkeskommunar, men dei detaljerte reglane i mållova gjeld berre for statleg forvaltning. Vidare står det i § 4 at tilsette ”... i embete eller statstenestepost der skriftleg utforming er del av tenesta, pliktar å nytte bokmål og nynorsk etter dei reglane som til kvar tid gjeld for målbruk i statstenesta.” Lova seier i § 8 at statsorgan som har heile landet som tenestekrets, må syta for at rundskriv, kunngjeringar, informasjonstilfang og liknande som organet lagar, vekslar mellom målformene slik at det blir ei *rimeleg kvantitativ fordeling mellom dei*. I 1987 kom Forskrift for målbruk i offentleg teneste, der mållova er nærmare skildra, og i forskriften § 6 blir det slått fast at ”[f]or tilfang etter § 8 første ledd i lova vil ei rimeleg kvantitativ fordeling seie at ingen av dei to målformene skal vere representert med mindre enn 25 %.” Statstilsette er altså pålagde å nytta begge målformer, og alle statsorgan som er underlagde lova, skal produsera tekst på minst 25 prosent av kvar målform. Det blir understreka i forskriften, § 1, at kvart statsorgan har ”... ansvaret for at dei tilsette innan rimeleg tid får nødvendig opplæring i bokmål og nynorsk”.

Når det gjeld *kva slags* bokmål og nynorsk dei skriv i det offentlege, anbefalte Norsk språkråd, i samband med at bokmålsrettskrivinga blei liberalisert i 1981, at læreboknormalen skulle gjelda også i offentleg teneste. I stortingsmeldinga som omhandla endringar i rettskrivinga og læreboknormalen for bokmål, sa departementet seg samd i den vurderinga (Kyrkje- og undervisningsdepartementet 1981: 11). Dette blei fastsett i Forskrift om endring av rettskriving m.v. i 1982, som presiserte at ”[l]æreboknormalen for bokmål og nynorsk skal leggjast til grunn for språkbruken i statstenesta seinast frå 1. juli 1982.” Det var altså ikkje før tidleg i 1980-åra at det blei formalisert i skrift at også statsforvaltninga skulle fylgja læreboknormalen. Likevel har nok dette vore praksis lenge: Ifylgje Almenningen et al. (2002: 155) var det slik at den nynorske språkbruken i offentleg forvaltning konsoliderte seg og i hovudsak fylgde læreboknormalen frå 1959.

## 1.5 Sentrale kjelder

Som eg skal komma nærmare inn på i kapittel 4, har eg brukt formvalundersøkingane til Åse Wetås (2001a) og Lars S. Vikør (1995a) som grunnlag for dei formene eg sjølv har valt å sjå

på, og eg har òg hatt mykje hjelp av 2002-innstillings til Sandøy-nemnda og 2012-innstillings til Riise-nemnda (begge på oppdrag frå Språkrådet) i dette arbeidet. Desse innstillingane blei laga som grunnlagsdokument for nye rettskrivingsreformer, men innstillinga til Sandøy-nemnda blei aldri implementert, sidan departementet avviste dei endringsforslaga som blei presenterte der (meir om dette i 2.6). Innstillingane inkluderer òg ein del normeringshistorie som har vore nyttig. I tillegg har eg nytta 1965-utgåva av Aasens *Norsk Grammatik* frå 1864 og Kristoffer Kruken og Terje Aarssets nyutgjeving *Norsk Ordbog* frå 1873 [2003] for å finna opplysningar om formene slik Aasen skreiv dei, i tillegg til ordbøkene til Hans Ross (1895 [1971]) og Steinar Schjøtt (1909 [1926], 1914) i dei tilfella der formene ikkje har funnest hos Aasen. Vidare har eg brukt dei offisielle rettskrivingane frå 1917, 1938 og 1959 som kjelder for rettskrivingsvedtak. Av ordlistene frå tidleg på 1900-talet har eg i hovudsak brukt ulike utgåver av Lars Eskelands *Norsk rettskrivingsordbok* (1906, 1912 og 1924), saman med hans *Norsk ordliste* frå 1921. Av ordlistene som fylgjer 1938-reforma, har eg nytta Einar Breidsvoll og Knut Liestøl si frå 1938, utgjeven på Samlaget. Denne er den fyrste av dei såkalla 'samlagsordlistene': Samlaget har sidan 1938 vore ein fast utgjevar av oppdaterte ordlister for nynorsk. I 1959 gav Breidsvoll og Alf Hellevik ut ei ordliste basert på endringane etter læreboknormalen – den andre utgåva av samlagsordlistene. Frå 1962 var Hellevik redaktør for desse ordlistene aleine, og særleg dei siste utgåvene (1996, 2000, 2005) har eg brukt mykje for å rökja etter statusen til dei ulike formene i perioden eg undersøker. Når det gjeld grammatikken, har den andre utgåva av Olav T. Beitos *Nynorsk grammatikk: Lyd- og ordlære* frå 1986 vore svært nyttig. I jamføringa med bokmål har eg brukt 2. reviderte utgåve av *Norsk ordbok: bokmål* frå 1996, utgjeven på Cappelen forlag.

Særleg tidleg på 1900-talet er det ikkje alle sider ved rettskrivinga som er så enkle å få tak i: I *Den nye rettskrivning. Reglar og ordlistor utarbeidde ved Den departementale rettskrivningskomite. II Landsmål* frå 1918 – den offisielle nye rettskrivinga – er det ofte berre tatt med døme på endringar. Det er ikkje alltid like lett å vita kva ord dei nye reglane gjeld, og kva ord dei ikkje gjeld. Det er til dømes skildra at blanda böying av ein del verb blir mogleg i 1917-rettskrivinga, men det er berre gjeve nokre få døme på kva slags verb det er snakk om. Allereie i 1906-ordlista til Eskeland er *bruka* ført opp med blanda böying, men ordet blir likevel brukt som døme på eit ord det er *aktuelt* å gje blanda böying i samband med 1938-reforma. Vikør har i si oversikt over valfridommen i nynorsk (1995b: 45) støytt på det same: "1917-rettskrivinga var i det heile så uklart formulert at det er vanskeleg å finna ut av

ho.” Ein skal altså ha både tolmod og ein god porsjon språkkunnskap for å slutta kva som har vore dei tillatne formene i enkelte tilfelle.

## **1.6 Strukturen i oppgåva**

Eg gjev eit oversyn over utviklinga i rettskrivinga og stoda for målbruken i staten i kapittel 2. Her presenterer eg òg den forskinga som er gjort på valfridom og formval i ulike sjangrar både i nynorsk og bokmål. I kapittel 3 vil eg gjera nærmare greie for nokre teoretiske synspunkt på kva slags ytre faktorar som påverkar formvala til dei som skriv, og ser særleg på møte mellom majoritetsspråk og minoritetsspråk, ulike normeringsagentar i det Helge Sandøy (2003a) kallar ”den norske normeringssirkelen” og eigenskapar ved avsendarar og mottakarar som kan vera sentrale for å forstå språkvala som blir gjort i staten. Eg presenterer òg ei inndeling av ulike nynorskvarietetar som har blitt nytta ein del i normeringslitteraturen. I kapittel 4 gjer eg greie for metoden eg skal bruka: korpussøk og frekvensframstilling, mens eg i kapittel 5 presenterer resultata eg har komme fram til, delt inn i kategoriane ’enkeltord’, ’lydverk’ og ’formverk’. Til slutt diskuterer eg funna i kapittel 6, og legg fram nokre tentative forklaringar på korfor departementsnynorsken ser ut som han gjer, med bakgrunn i dei omtalte normeringsagentane, utsegner frå departementa sjølve og omgrep som nøytralitet og ”markertheit”. I kapittel 7 samanfattar eg oppgåva, før eg føreslår nokre område knytt til temaet i oppgåva eg meiner det vil vera interessant å sjå nærmare på innanfor språkbruksforskinga.

## 2 Bakgrunn

Bruken av nynorsk og bokmål i staten, skulen og media er godt dokumentert, men undersøkingar knytt til utnytting av valfridommen *innanfor* skriftspråksnormalane finst det færre av. Eg vil i denne delen gå gjennom utviklinga til den nynorske rettskrivinga, med særleg fokus på i kva grad det har vore valfridom i rettskrivingsnormalen, og kva slags valfridom som har vore tillaten, sidan denne utviklinga ligg til grunn for valfridommen på 2000-talet. Gjennomgangen tar utgangspunkt i dei ulike statlege rettskrivingsreformene, og punkta 2.1 til 2.5 + 2.7 baserer seg i all hovudsak på *Språk og samfunn gjennom tusen år* av Almenningen et al. (2002) og på 'Valfriheita i nynorsk i historisk perspektiv' av Vikør i *Norma i nynorsk. Debatt* (1995), der ikkje anna er spesifisert. Undervegs kommenterer eg kva status nynorsken har hatt i den sentrale forvaltninga. Avslutningsvis vil eg sjå på nokre av dei undersøkingane som finst om utnytting av valfridom i nyare tid, både innanfor bokmåls- og nynorsknormalen. Det gjeld først og fremst granskningar av den vide rettskrivinga, men òg Karianne Borges hovudoppgåve om formval i NRK-tekstinga (2004) og delar av Åse Wetås' undersøking av publisert materiale på nynorsk (2001a).

### 2.1 Landsmålet på 1800-talet og fram til 1905

Det aukande nasjonale medvitet på 1800-talet tvinga fram ein diskusjon om kva det norske språket skulle vera. Det var i dette kulturelle og politiske klimaet at Ivar Aasen starta sitt innsamlingsarbeid til det som skulle bli landsmålet. Aasen la fram *Det norske Folkesprogs Grammatik* i 1848 og *Ordbog over det norske Folkesprog* i 1850. I grammatikken gjorde han greie for lydverk, bøyingsverk, ordlagning og syntaks, mens i ordboka, som han sjølv såg på som hovudverket, gav han systematiske opplysningar om kjønn, bøyning, utbreiing, tydingsskilnadar og ulike seiemåtar av orda. Utgjevingane frå 1848 og 1850 var systematiske oversyn over dei norske målføra i alle landsdelar og samanhengen mellom dei; på dette tidspunktet hadde han enno ikkje funne eit einskapleg system for bøyninga i ordklassane eller skrivemåten av dei ulike orda. I 1850 fekk han eit fast statsstipend og sette i gang med neste oppgåve: å setja opp ei normalform for det nye norske folkemålet.

Aasen hadde svært lite valfridom i normalen han utarbeidde, slik han ser ut i dei oppdaterte verka *Norsk Grammatik* (1864) og *Norsk Ordbog* (1873). Sjølv om han presenterer mange ulike ordformer og seiemåtar, rår han stort sett alltid til éi form som bør brukast:

I den hele Sammenstilling af Ordformer og Bøiningsformer bliver det nødvendigt at stræbe efter en *Eenhed*, saa at der ikke bliver opstillet flere Former i Stedet for een, da dette vilde føre Sproget tilbage til Landskabsmaalenes Stilling og saaledes gjøre det vanskeligt at lære. En fast og stadig Sprogform er nødvendig til skriftlig Brug (...). (Aasen 1864 [1965]: 339, uth. i original)

Han la vekt på å understreka *einskapen* i dei norske målføra heller enn mangfaldet. Noko valfridom finst: I 1873-utgåva av *Norsk Ordbog* er til dømes verbet *skapa* ført opp med både a-bøyning og e-bøyning: ar – a; el. er – te, men slike tilfelle var ytst få.

12. mai 1885 gjorde Stortinget prinsippvedtak om å jamstilla landsmålet med det danske skriftmålet i det offentlege livet. For fyrste gong blei det slått fast at det norske folkespråket, landsmålet, skulle vera eit offisielt språk på linje med riksmål, og Almenningen et al. (2002: 87) kallar avgjerda ”det viktigaste språkpolitiske vedtaket som er gjort i Noreg”. I 1898 sette Kyrkje- og undervisningsdepartementet ned ei rettskrivingsnemnd for landsmålet, som bestod av Marius Hægstad, Arne Garborg og Rasmus Flo. Dei skulle legga fram forslag til ny rettskriving, men klarte ikkje å bli samde om eitt framlegg: Garborg og Flo la fram ein normal som på vesentlege punkt braut med Aasen, og som baserte seg på fjellbygdemåla på Austlandet – den såkalla ”midlandsnormalen”. Hægstad heldt fast på Aasen-normalen med nokre tillempingar, og det var dette forslaget som vann fram i departementet. Allereie på dette tidspunktet uttrykte nemnda i eit framlegg til skrivereglar for landsmål i skulen at valfridom i rettskrivinga ikkje var eit gode: Det var behov for ”... ein fast og fylgjestreng skrivemaate, ein som kann spara skulen, so mykje som raad er, for det skjeple og hefte det er, i vissa for nynæmingen, aa sjaa eitt og det same skrive snart paa ein maate og snart paa ein annan.” (Hægstad, Flo og Garborg 1899: 2) Også i riksmålrettskrivinga såg ein fort at valfridommen skapte problem: Medlemmane i rettskrivingskomiteen for riksmålet (1893) gav uttrykk for at valfridommen ”... snarere havde øget vanskelighederne end mindsket dem (...)" (sitert i Kola 2014: 14). Frå 1901 skulle ”Hægstad-normalen” vera offisiell rettskriving av landsmålet i skule og administrasjon, mens elevar som ville, kunne nytta midlandsnormalen. Det var altså ein viss valfridom tilgjengeleg for skuleelevar allereie då, men berre *mellan* dei to normalane, ikkje innanfor kvar av dei.

## 2.2 Landsmålet etter 1905

Unionsoppløysinga styrkte målreisinga: Mange skulekretsar og kyrkjesokn nytta høvet til å gå over til landsmål, særleg då endringar i riksmålet i 1907 uansett kravde innkjøp av nye

lærebøker. I 1913 fekk stortingsrepresentantar rett til å bli siterte på landsmålet. I 1908 var det blitt sett ned eit utval for å sjå på moglegheitene for ortografisk utjamning i ord som var sams i dei to skriftspråka. Utvalet enda opp med å føreslå endringar i både lydverket (t.d. dobbelt konsonant og diftongar i riksmålet) og formverket (t.d. korte infinitivsformer og e-infinitiv i landsmålet). Nokre av endringane blei gjennomførte i landsmålet allereie i 1910: Innanfor Hægstad-normalen kunne ein no skriva *ei gjenta/gjentorne* eller *ei gjente/gjentone*; *hestarne* eller *hestane*; *brjota/frjosa* eller *bryta/frysa*. I 1913 oppnemnde Kyrkje- og undervisningsdepartementet ein komité som skulle arbeida med ei rettskrivingsreform for begge målformene. Instruksen sa at komiteen skulle jobba for den "... størst mulige tilnærmelse mellom vort lands to skriftsprog gjennem en sund, naturlig og lovmæssig utvikling av dem begge." (sitert i Almenningen et al. 2002: 103)

## 2.3 1917-reforma

Allereie tidleg på 1900-talet ser det ut til at det rådde ei oppfatning om at riksmålet hang saman med modernitet, og landsmålet med tradisjonalisme, slik eg skal komma nærmare inn på i 3.1: 1913-komiteen skulle syta for at riksmålet blei nasjonalisert og demokratisert, mens landsmålet måtte moderniserast. Samtidig var styresmaktene klare på at dei på sikt ynskte seg eitt skriftspråk i landet. 1913-komiteen fekk i oppgåve å finna ord som kunne skrivast på same måte i dei to måla, og sjå om det var mogleg å lempa litt på formverket, for å oppnå ytterlegare likskapar. Komiteen fekk ikkje gjort stort, og då leiaren Alf Torp døydde i 1916, blei det utnemnt ein ny. Framlegget frå denne var klart seint i 1917. I begge skriftspråka skilde komiteen mellom obligatoriske og valfrie endringar i høve til gjeldande rettskriving. Valfrie former i landsmålet var mellom anna *-a* ved sida av *-i* i bunden form av sterke hokjønnsord (*sola/soli*); det same for inkjekjønn fleirtal (*husa/husi*); endinga *-er* i fleirtal av svake hokjønnsord ved sida av *-or* (*viser/visor*) og e-infinitiv ved sida av a-infinitiv (*å kaste/kasta*). Det var eit mål for komiteen å finna fram til former som var sams i riksmål og landsmål, og som ei naturleg fylgje var mange av dei nye tillatne formene i landsmålet identiske med, eller likna, dei som òg fanst eller samtidig blei innførte i riksmålet. Også her var meininga at den radikale normalen (dei nye tilnærtingsformene, som var ført opp i klammer) skulle fungera som ein heilskap, slik at elevane hadde valet mellom ein tradisjonell normal og ein radikal – men ikkje valfridom innanfor dei to normalane (Norsk Språkråd 2002b: 16).

Valfridommen etter 1917-rettskrivinga var stor. Endringane var nokså omfattande og gjaldt både ortografi og bøyingsformer. Det blei no eit viktig stridsspørsmål kva for nokre former som skulle nyttast i lærebøkene i skulen, og det rådde mykje uvisse om kva former som eigentleg var tillatne, og kven som bestemte det. Mange kommunar tok i bruk landsmålet som offisielt mål tidleg i 1920-åra, og overgangen til landsmål i lokaladministrasjonen gjorde det etter kvart nødvendig for styresmaktene å utforma reglar og føresegner for offentleg målbruk. Dette gjaldt òg i den statlege forvaltninga. Her hadde landsmålet vore lite i bruk, mykje fordi sentraladministrasjonen låg i Oslo: Blant dei offentlege sentrale institusjonane stod landsmålet sterkest i forsvaret, kyrkja, skuleverket og samferdselsetaten. I 1929 la regjeringa fram eit utkast til lov om målbruk i statstenesta, der ein forsøkte å regulera den statlege målbruken slik at han oppfylte kravet om likestilling frå 1885. Lova, som blei vedtatt i Stortinget året etter, slo fast at alle statstilsette som var fødde etter 1. januar 1905, hadde plikt til å bruka begge mål i tenesta. Dermed var det slått fast som eit grunnleggande prinsipp at begge målformene skulle vera likeverdige og jamstilte juridisk sett. Måljamstillinga i statstenesta blei trass i alt dette ikkje gjennomført i praksis, sjølv om bruken av landsmål (frå 1929 'nynorsk') auka ein del fram mot slutten av 1930-åra. Einfrid Perstølen skriv med ein viss satirisk brodd om korfor mange statstilsette let vera å retta seg etter det nye kravet:

Dei kunne ikkje nynorsk. Dei kunne ikkje reglane. Dei tykte ikkje det var rimeleg. Dei tykte ikkje alt var klårt i dei reglane som fanst. Kvar skulle lovi gjelde og kvar skulle ho ikkje gjelde? Dette vart brukt som påskot til å neglisjere heile lovi, også dei paragrafane som var klinkande klåre. (1987: 104)

## 2.4 1938-reforma

I 1930-åra kom det nye drøftingar om rettskrivinga, og i 1934 føreslo Venstre og Arbeidarpartiet å setta ned ei rettskrivingsnemnd med dette mandatet: "Nemndi skal koma med framlegg om 1) ei tilnærming på norsk folkemålsgrunn millom dei to måli i rettskriving, ordformer og bøygningsformer, og 2) ei avgrensing av den store mengdi av dobbeltformer (obligatoriske – valfrie) som no finst i både måli." (sitert i Almenningen et al. 2002: 117) Nemnda la fram ei tilråding i 1935. Valfridommen som blei innført i 1917, blei i utgangspunktet sett på som eit nødvendig vonde i ein prosess der skriftnormalane var i endring. Ein såg for seg at fridommen på sikt skulle bli mykje mindre. Tidleg i 1930-åra var ein samd om at valfridommen var blitt for stor, og eit av mandata til nemnda var derfor å skjera ned på talet på tillatne former (Vikør 1995c: 9–10). Dei hadde ei vanskeleg oppgåve: Skriftmåla skulle førast nærmare kvarandre, samtidig som talet på dobbeltformer skulle

reduserast. Løysinga på dei to motstridande oppgåvene var å innføra eit system med hovudformer og sideformer. *Tilnærming* hadde likevel høgste prioritet. Dei viktigaste endringane i nynorskrettskrivinga, som etter mykje kritikk og omarbeiding blei vedtatt, var obligatorisk diftong i nokre ord som hadde fått valfri monoftong i 1917 (*ein draum*, å *drøyma*); former som *da* og *enda* blei likestilte med *då* og *endå*, mens *først*, *følgja* og *skjønn* (s.) blei sideformer til *fyrst*, *fylgja* og *skjøn* (s.). Bestemt form eintal på -a av både svake og sterke hokjønnsord blei hovudform, og dei gamle formene på -i i sterke hokjønnsord (*soli*) blei sideformer, det same gjorde den bundne fleirtalsforma av inkjekjønnsord (*husi*). Endinga -er blei hovudform i fleirtal av hokjønnsord, mens -or blei sideform. Kløyvd infinitiv blei jamstilt med a-infinitiv, mens e-infinitiv blei sideform. Supinum av sterke verb fekk endinga -i som hovudform, mens -e blei sideform (*har funni* [*funne*]). Det var gjerne enkeltord (som til då hadde vore tilnærningsformer) som blei fjerna eller endra, mens valfridommen i morfologien stort sett blei ståande. Det skal nemnast at nemnda (1935: 4) kommenterte dei nye dobbeltnormalene særskilt: ”Endelig er det en forutsetning fra vår side at alle dobbeltnormalene skal være like gode, slik at ikke somme av dem skal settes i en klasse for sig og gje grunnlag for en særskilt ’læreboknormal’.”

## 2.5 Ny læreboknormal 1959

Norsk språknemnd blei skipa i 1952, og hadde til oppgåve å gje styresmaktene og ålmenta råd og rettleiing i språkspørsmål på vitskapleg grunnlag. Å fremma tilnærming mellom dei to skriftspråka var òg del av dette arbeidet. Nemnda laga i 1957 eit framlegg til ny læreboknormal. Eitt år seinare blei eit revidert framlegg godkjent i Stortinget, og den nye normalen tok til å gjelda frå hausten 1959. Læreboknormalen auka valfridommen betrakteleg, særleg når det gjaldt tilnærningsformer. Mange sideformer blei likestilte hovudformer, og gamle sideformer kom inn att. No kunne ein skriva både *høyra/-e* og *høra/-e*, *draum* og *drøm*. Mange ord som hadde hatt hovudform eller eineform med y, fekk no sideform eller hovudform med ø: *bytte* [*bøtte*], *følgja/-e* [*fylgja/-e*], *fyrst* eller *først*. Dobbel m blei hovudform i mange ord som tidlegare hadde hatt enkel: *gammal* [*gamal*], *sommar* [*sumar*]. No blei e-infinitiv igjen hovudform ved sida av a-infinitiv, mens kløyvd infinitiv blei sideform. I supinum av sterke verb blei formene -i og -e likestilte. Ord som *skole* og *søndag* kom inn som likestilte hovudformer til *skule* og *sundag*. I forordet til *Ny læreboknormal* står det: ”I alle lister er brukta alfabetisk oppstilling. Det gjelder også for bøyingsendelser og jamstilte lærebokformer. *Rekkefølgen sier altså ingenting om at den ene eller andre formen*

*bør foretrekkes.”* (Norsk språknemnd 1959, mi uth.) Almenningen et al. skriv at ”[I]æreboknormalen vart vedteken i Stortinget (...) og gjord obligatorisk i lærebøker *og i offentleg teneste.*” (2002: 141, mi uth.) Departementet sjølv skriv i stortingsmeldinga *Mål og mening* at læreboknormalen ikkje blei obligatorisk for statstilsette før i 1982 (Kultur- og kyrkjedepartementet 2008: 175). Utsegna viser likevel at den offentlege normalen truleg var for standard skriftmål å rekna i dei fleste offentlege samanhengar allereie i 1960-åra. Sidan intensjonen bak 1938- og 1959-reformene var å stimulera til tilnærming, var det, ifylgje Vikør, ei vag retningslinje for statstenesta at ein der skulle favorisera tilnærningsformer. Han meiner at ei uformell normering i retning tilnærming likevel må ha sluttå å gjelda etter 1970, då ”... midtlinjenynorsk hadde festa seg som det vi kan kalle prototypisk nynorsk.” (2003: 304) Omgrepene ’midtlinjenynorsk’ vil bli nærmare drøfta i 2.8.1 og 3.3.2.

Sjølv om valfridommen i utgangspunktet hadde blitt rekna som ei mellombels løysing på vegne mot samnorsk, endra haldningane seg i 1960- og 70-åra. Valfridommen blei no sett på som eit gode; eit middel som la til rette for at ein kunne skriva talemålsnært, både på bokmål og nynorsk. Myrvoll beskrev situasjonen slik:

Nynorsken vart i 1970-åri knytt til eit individuelt frigjeringsprosjekt, der kvar skulde skriva i samsvar med eige talemål, og det gjorde det naudsynt å halda uppe den store valfridomen og eventuelt auka honom endå meir, og i alle fall var det ikkje noko mål å samla seg på eit einskaplegt, tradisjonelt grunnlag, eit språkideal som nok høvde betre med nasjonsbyggjingsprosjektet frå 1800-talet og fyrste halvdel av 1900-talet. (2014: 50)

Samtidig blei målet om samnorsk stadig fjernare. Ein ny komité, leidd av Hans Vogt, blei sett ned i 1964 for å gå gjennom språksituasjonen. Dei la fram innstillinga si i 1966, og denne blei rekna som ei nyorientering for den offisielle språkpolitikken. Dei føreslo mellom anna at Norsk språknemnd skulle erstattast av eit nytt organ utan mål om tilnærningspolitikk som del av arbeidet. Norsk språkråd blei dermed skipa i 1971. Føremålpargrafen slo framleis fast at rådet skulle ”... fremme samarbeid i dyrkingen og normeringen av våre to målformer og støtte opp om utviklingstendenser som på lengre sikt fører målformene nærmere sammen (...)" (sitert i Almenningen et al. 2002: 146), Det var likevel slutt på det aktive tilnærningsarbeidet frå 1972. I 1980 blei Lov om målbruk i offentleg teneste vedtatt, som slo fast at bokmål og nynorsk er likeverdige målformer, og skal vera likestilte skriftspråk i alle organ for stat, kommune og fylkeskommune. Då bokmålet fekk ny rettskriving i 1981, blei i praksis

samnorskankten lagt død, men det var først i 2002 at tilnærningsparagrafen i Lov om Norsk språkråd blei oppheva, og samnorsk ikkje lenger var eit offisielt mål i norsk språkpolitikk.

## 2.6 Nynorskrettskrivinga fram mot 2012

I perioden frå 1962 til 2003 gjorde Norsk språknemnd, seinare Norsk språkråd og frå 2005 Språkrådet, ei rekke enkeltvedtak når det gjaldt skrivemåtar og innføring av nye ord. Det var ikkje nokre større reformer av nynorskrettskrivinga før den siste rettskrivinga blei godkjent i 2012, men fleire mindre endringar blei gjort fortlaupande i desse åra. Mellom anna blei *a*-ending i svake hokjønnsord (*ei jente*) tatt inn igjen som sideform i 1983, og det blei valfri samsvarsbøyning av perfektum partisipp av sterke verb i 1982.<sup>3</sup> Ei ny nynorskrettskriving skulle opphaveleg vera på plass tidleg på 2000-talet, samtidig med ny bokmålsrettskriving. I 2001 sette derfor styret i Norsk språkråd ned ei nemnd som skulle førebu ei ny norm utan hovudformer og sideformer, slik det allereie var blitt bestemt for bokmålet. Nemnda blei leidd av Helge Sandøy, og etter rundar med høyringsinnspel og diskusjonar bestemte nemnda seg for å halda på systemet med hovudformer og sideformer. Dei leverte innstillinga si til Kultur- og kyrkjedepartementet hausten 2002. I 2005 godkjente departementet i all hovudsak rettskrivingsframlegget for bokmål, men avviste det som var føreslått for nynorsken. Fyrst i 2009 blei ei ny nemnd oppnemnd for å utarbeida ei ny nynorsknorm. Nemnda, som blei leidd av Grete Riise, leverte si innstilling i april 2011. Denne blei godkjent med mindre justeringar i 2012, og har gjeldt sidan august same året. Det første punktet i mandatet til Riise-nemnda var at den nye norma skulle bli "... ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer." (Språkrådet 2011: 3) Det er usemje om kor vidt dette målet om ei stram(mare) norm faktisk er nått. Både Myrvoll (2012) og Holm og Munkvold (2013) meiner at valfridommen i den nye rettskrivinga som heilskap i røynda er større no enn før, fordi det er blitt meir valfridom på systemnivå. "Typologisk valfridom er ein strukturell valfridom som ikkje veld same vanskane som annan valfridom. Det er difor fåfengt arbeid å skjera so hardt ned på nett denne typen valfridom som det nemdi gjorde, når den singulære valfridomen aukar." (Holm og Munkvold 2013: 204) Myrvoll (2014: 39) meiner òg at rettskrivinga er "... vorti meir bokmålsnær enn nokon gong ved at nemndi (...) mest konsekvent hev valt den bokmålsnære formi i tilfelle der ho faktisk stramar inn."

---

<sup>3</sup> Sjå Vikør (1995b: 46, 52) for ein kommentar til stadfestinga av tidspunktet for dette vedtaket.

## 2.7 Den statlege nynorskbruken dei siste 50 åra

I samband med behandlinga av ei stortingsmelding om språk i offentleg teneste i 1970 gav Stortinget uttrykk for at dei ålmenne rettskrivingsreglane og ikkje den trongare læreboknormalen burde leggast til grunn for målbruken i statsforvaltninga, men dette blei endra i samband med liberaliseringa av bokmålsrettskrivinga i 1981, då det blei spesifisert at dei statstilsette *skulle* fylgja læreboknormalen (Kultur- og kyrkjedepartementet 2008: 175). Sjølv om det offentlege var pålagt å bruka nynorsk etter lova om mål bruk i offentleg teneste, var likevel sentraladministrasjonen sterkt bokmålsdominert. Almenningen et al. (2002: 160) skriv at av meldingar og proposisjonar til Stortinget sesjonen 1976–1977 var 94,2 prosent på bokmål; i sesjonen 1981–82 var det tilsvarande talet 89,6 prosent og i 1984 92,5 prosent. I mållovas § 8 står det:

Statsorgan som har heile landet som tenestekrins, skal syte for at rundskriv, kunngjeringar, informasjonstilfang o.l. som organet lagar, vekslar mellom målformene slik at det blir *ei rimeleg kvantitativ fordeling* mellom dei. Dersom det einskilde organet finn grunn for det, kan slikt tilfang gjevast ut i begge målformer. (mi uth.)

I 1987 blei det fastsett i Forskrift om mål bruk i offentleg teneste at ei ”rimelig kvantitativ fordeling” mellom målformene var at minst 25 prosent av alle rundskriv, kunngjeringar, informasjonstilfang, dokument frå regjeringa til Stortinget og liknande skulle vera på nynorsk. Etter at mållova blei vedtatt, blei det sett i gang ei styrking av nynorskoplæringa i statsadministrasjonen. Det auka fokuset på nynorskoplæring blei del av ei større merksemd retta mot det offentlege språket generelt: Det blei bygt ut ei omfattande norskoplæringsteneste i statsadministrasjonen, med sikte på å få dei tilsette til å skriva enkelt og forståeleg når dei kommuniserte med ”vanlege folk”. Det blei poengtert at byråkratane ofte hang fast i gamle stilmønster (’kansellistil’) når dei skrev, fjernt frå slik folk snakka. Dette kunne skapa ei kjensle av avmakt hos mange, og i neste omgang valda uturvande stor avstand mellom styresmaktene og vanlege folk. Almenningen et al. (2002: 160) skriv at i perioden 1997–2000 var om lag 86 prosent av meldingane og proposisjonane til Stortinget på bokmål; den skeive fordelinga mellom nynorsk og bokmål i statleg bruk heldt openbert fram til tusenårsskiftet.

Les ein utdrag frå stortingsdebattar eller artiklar som handlar om utviklinga av målbruken i det offentlege (og i samfunnet elles) frå 1900-talet og fram til i dag, ser ein at i alle desse åra

har nedprioritering av nynorsken i offentleg teneste vore ei utfordring. På starten av 1900-talet var det vanskeleg å i det heile tatt få lov å bruka nynorsk, og for mange som var negativt innstilte, var det forbausande lett å la vera (Perstølen 1987: 103). Det tok 25 år, utretteleg privat engasjement og ein rettssak berre for å få nynorsk tekst inn i dei norske passa.

Motviljen mot nynorsk blant mange ansvarlege i statstenesta ser ut til å ha vore sterk. Olav Randen (1995: 26) beskrev det slik: ”I 140 år, sidan Aasen gav ut ’*Prøver af Landsmaalet i Norge*’, har styresmakter prøvt å halde nynorsken nede og å bli kvitt han. Men han har bite seg fast. I desse tider veks nynorsken (...) trass i at jamstellinga aldri, ikkje ein dag og ikkje ein time, har vore ein realitet.” Oddrun Grønvik (1987: 286) skriv at mållova frå 1930 ikkje blei fylgt, mellom anna fordi ”... det skorta på godvilje og lojalitet hos statens embets- og tenestemenn.” Ho meiner likevel at det mot slutten av trettiåra var ”... tydeleg at mykje var oppnådd for nynorsken som administrasjonsmål.” På slutten av 1900-talet blei det fleire gongar gjentatt at dei statstilsette mangla naudsynt nynorskkunnskap. Dåverande kulturminister Åse Kleveland svarte mellom anna slik i Stortingets spørjetime i 1991 på korfor nynorskprosenten i staten var så låg: ”Når offentlige organ skal begrunne hvorfor nynorsk ikke blir brukt, er nemlig det vanligste svaret vi får, at man ikke har ansatte som kan nynorsk.” (Stortinget 1991) Forskrifta til mållova presiserer i § 1 at ”[k]vart statsorgan har ansvaret for at dei tilsette innan rimeleg tid får nødvendig opplæring i bokmål og nynorsk.” Når manglande nynorskkompetanse blir trekt fram som forklaring på at mållova ikkje blir fylgt, er det tydeleg at kravet om naudsynt opplæring heller ikkje har blitt etterlevt i tilstrekkeleg grad. Samtidig har ulike statsrådar med ansvar for feltet gong på gong svart at løysinga ikkje ligg i eigne språkkonsulentar eller strengare sanksjonar, men i (mindre forpliktande) tiltak som betring av haldningar, fleire kurs og meir målretta arbeid. Dei ulike departementa rapporterer til Språkrådet kor stor del av den skriftlege produksjonen deira i ulike kategoriar som er laga på dei ulike målformene.<sup>4</sup> Dei seinaste rapportane viser at i 2011 låg den samla nynorskproduksjonen i proposisjonar og meldingar til Stortinget på 25,4; i 2012 på 26,3; i 2013 på 23,3; i 2014 på 23,1 og i 2015 på 19,9 prosent (Språkrådet 2015, 2016). Skilnadane mellom dei ulike departementa er framleis store, og nynorskprosenten har sidan 2012 vore sokkande.

## 2.8 Undersøkingar av valfridommen i nyare tid

Det er bruk av og haldningar til den *heterogene* skriftnorma – særleg blant elevar, men òg

---

<sup>4</sup> Rapporteringa gjekk til Kulturdepartementet fram til 2014.

blant lærarar, journalistar, forfattarar og vanlege språkbrukarar – som er mest undersøkt i faglitteraturen som handlar om normering av og haldninga til skriftspråk. Mange har òg sett på vanlege rettskrivingsfeil. Både Lars S. Vikør (1995a) og Åse Wetås (2001a) ser på valfridommen slik han kjem til uttrykk i skjønnlitteratur; Wetås, Gunnstein Akselberg (2003a) og Helge Omdal (1999, 2004) er blant dei som har studert korleis elevar og tilsette i skulen nyttar valfridommen, og kva haldninga dei har til han, mens Wetås i tillegg har sett på nynorskbruken i ulike avisar. Kjersti W. Kola (2014) har sett på formval i bokmål i ei rekke ulike sjangrar, mens Atle Mosling (1998) har studert bokmålsbruken i åtte norske læreverk brukt i høgare utdanning. Sjølv om Kola og Mosling ikkje har studert nynorske formval, kan funna deira kring val av tradisjonelle og nyare bokmålsvariantar vera informative for kva språk- og normideal som finst blant språkbrukarar generelt. I *Nynorsk frekvensordbok* frå 1989 har Per Vestbøstad systematisert dei vanlegaste formene i skriftleg nynorsk frå avisar, sakprosa og romanar. Ordboka er, naturleg nok, deskriptiv, og gjer ikkje forsøk på å forklara bakgrunnen for bruksfrekvensen for dei ulike formene, men ho er ofte brukt som referanse og rettleiing i dei andre undersøkingane, og også eg kjem til å jamføra funna mine med dei frekvensane som er rapporterte her.

Av granskingar som primært ser på utnyttinga av valfridommen i det offentlege eller i kor stor grad valfridommen innanfor læreboknormalen i nynorsk er utnytta, har eg berre funne éi: Karianne Borges hovudoppgåve frå 2004, der ho tar utgangspunkt i tekstinga av ulike fjernsynsfilmar og -seriar på NRK i åra 1993 og 2003, og undersøker kva slags formval tekstarane gjer. Det er nedfelt i retningslinjene til NRK at læreboknormalen skal fylgjast, også i tekstinga av ulike fjernsynsprogram. Åse Wetås har med døme frå tre lærebøker og eit par NOU-ar<sup>5</sup> i si undersøking av publisert materiale frå 2001, der språkbruken skal fylgja læreboknormalen. Utover dette er det helst slik at viss formval innanfor læreboknormalen blir kommenterte, er det i enkeltilfelle i større undersøkingar av den vide rettskrivinga. Helge Sandøy (1995: 18) skriv av den språklege fridommen i nynorsknorma ikkje gjeld dei som arbeider i statsadministrasjonen, fordi dei skal fylgja læreboknormalen. Denne utsegna tilseier at dei som har studert valfridom innanfor rettskrivinga, meiner at det ikkje finst særleg med valfridom innanfor læreboknormalen, eller at han ikkje er interessant. Sjølv om eg meiner dette ikkje stemmer, kan det kanskje forklara mangelen på undersøkingar av denne typen valfridom.

---

<sup>5</sup> Noregs offentlege utgreiingar

## 2.8.1 Formval blant forfattarar

Lars S. Vikør ser på rettskrivinga hos 29 nynorskforfattarar som skreiv i tre ulike periodar på 1900-talet; i 30-åra, 50-åra og 70-åra. Føremålet med undersøkinga er å sjå om rettskrivingsendringane som blei vedtatt, slo gjennom i praktisk språkbruk (1995a: 60). Eit av funna hans er at sideformer etter kvart blir valde vekk, særleg innanfor formverket. Eit døme på det er at i-målet forsvinn frå og med 1950-åra blant dei forfattarane som er med i undersøkinga. Der forfattarane i trettiåra utviste stor variasjon når det gjaldt pronomen, blir pronomensbruken meir einsarta blant dei seinare generasjonane, mens variasjonen blant infinitivsendingane held seg. Vikør (1995a: 60) omtalar desse som ”sjibbolettformer i språkstriden”; det vil seiå særleg sterke markørar som signaliserte kor ein stod i kampen om tilnærming, og meiner det er forklaringa på korfor ingen av endingane har ”sigra”. Supinum av svake -d(d)e-verb (t.d. *nått/nådd*) har ifylge Vikør gått gjennom ei konsolidering, der -d(d) gradvis har blitt einerådande. Ei tradisjonell form som trass alt held seg godt i hans funn, er *j*-form i substantiv og verb som hadde *j*-laus sideform. I tillegg er *e*-ending i supinum av sterke verb og nøytrum av adjektiv på -en einerådande blant forfattarane som skriv i 70-åra.

Når det gjeld dei valfrie formene *innanfor* læreboknormalen frå 1959, kommenterer Vikør funna slik:

Konsolideringstendensen verkar tydeleg her, men han går ikkje i éi retning. (...) [D]et ser ut til at visse former festar seg i bruken og dermed får status som reelle normalformer trass i at dei har ei jamstilt ”parform” i læreboknormalen, og at bruksfrekvensen og den ”umarkertheita” den gir, betyr meir enn forholdet til bokmålet og nynorsktradisjonen. (1995a: 61)

Som eg kjem tilbake til i diskusjonen i kapittel 6, er det grunn til å tru at bruksfrekvensen og den resulterande ”umarkertheita” som Vikør nemner, nettopp er fylgjer av forholdet til bokmål – ikkje ei sjølvstendig utvikling som har gått føre seg uavhengig av bokmålets prestisje. Når det gjeld forfattarane frå syttiåra, som skriv med læreboknormalen som normbakgrunn, kommenterer Vikør at med unntak av éin, kanskje to, held dei seg alle nær ei ”midtlinje” innanfor læreboknormalen. I ein annan artikkel skriv han at midtlinjenynorsk er ”... ei retning som prøver å normere mest mogleg i midten av det vide formspekteret, i retning av ei mest mogleg nøytral eller umarkert form ...” (2003: 297) Det kjem ikkje heilt tydeleg fram kva som er ytterpunktet i dette formspekteret, og kva slags former som då finst i midten

og fylgjeleg er del av midtlinja, med unntak av e-infinitiv, som han nemner eksplisitt. Han finn i undersøkinga si at forfattarane frå syttiåra (som han meiner skriv midtlinjenært) mellom anna brukar dei moderne enkeltformene *vi, begge, derfor, hos, verken, bli*; vokalvariantane *jern, lyd, lys, søndag, først, nøkkel, lykke*; dobbelkonsonant i *venn* og formtrekka kortform av infinitiv og *-d(d)* i supinum. Tradisjonelle former som står seg relativt godt, og som dermed kan reknast som del av midtlinja, er mellom anna enkeltorda *kvifor, mogen, mykje*, vokalvariantane *framand, skule, skuld, naud, høyra/-e, røyr* og supinums- og adjektivformer som sluttar på *-e*, andsynes *-i*. *J*-former og *j*-lause former er nytta like mykje, og a-infinitiv er nytta av tre forfattarar, e-infinitiv av fire, og kløyvd infinitiv av tre. Det er derfor ikkje råd å plassera nokre av variantane blant desse variablane innanfor det Vikør kallar midtlinja.

I ei av punktundersøkingane ho utførte for Norsk språkråd i samband med ny rettskriving tidleg på 2000-talet, såg Åse Wetås mellom anna på formbruken i skjønnlitteratur. Dei skjønnlitterære tendensane ho samanfattar, stammar hovudsakeleg frå Vikørs undersøking seks år tidlegare, men ho har òg sett på to tekstar frå 1980-åra. Begge forfattarane brukar i hovudsak hovudformer, men dei hallar kvar sin veg når det gjeld valfridommen innanfor læreboknormalen. Sidan det berre er snakk om to tekstar, der forfattarane kjem frå ulike dialektområde og ein del av formvala kan ha samanheng med geografisk opphav (det gjeld sjølv sagt òg forfattarane Vikør ser på), skal eg ikkje gje att funna herifrå i detalj, men det kan vera verdt å merka seg Wetås' kommentar om at teksten til Johannes Heggland (frå Tysnes i Sunnhordaland), som mellom anna nyttar a-infinitiv, *me*, ein del *-t(t)*-former i supinum og *u-* og *y*-former i ord med veksling *u/ø* og *y/ø*, er den som skil seg mest ut frå resten av det analyserte materialet (2001a: 21).

## 2.8.2 Formval og haldningar i skulen

Det er gjort mange undersøkingar av utnyttinga av og haldingar til valfridommen i rettskrivinga i skulen, både blant lærarar, lærarstudentar og elevar. Resultata er sprikande, og det er vanskeleg å seia noko eintydig om kva former som blir nytta i skulen, kva elevar og lærarar meiner om valfridommen og kor vidt han er til hjelp eller til hinder for elevane. Akselberg (2003a) finn i si undersøking at både elevar og lærarar ved ein bergenskule der nynorsk er sidemål for nær 100 prosent av elevane, etterlyser ei trongare norm med færre valfrie former. Også lærarane på ein skule på Voss, der alle elevane har nynorsk som

hovudmål, vil ha mindre valfridom, sjølv om dei er meir positive til ei heterogen skriftnorm enn sine kollegaar i Bergen. Av dei fire informantgruppene er elevane frå Voss mest positive til den heterogene norma, og også til liberalisering av ordtilfanget. Når det gjeld innlån av ord med opphav i bokmål, såkalla anbeheitelse-ord, er dei meir delte. Akselberg finn at lærarar og elevar

... som ikkje har dagleg nærkontakt med det nynorske skriftspråket, og som heller ikkje har dagleg kontakt med eit dominerande bygdetalemål, har eit konservativt syn på korleis det nynorske skriftspråket skal sjå ut. Lærarar og elevar som har dagleg kontakt med nynorsk skriftmål, og som lever i eit samfunn der eit ”lokalt” talemål dominerer, har derimot gjennomgåande eit meir liberalt syn på korleis den nynorske skriftnorma skal vera. (2003a: 86)

Akselberg meiner at elevar med bokmål som hovudmål oppfattar nynorsk som tradisjonelt og gammaldags, og at dei samtidig har mindre kunnskap om dei moderne formene i nynorsk. Han viser til Celia M. Berg (1999) og Bente Selback (2001) som begge finn at i område der bokmål er hovudmål, er haldninga til skriftmålet instrumentelt, og haldninga til ei heterogen skriftnorm er negativ. I det nynorske kjerneområdet derimot opplever språkbrukarane skriftspråksval som meir personlege, og haldninga til ei heterogen norm er meir positiv. Jan Olav Fretland (2007: 70) nyanserer dette bildet noko, og poengterer at også dei som veks opp i nynorskområde, men som er usikre i nynorsk og skiftar hovudmål til bokmål, ynsker seg ei trongare norm. Det kan sjå ut til at summen av kunnskap om norma og individuelle behov for å uttrykka seg i skrift til saman gjer at elevar med nynorsk som hovudmål jamt over er meir positive og i større grad nyttar valfridommen, mens elevar med nynorsk som sidemål har mindre kunnskap om norma og derfor held seg til tradisjonelle former, som regel innanfor læreboknormalen.

Noko av det mest slåande som kjem fram i undersøkingane av valfridommen i skulen, er at mange elevar aldri får ordentleg kjennskap til den vide norma, anten fordi lærarane sjølv ikke er støe i rettskrivinga, og derfor vel å formidla ei trong norm til elevane, eller fordi dei er negative til den store valfridommen, ser på han som ei byrde og derfor lar vera å læra han vekk. Helge Omdal (2004: 77) skriv at ein ikkje kan ”... forutsette at alle norsklærere har full oversikt over de valgmulighetene som eksisterer ...”, og basert på korleis lærarane i undersøkinga hans rettar tekstprøvane han har sendt dei, er det tydeleg at mykje av valfridommen er ukjent for dei. Han er òg inne på at mange openlyst formidlar den norma dei sjølv føretrekker (2004: 102–103). Det viser seg i tillegg at enkelte elevar som på eksamen

brukar former som ligg utanfor læreboknormalen, risikerer å få feil frå sensorane, som sjølve ikkje kjenner norma godt nok (Wetås 2001b: 2–3). Det skal nemnast at den einaste eleven som fekk beste karakter (S) på eksamen i Johansen (1999: 135) si undersøking, var ei som skreiv med dialektnære, radikale bokmålsformer. Sjølv om Akselberg finn positive haldningars til ei heterogen norm blant nokre av sine informantar, uttrykker Språkrådet (Norsk språkråd 2002a: 34) at dei som er mest positive til ei vid rettskriving, gjerne er profesjonelle språkbrukarar. Både elevar og lærarar flest verkar å sjå på mangfaldet som ei ekstra bør i ein allereie utfordrande skulekvardag, anten det gjeld å læra eller å læra vekk.

Kva slags haldningars som blir formidla om nynorsknorma i skulen, og kva oppfatning elevane har av kva som er ”greitt” eller ”normalt” å skriva, er viktig også i undersøkinga av nynorskbruken i det offentlege. Så å seia alle som jobbar i statsforvaltninga, har i si tid fått opplæring i skriftspråksnormalane i den norske skulen. Dagens elevar er morgondagens statstilsette, og viss dei har med seg ei oppfatning om kva som er ”riktig” nynorsk frå skuleundervisninga, vil denne truleg påverka formvala dei gjer i jobbsamanheng. I kva grad slike oppfatningar heng igjen hos departementsskribentane, kjem eg tilbake til i 3.2.4 om avsendarar og i kapittel 6 (diskusjon).

### 2.8.3 Formval i media

Aviser utgjer ein stor del av kjeldematerialet i undersøkinga til Wetås (2001a). I den grad skribentane gjer medvitne formval, er det i bruken av infinitivsendinga og pronomena *me/vi*, meiner ho. Sjølv om avisene har moglegheita til å nytta dialektnære former, og mange redaktørar rapporterer at dette er eit ynske og ein praksis i deira redaksjonar, viser Wetås' funn at også i avisene held ein seg stort sett innanfor læreboknormalen. Ho finn ein del variasjonen i bruken av *me* og *vi*, og dette ser iallfall delvis ut til å henga saman med det geografiske nedslagsfeltet til avisene. Ho kommenterer òg at påfallande mange av tekstane inneheld *både* a- og e-infinitiv, men i ein del av desse kan det vera snakk om kløyvd infinitiv. Elles dominerer stort sett e-infinitiv, med unntak av i avisar på Sørvestlandet, og i materialet frå Norsk Tekstarkiv, der ho meiner at ein god del av treffa kan vera forteikna. Ei av forklaringane Wetås gjev på at bruken av sideforma [*nå*] er mykje meir utbreidd enn sideforma av eit anna kort adverb; [*so*], er verd å merka seg: ”Sideforma med *å* er identisk med bokmålsforma av adv. *no*, medan sideforma av adv. *så* ikkje er det.” (2001a: 22) Sjølv om ho ikkje greier nærmare ut om dette, viser sitatet at Wetås reknar bokmålspåverknad som

ein sentral faktor for formbruken i nynorsk skrift. Ho konkluderer at variasjonen er endå mindre i formverkdelen enn i lydverkdelen av undersøkingane, men at tendensen til einsretting også er til stades når det gjeld lydverket, og då stort sett slik at formbruken fylgjer læreboknormalen. Som i forfattarundersøkinga til Vikør finst det døme på både tradisjonelle og nyare former frå både lydverket og formverket som dominerer i sine respektive formpar, men tendensen er like fullt konsolidering.

## 2.8.4 Formval i bokmål

Kjersti W. Kola (2014) har studert valfridommen i bokmålsrettskrivinga ved å gjera søk i Leksikografisk bokmålskorpus (LBK). Kjeldene i dette korpuset strekker seg frå private minnetekstar og skjønnlitteratur til sakprosa, aviser og tv-teksting. Undersøkinga hennar dreier seg i hovudsak om tradisjonelle og nyare variantar av substantiv i eintal med valfri ending *-a/-en* (*sola/solen*), inkjekjønnsord i fleirtal (*husa/husene*) og preteritumsendingar i verb som *kasta/kastet*, men ho ser òg på nokre ulike enkeltord. Ho finn samla sett at dei tradisjonelle, konservative variantane er brukte i 84 prosent av tilfella. Særleg står dei sterkt i sjangrar som biografiar, juridiske dokument, oppslagsverk og leksikonartiklar, mens nyare, radikale variantar står litt sterkare i mellom anna lærebøker; men ingen av sjangrane ho undersøker, har meir enn 19 prosent nyare variantar. *Korfor* dei tradisjonelle variantane er så mykje nytta, forklarar ho slik:

De (...) er betydelig mer frekvente enn de radikale variantene, og vil derfor sannsynligvis oppfattes som umarkerte eller nøytrale i de fleste situasjoner. (...) Det gjør dem egna i nøytralitetsstrategier, som igjen kan være egna når man kommuniserer med flere mottakere som man kanskje vet lite om, slik det ofte er i skriftlig kommunikasjon. (2014: 116)

Atle Mosling har undersøkt formbruken i åtte læreverk, og deretter intervjuat både forlag og lærebokforfattarar om haldninga til og retningslinjer for språkbruk i denne typen bøker. Han meiner at forlaga ikkje ser ut til å driva med noka uttalt form for normering – dei krev berre at forfattarane er konsekvente i språkbruken. Klarar dei ikkje det, "... får de legge seg på en norm som er midt imellom de to ytterpunktene riksmål og radikalt bokmål." (1998: 99) Ein forlagsredaktør seier at forfattarane blir rådde til å skriva eit "vanleg bokmål" om dei ikkje sjølve har ein konsekvent språkstil, og "vanleg bokmål" definerer ho som former som fylgjer læreboknormalen, og som ikkje er avstikkande (1998: 101). Fleire av lærebokforfattarane meiner sjangeren krev ein konservativ språkstil, sjølv om nokre også peikar på at eit ledig,

forståeleg språk er viktig i eit mottakarperspektiv. Gapet mellom *faktiske* og *uttalte* språkhaldningar ser ut til å vera stort blant nokre: ”[Odd] Wormnæs påpeker at han har *stor sans* for folkelig uttrykksmåte – når det er passende – liker a-former, men synes de er *støtende* på trykk i lærebøker.” (1998: 106, mine uth.) Mosling konkluderer med at lærebokforfattarane er ”... tradisjonalister på sin hals, og de viser liten vilje til å bruke ’framtidsrettede’, radikale former – de har funnet sin normalform, og den samsvarer i det store og det hele med det vi kaller moderat bokmål – det er den som er den egentlige skriftspråksnormen.” (1998: 58–59) Undersøkinga til Vikør om formbruken hos forfattarar var på oppdrag frå Språkrådet, og det kan nemnast at Egil Pettersen fekk det same oppdraget, men med bokmålsnorma som utgangspunkt. Også han fann at ”[f]lertallet av forfatterne i de tre årskullene holder seg til det vi kan kalte en moderat bokmålsform. Men i hver gruppe er det én eller et par forfattere som skiller seg ut ved å velge de radikale variantene, tilnærningsformene.” (1993: 163)

Sjølv om desse undersøkingane tar for seg bokmålsrettskrivinga, og stort sett brukar kjelder som ikkje er tvungne til å halda seg innanfor læreboknormalen, er både resultata og forklaringane dei presenterer, relevante. Skribentane i eit stor tal sjangrar føretrekker å bruka tradisjonelle variantar, og merkelappar som *nøytrale*, *vanlege* og *umarkerte* går igjen i forklaringa på korfor tradisjonelle former er så mykje meir nytta enn dei nyare alternativa. Eg meiner nett desse merkelappane er avgjerande også for nynorskbruken i statsforvaltninga, noko eg kjem tilbake til i kapittel 3 (teori) og 6 (diskusjon). Det kan òg nemnast at det er dei tradisjonelle bokmålsformene som har dominert i offentleg teneste, ifylgje Almenningen et al. (2002: 155).

## 2.8.5 Formval innanfor læreboknormalen

Dei einaste undersøkingane eg har funne av formval *innanfor* læreboknormalen i nynorsk, er Karianne Borges undersøking av formval i NRK-tekstinga: *Nynorsknormen i NRKs teksting av fjernsynsfilm* (2004) og ein mindre del av materialet til Wetås i undersøkinga hennar av publiserte tekstar (2001a). Borge har granska formvala i tv-tekstinga av ein del seriar og filmar som blei sende på NRK i to periodar: to veker i april 1993 og to veker i april 2003. Eit av føremåla med undersøkinga er å finna ut om teorien hennar om at tekstarane vel ”nøytrale” former, stemmer. Med ”nøytrale” meiner ho former som verken er veldig arkaiske og gammaldagse eller svært moderne og tilnærma bokmål (2004: 6). Sjølv om tekstarane står

fritt til å velja former innanfor læreboknormalen, viser Borge til historiske døme på at både publikum og tilsette i NRK har reagert, til dels sterkt, på bruk av radikale bokmålsformer.

Denne usemja førte mellom anna til at det i 1981 blei presisert i dei språklege retningslinjene til NRK at ”[i]nnanfor den offisielle rettskrivinga skal ein velje *dei mest vanlege formene* og i hovudsak bruke eit språk som ligg innanfor læreboknormalen.” (Tunli 1983: 184, mi uth.) I 1999 blei dette kravet om å nytta ”vanlege former” fjerna igjen, og berre påleggget om å fylgja læreboknormalen stod att, men Borge fekk opplyst av dåverande leiar av teksteavdelinga i NRK at tekstarane framleis blei oppfordra til å velja dei ”vanlegaste” formene (2004: 33).

Både når det gjeld tekstinga frå 1993 og 2003, er inntrykket at dei fleste held seg innanfor det Vikør kallar ein midtlinjenynorsk (slik han er omtalt i 2.8.1). Likskapen er størst i formverket, mens når det gjeld enkeltord og lydverk, er skilnadane litt større.

Nokre av tendensane Borge viser, er at alle tekstarane brukar formene *vi* og *begge*. I lydverket blir det mest berre nytta monoftongar i staden for diftongar, med unntak av formene *høyre* og *køyre*, og berre *ø*-former i vekslinga *y/ø* (med eitt unntak). Når det gjeld formverket, brukar alle e-infinitiv, *-t(e)* i preteritum og partisipp av e-verb (t.d. *dømma/-e*) og j-verb (t.d. *telja/-e*) og *-d(d)* i supinum. Det er stort sett nytta kortformer av infinitiv der også lange former er moglege, med unntak av nokre få verb, og ho finn berre døme på supinums- og adjektivformer med *-e*, ikkje *-i*. Av utviklingstrekk nemner ho at e-bøyning av verb er mykje meir nytta enn a-bøyning (av verb som kan bøyast på begge vis) i 2003 samanlikna med 1993, då fordelinga var jamnare. Eg kjem tilbake til mange av funna hennar i større detalj når eg diskuterer mine eigne resultat i kapittel 6. Konklusjonen til Borge er at dei aller fleste tekstarane formmessig legg seg på det ho etter Vikør kallar ein midtlinjenynorsk, der målet er at formene skal vera nøytrale, og ikkje støyta nokon vekk (2004: 78). Ho skriv òg at det på mange område blir nytta ”... mest fellesformer med bokmål, dette gjelder spesielt i formverket, men også mange forhold i lydverket.” (2004: 79)

Åse Wetås undersøker tre NOU-ar og to lærebøker på nynorsk. Alle NOU-ane brukar *vi* som personleg pronomen. E-infinitiv er nytta i to av dei, men med eit par innslag av a-infinitiv i den eine, og den siste NOU-en nyttar a-infinitiv. Det er berre brukt kortformer i infinitiv, og alle brukar supinumsformer på *-e*, ikkje *-i*. Ulike former av lemmaet *bli* er nytta mykje meir enn dei tilsvarande *verta/-e*-formene. Variantane *skole*, *først* og *kome* står for 100 prosent av treffa der *skule*, *fyrst* og *komme* kunne vore alternativ, men belegga er få. Når det gjeld dei to læreverka, brukar begge *vi* som personleg pronomen, og begge nyttar e-infinitiv, sjølv om det

har snike seg inn eit par a-infinitiv i den eine teksten. Begge verka nyttar *-de*-former i preteritum av j-verb og e-verb, men det er ikkje spesifisert om funna gjeld verb der dei to endingane var likestilte (mange hadde *-de* som hovudform). Dei brukar *-d(d)*-former i supinum av svake verb der *-t(t)*-form er eit alternativ, og dei brukar *-e*-form i både supinum og adjektiv der *-i*-form er mogleg. Det er i stor grad nyttta kortformer av verb i infinitiv, og i bruken av *bli/verta/-e* vel forfattarane eit blanda bøyingsmønster (*bli – blir – vart – vorte*). Dei to lærebökene nyttar formene *skole* og *lykke*. Ei av lærebökene brukar  $\emptyset$ -form i *ønskje*, mens den andre nyttar y-form i *ynskje* og *fyrst*. Begge vel diftong i ord som *høyra/-e*. Ei av lærebökene brukar dobbelkonsonant i *komme*, mens den andre har enkel form *kome*. Ser ein på trekk som går igjen i dei fem tekstane i materialet til Wetås der læreboknormalen skal fylgjast, er det nokre tendensar som peikar seg ut. Pronomenforma *vi* og kortformer av infinitiv er nyttta i alle tekstane, mens e-infinitiv er nyttta i fire av fem tekstar. Alle tekstane brukar forma *skole*, og  $\emptyset$ -form (andsynes y-form) er nyttta i fire av fem tekstar. Fire av dei fem tekstane har òg enkeltkonsonant i *koma/-e*, og alle nyttar supinums- og adjektivformer med *-e*, ikkje *-i*. Med unntak av enkeltkonsonant i *kome* og supinums- og adjektivformer på *-e* dominerer nyare former i svært stor grad.

## 2.8.6 Samanfatting av undersøkingar av formval

Det er mest berre bruk av og haldningars til den heterogene skriftnorma som er undersøkt til no, og i all hovudsak er det slik at også dei som kan ta i bruk den vide rettskrivinga, held seg innanfor læreboknormalen. Det ser derfor ut til at hovudformene har fått status som ”betrer” eller ”meir riktig” enn sideformene, trass at alle formene er likestilte på papiret for den jamne språkbrukaren. Variantane som finst i læreboknormalen, blir òg knytt til merkelappar som ”umarkert” og ”nøytral”, men dette gjeld rett nok ikkje alle lærebokformene, slik Vikør (1995a: 61) er inne på. Formvala blant dei som skriv nynorsk, har i tillegg konsolidert seg sidan læreboknormalen kom i bruk, slik at skriftbildet som heilskap, både i lydverket og formverket, er meir einsretta no enn før. Mest medvit er det truleg knytt til valet mellom *me* og *vi* og valet av infinitivsform. Når det gjeld bokmål, finst det ein tydeleg preferanse i forlag, avisar, statsforvaltninga og blant lærebokforfattarar for dei tradisjonelle formene. Blant dei som er pålagde å skriva innanfor læreboknormalen i nynorsk, ser det ut til at formvala til dels er tradisjonelle (diftongar, ord som *mykje*, *e*-ending i supinum og adjektiv), og dels nyare (kortformer i infinitiv, ord som *skole* og  $\emptyset$ -former der *y* er eit alternativ). *Vi* og *e*-infinitiv er nesten einerådande, og leiar for teksteavdelinga i NRK seier at det er eit ynske

at formene tekstarane vel, skal vera dei ”vanlegaste”. Helge Sandøy (1995: 18) meiner at tekstarane i NRK ikkje brukar nynorskord som ikkje samtidig er godt kjente frå bokmålet, noko Borge langt på veg stadfestar. Basert på funna til Åse Wetås og Karianne Borge ser det ut til at dei som er plikta å fylgja læreboknormalen i nynorsk, legg seg på det Vikør kallar ”midtlinjenynorsk” (ein variant som skal vera mest mogleg umarkert og nøytral), ettersom formene dei vel, i stor grad fell saman med formene til forfattarane frå syttiåra i undersøkinga til Vikør, som han definerer som midtlinjenære.

# 3 Teori

Normdanning, språkbruk og språkendringar er eit stort felt innanfor lingvistisk forsking, både på det meir tradisjonelle språknormeringsfeltet og i sosiolingvistikken. Ein viktig komponent i forskinga på korleis normer blir danna og språket blir endra, er haldninga. Det ligg utanfor ramma til denne oppgåva å gå nærmare inn på kva rolle språkhaldningar kan spela for utviklinga av ei husnorm i departementa, men ein slik studie ville vore interessant for betre å forstå dei funna som kjem fram i denne undersøkinga. Eg skal i denne delen først og fremst gjera greie for ytre faktorar som kan forklara skriftspråkbruken i statleg samanheng. Eg vil først presentera Brit Mæhlums teoriar om språkmøte – kva slags mekanismar som blir sett i gang når eit minoritetsspråk møter eit majoritetsspråk. Med bakgrunn i denne teoretiske ramma vil eg sjå på korleis slike møte kan føra til idear om at enkelte likestilte nynorskformer er meir markerte og mindre nøytrale enn andre. Eg vil òg seia litt om korleis termar som 'nøytral' og 'markert' har blitt nytta i normeringslitteraturen til no. Vidare vil eg gjera greie for korleis normer blir definerte, med vekt på skiljet mellom offisielle og internaliserte normer. Det finst i tillegg uoffisielle, felles normer på mange arbeidsplassar der språket er eit viktig verktøy, særleg i avisredaksjonar og forlag, men truleg òg i statleg forvaltning. Desse blir kalla husnormer, og eg diskuterer kor vidt slike finst i departementa. Både mottakartilpassing og avsendarstatus er avgjerande element i utforminga av ei husnorm på ein arbeidsplass, og eg prøver å definera avsendarar og mottakarar i kommunikasjonssituasjonen som oppstår i produksjonen av meldingar og proposisjonar til Stortinget, og kommenterer kva innverknad desse rollene kan ha på formvala dei statstilsette gjer. Til slutt vil eg diskutera korleis dei ulike varietetane av nynorsk potensielt kan definerast, med utgangspunkt i Lars S. Vikørs føreslårte firedeling av den nynorske norma.

## 3.1 Språkmøte – minoritet møter majoritet

Språket forandrar seg jamt og trutt, men når ulike språk møtest, til dømes på grunn av samfunnsendringar, kan det skje bråare og meir omfattande omskifte enn kva som ville skjedd i eit ”uforstyrra” tempo. Møte mellom ulike språk, der dei språka og språkbrukarane som møtest, har ulik status og prestisje, er temaet i Brit Mæhlums *Konfrontasjoner* (2007). Ho viser at språkmøte som oftast er møte mellom minoritetar og majoritetar, der lagnaden for minoritetsspråket kan vera alt frå stabil sameksistens til utradering, avhengig av kreftene og prosessane som blir sett i sving. Mæhlum meiner at språkmøte ofte lar seg forstå som

konfrontasjonar mellom ulike verdisett som blir assosierte på den eine sida med noko gammaldags og på den andre noko moderne (2007: 190). Mot slutten av boka brukar ho dette analyseapparatet på tilhøvet mellom nynorsk og bokmål. Ho slår fast at eit møte mellom tradisjon og modernitet også er beskrivande for tilhøvet mellom dei to skriftspråka her i landet. Sjølv om nynorsk opphaveleg var eit moderne prosjekt, har språket med tida blitt knytt til det rurale, perifere og tradisjonelle i oppfatninga til folk flest. Ifylgje Mæhlum må nynorsken kvitta seg med dette stempellet om det skal overleva i skuggen av den sterke bokmålsdominansen her til lands (2007: 192). Ei av dei Mæhlum refererer til i denne samanhengen, er Tove Bull, som slår fast at nynorsk er eit minoritetsspråk – ikkje overraskande når det gjeld talet på brukarar, men òg når det gjeld det asymmetriske maktilhøvet til bokmålet. Ein konsekvens av ein slik minoritetsstatus er at nynorsk i mange samanhengar vil bli oppfatta som avstikkande – noko som vik frå det ”vanlege”. Bull (2004: 37) skriv: ”Nynorsk er markert, mens bokmål er umarkert (...). Bokmål er nøytralt; nynorsk er det ikkje.” Mæhlum (2007: 197) slår fast at det er ”... bokmålet som innehavar de kvalitetene som i de fleste tilfeller blir forbundet med ’det moderne’, og som dermed er utstyrt med noen ubestridelige konkurransefortrinn på det lingvistiske markedet.” (mi uth.) Det er altså ein samanheng mellom det umarkerte og *prestisje*: Modernitet er positivt; det tradisjonelle negativt. Basert på desse resonnementa ser det ut til at eit grunnleggande trekk ved nynorsk er at det er markert og stikk seg ut andsynes majoritetsspråket bokmål. Å skriva nynorsk vil i så fall per definisjon vera ei avstikkande handling. Kjersti W. Kola (2014: 99) slår fast at dei tradisjonelle bokmålsformene har oppnått ein status som nøytrale og prestisjefulle i oppfatninga til språkbrukarar flest, fordi dei har vore lengst i rettskrivinga, og slik fått lov å festa seg som ”det normale”. Dei færreste reagerer noko særleg på språkbruken i Aftenposten, der dei skriv konservativt, mens dei fleste, også dei som skriv radikalt bokmål sjølve, truleg vil legga merke til det om ein tekst er full av *a*-endingar (Kola 2014: 1). På same måte er det grunn til å tru at dei som skriv minoritetsvarieteten av dei to skriftspråka her til lands, som regel ikkje tenker over det når dei ser bokmål på trykk, men dei vil lett registrera at nynorsk er brukt, i allfall i samanhengar der det ikkje er ei absolutt sjølvfylgje. Ein av informantane mine i ei undersøking av haldninga til nynorskvarietetar (Malmin 2016a) kommenterte at ho alltid la merke til det om ho fekk ein e-post på nynorsk, sjølv om ho er frå Sogn og Fjordane og hadde nynorsk som hovudmål på skulen.

At stebarnet nynorsk, som Anne Britt Holm (1999) kallar språket i si hovudoppgåve, har vakse opp i skuggen av bokmål, har altså, mellom anna, gjeve målforma merkelappar som

'avstikkande' og 'markert'. Eg antar at dette asymmetriske tilhøvet forplantar seg ned på formvalnivå innanfor nynorskrettskrivinga, ein prosess Irvine og Gal (2000) kallar "fractal recursivity" – reproduksjon av motsetningar. Det vil seja at motsetningane mellom språka blir kopierte og reproduuserte på eit lågare nivå. Formvala brukarane gjer, slik dei er skildra i undersøkingar refererte i 2.8, gjev grunn til å tru at det finst ei slik motsetning mellom den vide og den tronge rettskrivinga: Sjølv systemet med hovudformer og sideformer gjev eit inntrykk av at enkelte former er betre enn andre – at det finst eit kvalitetshierarki mellom dei to formnivåa. Det er ikkje vanskeleg å sjå for seg at dette tilhøvet kan forplanta seg til dei likestilte formene *innanfor* læreboknormalen, slik at språkbrukaren også her vil oppfatta at det finst nokre former som er betre enn andre, trass forsikringar i fororda til rettskrivingsreformene om at dei likestilte formene er like gode. Dersom det er slik, er det grunn til å tru at statstilsette føretrekker ein viss type former innanfor læreboknormalen. Merkelappar som 'markert', 'avstikkande', 'umarkert' og 'nøytral' blir hyppig nytta i normeringslitteraturen. Det er likevel ingen av dei granskingane eg har sett på, som forsøker å forklara *korfor* enkelte nynorske variantar har fått status som nøytrale og umarkerte, mens andre blir sett på som avstikkande. Kola peikar som nemnt på at det er dei formene som har vore lengst i bokmålsrettskrivinga – dei tradisjonelle – som har fått status som umarkerte. Dei har vore mykje nytta frå starten, vore frekvente i tekstane språkbrukarane les, og slik fått stempel som 'vanlege'. Helge Sandøy (2003a: 262) skriv at frekvens – repetisjon av skriftbilde – har stor innverknad på språknormene våre. Frekvens er openbert eit nykelord i denne samanhengen: "Hver enkelt språkbrukers valg danner til sammen en tradisjon, en norm eller en konvensjon (...). Denne konvensjonen lærer vi oss ved å lese det andre har skrevet. Hvis vi aldri har sett *åssen* på trykk, vil ikke denne varianten være det naturlige valget når vi sjøl skal skrive." (Kola 2014: 77–78) At enkelte former er markerte eller nøytrale, blir ofte brukt som forklaring på korfor dei står svakt eller sterkt i den nynorske rettskrivinga, som her hos Vikør (1999: 232): "I praksis ser det ut til at nokre [variantar] må vinne, altså bli 'nøytrale' og 'allmenne' i folks auge, og andre tape, dvs. forsvinne eller få eit stempel som spesielle eller avvikande." Når eg diskuterer funna frå korpusundersøkinga mi i kapittel 6, vil oppfatningar om enkelte former som "markerte" eller "umarkerte" vera sentrale, sidan frekvens, slik me har sett, er viktig for kva me som språkbrukarar reknar som normalt. Mot slutten av diskusjonen problematiserer eg likevel *korfor* og *korleis* dei enkelte formene har fått ein slik status.

## 3.2 Normer

Fordi resten av samfunnet har oppfatningar av og forventningar til både dei statlege institusjonane som samfunnsaktørar og den statlege språkproduksjonen, kan me gå ut ifrå at normer er viktige for å forstå korfor statstilsette skriv slik dei gjer. I denne delen skal eg gje eit kort oversyn over definisjonar av 'normer', korleis dei kan delast inn, kven som har mest å seia i ein normdanningsprosess og korleis såkalla 'husnormer' oppstår. Eg vil òg sjå på kva som kjenneteiknar avsendarane og mottakarane i kommunikasjonssituasjonen der departementstilsette skriv meldingar og proposisjonar til Stortinget.

### 3.2.1 Internaliserte og fastsette normer

I Nynorskordboka (2012) er 'norm' definert som 'godteken regel, rettesnor, mønster, målestokk', og som 'det normale'. Normene i samfunnet kan derfor kallast reglar og rettesnorer for oppførsel, tankar og meininger. Normer er det me gjennom oppveksten lærer er "rett og riktig", slik Vikør (2007: 71) formulerer det. I lingvistikken er det vanleg å skilja mellom to typar normer: Dei internaliserte og dei fastsette. Dei internaliserte språknormene er dei me lærer oss og plukkar opp meir umedvitent; dei gjeld alle nivå i språkbygnaden (fonologi, morfologi, syntaks, ordtilfang og semantikk). Vikør (2007: 72–73) skriv at grunnlaget for dei internaliserte normene blir lagt i barne- og ungdomsåra, men dei er ikkje uforanderlege etter dette. Kjem me inn i eit nytt språkmiljø, til dømes fordi me byter bustad, skule eller arbeidsplass, så lærer me oss raskt kva normer som gjeld i det nye miljøet, og tilpassar oss. Desse prosessane er både medvitne og umedvitne: Dei fleste av oss er klare over at me snakkar annleis til eldre folk enn me gjer til ungdommar, eller me veit at me legg om dialekten viss me reiser til heimstaden som me har flytta frå. Samtidig skjer det svært mykje tilpassing av språket på eit meir umedvitent nivå (sjå t.d. Akselberg 2003b om situasjonsavhengig språkvariasjon). Dei fastsette, eller offisielle, normene er formelt etablerte av eit organ med myndigkeit til å gjera det – i Noreg Språkrådet<sup>6</sup> – og desse normene kan ein finna i grammatikkar og ordlister. Dei blir innlærte gjennom formell undervisning på skulen eller på kurs, og mange tenker på dei som "rettskrivinga". Dersom slike normer skal fungera som normer, må dei bli godkjente av språkbrukarane, og dermed internaliserte. Omdal (2004:

---


<sup>6</sup> Det har variert med åra kor stor autonomi Norsk språknemnd, Norsk språkråd og Språkrådet har hatt i normeringsspørsmål; ein del større vedtak har kravt godkjenning av det ansvarlege departementet. Sidan 2012 har Språkrådet hatt fullmakt til å gjera normeringsvedtak, men dei overordna retningslinjene for normeringa er forankra i Stortinget.

13) skriv at "[d]et spesielle ved den norske situasjonen er (...) at det norske språksamfunnet for en stor del har akseptert disse merkbare endringene i språknormer."

Språknormene finst inni oss som språkbrukarar, men dei er knytte til førestillinga vår om eit kollektiv, og kva me trur kollektivet – språksamfunnet – ventar av oss (Norsk Språkråd 2002b: 9). Helge Sandøy (2003b: 175) skriv at me som språkbrukarar har ei førestilling om kva som er normalt i skriftspråket, og kva som dermed kan seiast å fungera i ein gjeve skriftleg situasjon, på bakgrunn av *frekvens*. Det er dei språkformene som er oftast nytta, som blir oppfatta som 'normale'. Vidare registerer me korleis andre reagerer på språkhandlingar, både verbalt og ikkje-verbalt, og dette er med og former normene i oss. Språksamfunnet er dermed avgjerande for normenes eksistens: Det er i samhandling med dei rundt oss at me tar imot, forhandlar om og endrar på felles oppfatningar om kva som er godt og därleg språk. Det er likevel ikkje slik at alle har lik moglegheit til å påverka kva som blir språknormer i eit språkmiljø, slik eg skal komma nærmare inn på i neste avsnitt om normeringsagentar.

### 3.2.2 Normeringsagentar og normeringssirkelen

Dei ulike deltakarane i eit språksamfunn har ulike mogleheter til å påverka normene som eksisterer der. Sandøy (2003a: 265) skriv at "[n]ormdanninga er ein prosess der somme påverkar meir enn andre, der somme er sterke og andre føyelege, somme er premissleverandørar, mens andre er mottakarar, somme har makt, andre ikkje." I ein figur han kallar 'den norske normeringssirkelen', forsøker han å visa kva slags aktørar som er aktive i normproduksjonen i norsk offentlegheit:



*Figur 1. Den norske normeringssirkelen (Sandøy 2003a: 266)*

Ifylgje Sandøy er avisene dei største normeringsaktørane i Noreg, og særleg Aftenposten har svært stor makt når det gjeld kva som blir oppfatta som korrekt bokmål. Thore A. Roksvold (1999: 207) skriv at dei fleste redaksjonane som brukar autokorrekturprogrammet Tansa, held seg til former innanfor NTB-normalen, som Sylfest Lomheim (2003) definerer som moderat-konservativt bokmål.<sup>7</sup> Også forlag er viktige: Aviser og bøker står samla for ein stor del av tekstproduksjonen her i landet; dei har mange lesarar og høg status. I figuren til Sandøy påverkar departementa forlag, lærarar og Språkrådet, mens dei i sin tur blir påverka av Språkrådet og avisene. Han illustrerer korleis avisspråket kan påverka dei departementstilsette, ved å skildra ein situasjon der ein tilsett i departementet les Aftenposten om morgonen, går på jobb og har med seg eit inntrykk frå morgenavisa av kva godt og/eller vanleg språk er. Seinare på dagen skriv den tilsette e-postar, brev og interne skriv som er påverka av formbruken i Aftenposten. Truleg er innverknaden frå nynorsk på dette viset mindre: Sjølv om til dømes Klassekampen, Nationen og Dagsavisen har ein del nynorsk stoff, og til og med VG nyleg har hatt redaksjonelle saker på nynorsk, er det bokmål som dominerer i dei riksdekkande avisene, og truleg derfor òg i avisene dei departementstilsette les. Det dei dermed får eit inntrykk av, er nettopp at bokmål er det normale og umarkerte. Slik kan bokmålsbruken i avisene vera med og påverka formvala dei departementstilsette i neste omgang gjer i nynorsk, ved å føra til val av meir bokmålsnære former.

Språkrådet er ein openberr normeringsagent i den norske normeringssirkelen, ettersom det er dei som utarbeider nye rettskrivingsreformer på oppdrag frå departementet, og som gjer forlaupande normeringsvedtak etter behov. Fram til 2012 var det dei som bestemte kva som var innanfor og utanfor læreboknormalen i nynorsk, og dermed kor dei ytre grensene for språkbruken i departementa gjekk. Dei arrangerer òg kurs for statstilsette i nynorsk, og har slik moglegheit til å påverka formval og skriftuttrykk ganske direkte. Det er likevel ikkje slik at Språkrådet er den sterkeste normeringsagenten i norsk offentlegheit når det gjeld dei internaliserte normene innanfor rettskrivinga: ”Den kollektive språkvanen vår blir i stor grad styrt av få personar – utover Språkrådet.” (Sandøy 2000: 198) Basert på normeringssirkelen til Sandøy er det derfor grunn til å tru at media har stor innverknad på språket til dei statstilsette, mens Språkrådet ”berre” definerer ramma av former som dei tilsette kan velja innanfor. Elevar og lærarar er òg med i normeringssirkelen til Sandøy, men dei er ikkje rekna

<sup>7</sup> NTB: Norsk Telegrambyrå. NTB er den største leverandøren av innhaldstenester i m.a. tekst og bilde til norsk media.

som aktørar som påverkar departementa. Dagens elevar og lærarar har nok liten innverknad på dagens departementstilsette, og normeringssirkelen til Sandøy er fyrst og fremst synkron. Men om ein ser på tilhøva over tid, meiner eg ein bør føya til at lærarar påverkar departementa, på det viset at dei som jobbar i det offentlege, på eit tidspunkt har vore underlagde normeringskreftene til fleire lærarar, og det i dei mest formative åra der grunnlaget for dei internaliserte normene som regel blir lagt. Omdal peikar på at lærarane er mektige normeringsagentar:

... det står ikke til å nekte at den konstante rettleiinga og korrigeringa som foregår i forbindelse med elevenes skriftlige framstilling, antakelig er det vesentligste bidraget til nordmenns språklige oppdragelse. Derfor blir språknormkunnskapen og språknormsikkerheten hos lærerne heilt avgjørende for innlæring av korrekte språknormer. (2004: 112)

Departementet sjølv meiner at den vantande nynorskkompetansen blant dei statstilsette har med skuleopplæringa å gjera: "... språkleg kvalitet i det offentlege [er] eit spørsmål om språkmeistring blant offentleg tilsette. Dette har igjen samanheng med språkopplæringa i skule og utdanning." (Kultur- og kyrkjedepartementet 2008: 187) Fleire av deltakarane på eit nynorskurs hos Språkrådet der eg var observatør, brukte formuleringar som "det lærte me på skulen", og "slike former var fy-fy då eg gjekk på skulen" som forklaringar på korfor dei valde eller unngjekk visse former, uavhengig av den faktiske statusen til formene i rettskrivinga, ein konsekvens også Omdal (2004: 27) har notert seg. Nynorskundervisninga i skulen verkar dermed å vera heilt sentral som påverknadsfaktor for vala dagens statstilsette gjer.

Kva slags utslag praksisen til normeringsagentane kan ha, kan me sjå eit døme på i innstillinga til dagens rettskriving (Språkrådet 2011: 35):

Nokre normagentar sit i ein posisjon der dei har større påverknadskraft enn andre, og kan bruka delar av den fastsette norma på ein måte som påverkar språkbruken hjå mange. *Når svært mange lærebøker bruker e-infinitiv, er det sannsynleg at elevane får eit inntrykk av at dette er ei meir riktig eller meir framtidsretta form enn a-infinitiv.* (mi uth.)

Språkrådet meiner at mellom anna NRK kan ha ein slik funksjon når det gjeld nynorsken, fordi svært mange ser og høyrer på Dagsrevyen og andre nyheitssendingar, og mange les nynorsk teksting. Slik me såg i Karianne Borges oppgåve om tekstinga i NRK (2004: 79), held dei seg der med hovudformer, og helst då dei formene som er "vanlegast" og i tillegg er felles med dei som finst i bokmål. Viss dei departementstilsette blir påverka av språket i

NRK, er det derfor truleg i retning umarkerte bokmålsformer, noko også Sandøy (1995: 18) er inne på.

Ifylgje normeringssirkelen påverkar departementa sjølve forlag, aviser og Språkrådet. I stortingsmeldinga *Mål og mein*ing frå 2008 peikar Kultur- og kyrkjedepartementet på utfordringar knytt til statleg språk og makt. Dei uttrykker forståing for at departementsspråket kan ha innverknad på språkbruken til andre: ”Formålet er først og fremst å streka under at det må stillast særleg strenge krav til godt og korrekt språk innanfor det øvste statsapparatet, fordi *dette lett vil framstå som førebilete for andre.*” (2008: 192, mi uth.) Ikkje så mange les departementstekstar som aviser, og ein er på trygg grunn om ein påstår at stortingsmeldingar er for spesielt interesserte. Likevel kan me rekna med at desse er *representative* for anna statleg språk som i større grad er publikumsretta, til dømes slik det ser ut i institusjonar som NAV, Altinn og Skatteetaten. Eit anna moment er at statstilsette i mange tilfelle vil flytta rundt i arbeidslivet undervegs i karrieren. Dei som på eit tidspunkt har jobba i departementa, tar dermed truleg med seg internaliserte normer frå statsforvaltninga til sine nye arbeidsplassar. Nedslagsfeltet for dei potensielle husnormene i departementa er av desse grunnane større enn talet på mottakarane av stortingsmeldingar og -proposisjonar, som isolert sett ikkje er veldig mange. Dei husnormene som eventuelt finst i departementa, kan dermed ha stor innverknad på korleis folk flest oppfattar norma i nynorsk.

### **3.2.3 Husnormer og språket i statleg forvaltning**

Uttrykket ’husnorm’ er særleg kjent frå avishus og forlag. Enkelte medieaktørar har nedskrivne reglar for kva former dei held seg med; slik er det i både Aftenposten og NTB, to av dei største mediehusa i landet. Også forlaget Samlaget er kjent for å ha ei husnorm, som ikkje er nedskriven, men som blir meir eller mindre stillteiande handheva (sjå t.d. Vikør 2003: 299). Undersøkinga til Atle Mosling (1998) viste at dei fleste forлага som gjev ut lærebøker, berre krev konsekvens – ikkje særskilte formval – frå forfattarane sine. Når alle lærebøkene han undersøkte, var skrivne på eit konservativt bokmål, er det likevel grunn til å spørja seg om denne forlagsfridommen er reell. Riise-nemnda kommenterer at slike normer òg finst i statsforvaltninga:

... det skjer òg ei meir *tildekt* eller *privat normfastsetjing* mange stader, til dømes når leiinga på ein arbeidsplass bestemmer at dei tilsette berre skal bruka *visse* former innanfor den opne norma. Eit døme på ei slik privat normfastsetjing er

bruken av ordet *skole*, som har vore så å seia eineform i statlege skriv sidan ordet vart jamstilt med *skule* i 1959. (Språkrådet 2011: 34, uth. i original)

I 2002-innstillinga drøftar Sandøy-nemnda *korfor* ei slik husnorm oppstår i departementa. Dei peikar på at statstilsette ofte ikkje kjenner seg heilt heime i begge målformene. I slike tilfelle vil mange sjå det som ein fordel å få ei ”enkel oppskrift” dei skal fylgja, i staden for å meisla ut ei norm på eiga hand. ”I samband med indre opplæring i etatane har då sjølv sagt slike enkle husnormer også pedagogiske fordelar. Me kan altså ikkje oversjå behovet for husnormer av slike grunnar. Men det bør vera klårt kva for språkpolitiske fordelar og ulemper som husnormer har.” (Norsk språkråd 2002a: 27–28) Ei av ulempene nemnda peikar på, er at husnormer i det offentlege overlèt noko av makta over språkformene til enkeltpersonar, som kan påverka norma etter eigne personlege preferansar. Slik får visse ordformer status som meir gangbare enn andre blant dei prinsipielt likestilte formene.

I statsadministrasjonen finst det altså fleire potensielle normaktørar som kan påverka korleis ei husnorm blir sjåande ut: i fyrste omgang normeringsagentar som påverkar dei tilsette i andre fasar eller område i livet, som lærarar og dei store mediehusa; dernest på sjølve arbeidsplassen, der ein avdelingsleiar eller språkkunnig tilsett kan tilrå eller sjølv ta i bruk enkelte former og slik skapa presedens; bøker og kurs frå Språkrådet og andre profesjonelle normaktørar, som blir nytta som rettleiing når dei tilsette skriv nynorsk, og til slutt ein eventuell ekstern språkvaskar, som kan tilrå former som ho meiner ”høver”, anten basert på formene som elles er brukte i teksten, eller etter eigne preferansar. I kapittel 6 kjem eg tilbake til nokre av dei handbøkene som er nytta som skrivehjelp i statsforvaltinga, og kva dei eventuelt uttrykker av formpreferansar, og eg diskuterer òg kva departementa sjølve seier om kven som avgjer kva former dei vel i nynorsktakstane sine. Ifylgje stortingsmeldinga *Mål og mening* er departementa medvitne om det ansvaret for god språkbruk som kviler på dei:

Det offentlege har eit særleg ansvar for å stå fram som eit godt føredøme når det gjeld å bruka eit godt og klart språk. I arbeidet for å styrkja nasjonal språket vårt, både norsk språk generelt og nynorsk skriftkultur spesielt, er difor offentleg forvaltning ein særleg viktig arena. (...) Offentleg forvaltning representerer det offisielle Noreg og bør difor stå fram som eit godt førebilete, også i sin omgang med språket. Det tek seg därleg ut med språkleg sjusk og slurv i offentlege dokument og offentleg informasjon. (Kultur- og kyrkjedepartementet 2008: 186–187)

Meldinga konkluderer med at det offentlege språket gjennomgåande er godt: ”... ein finn ofte

døme på dokument som er kjenneteikna av både klar, korrekt og formålstenleg språkføring. Mange leiarar og saksbehandlarar er høgt språkmedvitne.” (2008: 187) Samtidig erkjenner dei at det er på nynorsksida det står därlegast til. Eit gjennomgåande problem er ord-for-ord-omsettingar av allereie krunglete bokmålstekstar (2008: 191). Dei skriv at det likevel ikkje er aktuelt å slå seg til ro med ei innstilling om at det er mindre viktig med godt og feilfritt språk på nynorsk enn på bokmål, og slår fast at det fyrst og fremst trengst ”ei haldningsendring” for å betra stoda (2008: 188). Det er verdt å merka seg at løysinga på den vantande nynorskkompetansen er *haldningsendring*, nett slik det var då den ansvarlege statsråden Åse Kleveland skulle svara på korfor nynorskprosenten i statsapparatet framleis var låg, for 26 år sidan. Påstanden verkar òg litt merkeleg sett i lys av ei viktig vedgåing dei gjer tidlegare i meldinga, nemleg at ”... haldningsskapande tiltak åleine [kan] lett bli eit slag i lufta dersom dei ikkje går saman med meir handfaste tiltak av handlingsretta karakter.” (Kultur- og kyrkjedepartementet 2008: 25) Helge Omdal (2004: 19) peikar på at det er eit visst paradoks ved at statstilsette må fylgja læreboknormalen, når dei på skulen i mange år har lært at dei kan ta heile rettskrivinga i bruk. Undersøkingar (attgjevne i 2.8) viser at også dei som står fritt til å velja former innanfor den vide rettskrivinga, stort sett held seg til læreboknormalen, og i praksis er det nok derfor ikkje denne overgangen frå den vide til den tronge norma som har skylda for den fattigslege statlege nynorskbruken.

### **3.2.4 Avsendarstatus og mottakartilpassing**

Eit viktig spørsmål i tilknyting til normeringsagentar og husnormer er kven dei statstilsette *er* – kva stilling har dei i normeringshierarkiet og kva slags språkleg medvit har dei? Interessant er det også kven dei statstilsette opplever at dei skriv *til* – kven reknar dei som mottakarane av offentleg tekst?

#### **3.2.4.1 Avsendarar**

Når det gjeld bakgrunnen til dei som arbeider i departementa, er det i utgangspunktet ingen grunn til å tru at fordelinga av nynorsk- og bokmålsbrukarar mellom dei tilsette skulle vera annleis enn i befolkninga elles. Ein kan derfor rekna med at mellom 10 og 15 prosent av dei har nynorsk som hovudmål.<sup>8</sup> Legg ein til grunn at dei som jobbar der, er mellom 21 og 67 år, vil det i perioden 2000–2010 vera snakk om arbeidstakrarar fødde mellom 1933 og 1989.<sup>9</sup> Det

<sup>8</sup> I skuleåret 2015/2016 hadde 12,2 prosent av elevane i grunnskulen nynorsk som hovudmål, i 1995/1996 var talet 16,4 prosent, ifylgje Grunnskolens Informasjonssystem (GSI).

<sup>9</sup> Ein student kan vera ferdig med ein bachelorgrad som 21-åring i eit normert utdanningslaup, og 67 år har lenge vore grensa der ein kan gå av med pensjon og ha rett på alderspensjon frå folketrygda.

betyr at dei eldste departementstilsette har fått skriveopplæring etter 1938-rettskrivinga, mens dei fleste har lært nynorsk etter læreboknormalen. Omdal (2004: 91) poengterer at det tar tid før språknormer blir implementerte, men i 2000 hadde læreboknormalen gjeldt i meir enn 40 år, og han burde derfor vera rimeleg godt innarbeidd hos dei fleste.

Sjølv om strategiane varierer, er det fleire eg har vore i kontakt med i departementa, som fortel at skrivinga av nynorsk tekst ofte blir ”sett bort” til dei som meistrar nynorsk og/eller har det som hovudmål. Dermed kan ein anta at ei større mengde av den nynorske teksten enn forholdet mellom nynorsk- og bokmålsbrukarar i departementa skulle tilseia, er skiven av menneske med nynorsk som hovudmål. Men meldingar og proposisjonar er lange dokument, ofte med fleire forfattarar. I ein e-post bad eg departementa svara på korleis korrekturlesinga av nynorske meldingar og proposisjonar går føre seg. Ikkje uventa har dei ulike departementa litt ulike prosedyrar: Både Landbruks- og matdepartementet og Forsvarsdepartementet opplyser at det er den einskilde sakshandsamaren som les korrektur. Dersom det er fleire forfattarar av eit dokument, er det den med hovudansvar som står for den endelege korrekturen (uavhengig av kva målform denne har som hovudmål). I dette tilfellet er det altså ei etablert eller provisorisk husnorm, fastsett i fagavdelinga, og/eller preferansane til den enkelte sakshandsamaren som avgjer formvala i dokumenta. Arbeids- og sosialdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet melder at dei gjer det meste av korrekturlesinga sjølve, der dei tilsette områr seg med kollegaar om formval viss dei er usikre, men det hender at større dokument blir sende til ekstern korrektur. Utanriksdepartementet har ein eigen omsettingsseksjon, som i tillegg til andre språk tar seg av omsetting av mellom anna stortingsmeldingar frå bokmål til nynorsk. I kapittel 6 kjem eg tilbake til nokre av retningslinjene departementa rapporterer at dei nyttar i valet av nynorske former.

Ein skal ha i mente at dei statstilsette, som alle andre, ikkje er lausrivne frå personlegdommen sin i rolla som yrkesutøvarar; dei er også språkbrukarar som naturleg driv med ei form for sjølvframstilling gjennom språket. Roy Johansen (1999: 133) skriv at ”[s]pråket er knytt til personlegdommen, og ein presenterer seg sjølv ikkje berre med innhaldet i det ein skriv, men også med måten ein skriv det på, m.a. ved val av ordformer.” Samtidig kan nok opplevinga av at det er naudsynt å ver(k)a nøytral, vera sterkare for departementstilsette enn andre. Dei representerer ikkje berre seg sjølve, men institusjonar som er til for heile folket. Og nettopp fordi dei anten ikkje veit kven mottakarane er, eller veit at mottakarane er ei heterogen gruppe, kan dei finna det føremålstenleg å gjera språkval som blir oppfatta som *nøytrale*:

Også i situasjoner hvor mottakeren til en viss grad er kjent, kan en nøytralitetsstrategi virke mest hensiktsmessig, nemlig når vi vet at mottakeren er en heterogen gruppe mennesker med ulike normer og holdninger. (...) Det er umulig å gjøre et språkvalg som er fullstendig nøytralt, men ved å velge en varietet eller variant med attributter som oppfattes som mest mulig nøytrale i en usikker situasjon, er det større sannsynlighet for at kommunikasjonen vil fungere. (Kola 2014: 32, mi uth.)

Kola (2014: 24) er inne på at normkompetente språkbrukarar generelt kan tillata seg eit friare forhold til normer, utan at statusen deira blir svekka. Sjølv om både Sandøy-nemnda og departementet kommenterer at mange statstilsette openbert er usikre i den nynorske skriftproduksjonen, har likevel departementstilsette jamt over høg status – dei har som regel høgare utdanning, og dei jobbar på det øvste nivået av embetsverket. Det betyr at andre språkbrukarar truleg vil ta for gjeve at desse menneska er normkompetente, og stola på grannsemda i dei skriftlege vala dei gjer.

### 3.2.4.2 Mottakarar

Me såg i førre avsnitt at mange ulike instansar kan påverka kva språkval som blir gjort og oppfatta som akseptable, men kva reaksjonar som kan komma, er òg sentrale i normdanningsprosessen, slik Sandøy (2003b) er inne på. Forventa mottaking er ein viktig del av dei språklege produksjonsvilkåra, og dei forventa ”marknadssanksjonane” er med på å bestemme dei språklege vala me gjer til ei kvar tid (Melby 2007). Derfor er det sentralt kven dei tilsette i statsadministrasjonen opplever at dei skriv *for*. Det finst fleire måtar staten kan oppfylla kravet om minst 25 prosent teksttilfang på kvar målform på. Nokre skriv ligg føre på begge målformer, nokre har ein versjon av kvar målform på kvar side, altså i eitt og same skjema, og nokre tekstar, særleg dei lengre, blir laga i berre éi av målformene, men med veksling frå dokument til dokument over tid. Når eit skriv finst i begge målformer, gjev det meiningsat avsendarane tenker på mottakarane av nynorskversjonane som nynorskbrukarar, sidan bokmålsbrukarar truleg vil velja versjonen på bokmål. Men når ein større tekst, som ei stortingsmelding, berre ligg føre på éi målform, er det nødvendigvis slik at både bokmåls- og nynorskbrukarar kjem til å lesa dokumentet. Som me allereie har sett, skjer det aller meste av tekstoproduksjon med ein mottakar i tankane, medvitent eller umedvitent. Me er opptatt av korleis det me skriv, blir mottatt. Kola (2014: 32) er inne på at for dei som ikkje kjenner mottakarane godt eller veit at dei er ei heterogen gruppe, kan nøytralitet bli løysinga.

Meldingar og proposisjonar er tekstar som blir sende frå regjeringa til Stortinget. Det er altså i hovudsak stortingsrepresentantane som er målgruppa for desse typane tekst.

Representantane på Stortinget er ressurssterke og står høgt i det sosiale hierarkiet, i likskap med dei departementstilsette. Reint konkret er det altså politikarar, andre byråkratar, menneske frå grupper som blir råka av temaa meldingane handlar om, og eventuelt nokre pressefolk som les proposisjonar og meldingar til Stortinget. Alle desse gruppene er samansette, og særleg skilnaden mellom politikarar, byråkratar og journalistar på eine sida – menneske med erfaring frå statsforvaltninga, som les og skriv mykje sjølv – og ”vanlege folk” med interesse for temaet på andre sida kan vera nokså stort i høve til både fag- og språkkompetanse. Når det gjeld målform og dialekt, burde gruppene meir eller mindre representera landsgjennomsnittet.

Viss me skal prøva å samanfatta kven som er mottakarar for meldingar og proposisjonar til Stortinget, er det i all hovudsak ressurssterke menneske med relativt høg språkkompetanse (om ikkje nødvendigvis grammatiske, så i allfall når det gjeld byråkratisk fagspråk), og då hovudsakeleg politikarar, byråkratar og journalistar. Men også publikum kan av ulike grunnar ha interesse av innhaldet i til dømes ei stortingsmelding, og departementet sjølv legg vekt på at språket uansett skal vera så klart, tydeleg og korrekt som mogleg, og at skiljet mellom intern og utoverretta språkbruk er meir teoretisk enn reelt. Dei skriv i meldinga *Mål og mening*: ”Innanfor staten kan det elles vera grunn til å skilja mellom språket i regjeringsapparatet på den eine sida og språket i typisk utoverretta informasjon i dei store publikumsretta etatane på den andre sida. Men også dette er berre eit skjematiske skilje.” (Kultur- og kyrkjedepartementet 2008: 192) Så lenge språket i dokument frå departementa blir oppfatta som forbilde for dei som jobbar i meir publikumsretta statlege tenester, vil dei nynorske formvala i proposisjonar og meldingar ha innverknad på kva heile det norske språksamfunnet oppfattar som ”normalt”.

### 3.3 Ulike nynorskvarietatar

I denne delen skal eg sjå nærmare på om det er mogleg å definera ulike varietatar av nynorsk *innanfor* nynorskrettskrivinga, basert på formval og stil. Fordi to slike varietatar er kjente frå bokmål, seier eg først litt om korleis desse ser ut, og kva konnotasjonar dei har. Eg avsluttar med å visa korleis Lars S. Vikør har delt inn nynorsknorma i fire typar, og kommenterer særleg den varieteten han kallar ”midtlinjenyorsk”.

### **3.3.1 Varietetar av bokmål og nynorsk og tilhøyrande konnotasjonar**

Fleire (t.d. Wiggen 1997, Kola 2014, Holm og Munkvold 2013, Norsk språkråd 2002b) har peikt på at sjølv om valfridommen i bokmål er like stor som han er i nynorsk, oppfattar ikkje språkbrukarane at det er slik. Dei aller fleste i Noreg vil ganske lett kunna identifisera to ulike typar bokmål: ein tradisjonell og ein nyare, der det særleg er *a*-endingar i bunden form eintal av hokjønn (*regjeringa*), i bunden form fleirtal av sterke inkjekjønn (*krava*) og eit par hankjønnsord (*skoa*) og *a*-ending i fortid av svake verb i kaste-klassa (*utvikla*) som pregar den sistnemnde varieteten (Kola 2014: 1). Den tradisjonelle varieteten har ikkje *a*-endingar i desse bøyingsklassane, i tillegg er gjerne ordforrådet mindre ”folkeleg”, og mange av formene er identiske med tradisjonelle riksmålsformer, som *syv*, *hverken* og *frem* (ein skal ha i mente at også desse varietetane er ideelle storleikar meir enn reelle, avgrensa einingar, jf. Røyneland 2003). Kola finn at i 84 prosent av tilfella i hennar materiale blir det nytta konservative former. Forklaringsa hennar dreier seg mellom anna om frekvens: Dei tradisjonelle variantane har i lang tid vore mykje nytta, hatt tid til å festa seg og blir dermed sett på som normale (2014: 99). Det viser seg i tillegg at folk har ganske klare meiningar om kva kvalitetar dei ulike skriftspråksvarietetane (og språkbrukarane bak) har: Mens tradisjonelt bokmål blir assosiert med høg klasse, utdanning, elite og kompetanse, blir tekstar med mykje bruk av *a*-endingar gjerne vurderte som folkelege og/eller vulgære (sjå Kola 2014: 105–106 og Johansen 1999: 124–128). Slik har det vore lenge: P. A. Munch, sitert i Almenningen et al. (2002: 64), kalla allereie i 1832 *a*-en for ”platt” og ”aldeles pøbelagtig”. Haldninga til lærebokforfattar Odd Wormsnæs, som òg blei attgjeven i 2.8.4, viser at P. A. Munch har meiningsfeller sjølv i dag: Wormsnæs har stor sans for folkeleg uttrykksmåte og likar *a*-former, men synest likevel dei er støytande på trykk (Mosling 1998: 106). Dei to varietetane av bokmål heng òg saman med to (tidlegare) ulike miljø – dei folkelege, nyare formene som har fått innpass i bokmålet, har stort sett hatt bruksgrunnlag på Oslo aust og dei kringliggende flatbygdene. Dermed heng bokmålsvarietetane saman med klasse, sosioøkonomisk status og geografi.

Det er ikkje like lett å laga eit liknande skarpt skilje innanfor nynorsknorma. Språket er konstruert på bakgrunn av talemålet i norske bygder, og famnar naturleg nok om mykje større delar av landet enn det bokmålet gjer, når det gjeld nærleik til talemålet – i allfall tradisjonelt. Vestlandet og delar av Agder, Telemark, Oppland og Buskerud blir gjerne kalla det nynorske kjerneområdet, men dei aller fleste forbind nynorsk hovudsakeleg med Vestlandet (sjå t.d.

Mæhlum 2007: 194–195); det er mellom anna her språket står sterkest som hovedmål i skulen. Undersøkingane som blei refererte i 2.8, tyder på at dei fleste, uavhengig av geografisk bakgrunn, heldt seg innanfor det som fram til 2012 var læreboknormalen, anten dei måtte det eller ei. Det er likevel ikkje slik at nynorskbrukarar oppfattar alle former innanfor rettskrivinga likt: Riise-nemnda peikar i 2012-innstillinga på at ”... dei fleste nynorskbrukarar [har] ei kjensle av kva som er ’markerte’ former, og kva som er meir umarkert.” (Språkrådet 2011: 35) Borge (2004) seier i si hovudoppgåve om NRK-tekstinga at ho meiner ein markert nynorsk består av arkaiske, gamle former; ein av informantane hennar presiserer at han eller ho ikkje vil verka arkaisk, og Vikør (2003: 304) skriv at sjølv i nynorskmiljø er det belastande å nytta gammaldagse former. Omgrep som på negativt vis seier noko om alder – arkaisk, gammalmodig, gammaldags – går igjen som adjektiv knytt til ein varietet av nynorsk som har med tradisjon å gjera, og som ser ut til å gje negative assosiasjonar. Det er viktig å understreka at dette ikkje treng å ha med formenes faktiske alder å gjera: Diftongar, *medan* og *byrja* er òg del av den om lag 150 år gamle normalen til Aasen, utan at desse blir oppfatta som særskilt arkaiske (jf. den hyppige bruken av formene omtalt i 2.8 og kapittel 6). Mange undersøkingar viser at elevane i den norske skulen (og ein del av lærarane) ikkje kjenner til valfridommen i rettskrivinga, slik me såg i 2.8.2. Ei logisk fylgje er at vanlege språkbrukarar ikkje har så sterke meningar om dei ulike måtane å skriva nynorsk på som finst – dei veit ikkje om dei. I mi eiga undersøking av haldninga til ulike skriftvarietetar i nynorsk fekk eg inntrykk av at ingen av informantane hadde noko særleg bevisst forhold til at det fanst ulike måtar å skriva nynorsk på (Malmin 2016a).<sup>10</sup> Det kan verka som om den variasjonen språkbrukarane har kunnskapar om når det gjeld nynorskrettskrivinga, stort sett dreier seg om kor stort innslag av bokmål som er greitt eller mogleg (jf. undersøkinga til Akselberg 2003a), og om formene er særskilt gammaldagse. Men slik eg har vore inne på, er det grunn til å tru at dei aller fleste som skriv nynorsk, har eit medvitent forhold til at dei skriv nettopp nynorsk, og ikkje bokmål. Berre ved å vera nynorskbrukar veit ein at ein nyttar ein markert variant samanlikna med majoritetsspråket, og sidan majoritetsspråket blir sett i samband med modernitet, er ein frå starten av ”stempla” som tradisjonell ved å nytta nynorsk, om ein fylgjer Brit Mæhlums resonnement. Om ein vil verka nøytral med omsyn til ei heterogen mottakargruppe, slik Kola (2014: 31–33) er inne på,

<sup>10</sup> Den bokmålsnære nynorske teksten som blei vurdert (i ein slags skriftleg masketest), gav litt høgare utslag på eigenskapar som ’intelligent’ og ’utdanna’, men dette kan òg ha med målbakgrunnen til respondentane å gjera.

kan løysinga dermed bli å velja nyare former innanfor nynorskrettskrivinga som langt på veg er felles med formene i det meir nøytrale majoritetsspråket.

### 3.3.2 Vikørs fire nynorsknormer

Lars S. Vikør er ein av dei som har skrive mykje om bruksnormene i nynorsk, og i framlegget sitt om privat normering (2003) skisserer han fire ulike typar nynorsknormering: tradisjonalistisk, midtlinjebasert, dialektnær og tilnærningsretta. Roger Lockertsen presenterer ei liknande inndeling i si skildring av den valfrie fonologien i nynorsk (1999); han nyttar litt andre termar, men med same semantiske skiljelinjer som Vikør. Det er eit viktig poeng her at normeringa er privat; den offentlege normeringa la jo ikkje andre retningslinjer til grunn enn at ein i lærebøker og i statstenesta måtte nyitta læreboknormalen, så lenge han fanst. Det Vikør dermed omtalar, er i røynda kva slags normering som går føre seg i skulen, på arbeidsplassar og elles i det nynorske miljøet. Dei som fylgjer ein tradisjonalistisk normal, baserer seg på den mest tradisjonelle delen av 1917-rettskrivinga. Dei utgjer ein nokså liten del av nynorskbrukarar i dag, men er organiserte i organisasjonar som Norsk måldyrkingslag og Vestmannalaget. Vidare presenterer Vikør ei normeringslinje han kallar ”midtlinjenynorsk”, ein varietet som òg blei nemnd i samband med forfattarundersøkinga hans i 2.8.1. Han meiner midtlinjenynorsken er utbreitt i den nynorske offentlegheita, og då særleg i forlag og presse. Han skriv at denne ”kjernenorma” er

... ein læreboknormalbasert mellomting mellom dei markert tradisjonelle og dei markert tilnærningsprega formene. Den har basis i dei tunge instansane av nynorskprodusentar, særleg Det Norske Samlaget, og i lærebokspråket, men ser heilt klart ut til å smitte over på meir grasrotnær nynorsk, dvs. *offentleg språk* og mediespråk i nynorskområda. (1999: 226, mine uth.)<sup>11</sup>

Han kallar summen av formvala hos aktørar som Samlaget og avisar Dag og Tid ein prototypisk nynorsk – ein ”hovudstadsnynorsk”, og skriv at denne ser ut til å ha smitta over på mellom anna det offentlege språket. Ein grunn til dette kan vera at departementa har mange likskapstrekk med dei nemnde aktørane: Geografisk held dei til i hovudstaden, dei har mange mottakarar og sjølve språket er eit sentralt arbeidsverktøy. Jan Olav Fretland skriv, i diskusjonen om einsrettinga innanfor presse og forlag, at ”[e]i undersøking av språket i

---

<sup>11</sup> Som eg var inne på i 2.8.1, er det ikkje heilt openbert kor yttergrensene for denne norma går – *kva* som er dei markert tradisjonelle og dei markert tilnærningsprega formene, og *kor* innanfor læreboknormalen denne linja skal plasserast. Basert på formvala til forfattarane Vikør undersøker, som han kallar midtlinjenære (refererte i 2.8.1), må me gå ut ifrå at midtlinjenorma inneheld *både* tradisjonelle og nyare former blant dei likestilte.

offentleg forvaltning ville òg truleg komma ut med liknande resultat.” (2007: 69) Basert på påstandane til Vikør og Fretland kan ein derfor venta at formvala statstilsette gjer, i stor grad passar inn i ei norm som kan kallast ”hovudstadsnynorsk” eller midtlinjenynorsk. Ifylge Vikør (2010) er det ein slik normal dei fleste nynorskbrukarar vel, så framt dei ikkje har ideologiske bindingar som får dei til å velja annleis. Også Sandøy-nemnda skildrar ein midtlinjenynorsk i bruk hos sentrale tekstprodusentar som nettopp Dag og Tid og Samlaget, men meiner denne hallar i *tradisjonell* lei:

Skal me karakterisera denne midtlinjenorsken (...), må det bli noko slikt som ein ”moderat tradisjonell læreboknormal-nynorsk”. Det vil seia at ein nyttar hovudformer og unngår klammeformer, og *at ein ved valfrie hovudformer helst vel den mest tradisjonelle*. Eit unntak frå dette er infinitiven, der endinga -e no ekspanderte så kraftig at ho vart meir og meir umarkert og nøytral. (Norsk Språkråd 2002b: 17, mi uth.)

Når det gjeld den tredje typen normering i Vikørs inndeling, den talemålsretta, skriv han at slik normering berre har gått føre seg i avgrensa grad. Den fjerde normeringslinja, ”tilnærningslinja”, der normeringa først og fremst tok sikte på tilnærming til bokmål, var vanlegare etter 1938- og 1959-reformene, då samnorskpolitikken framleis stod sterkt (Vikør 2003: 302). Sjølv om det var ei vag retningslinje at ein i statstenesta skulle nytta tilnærningsformer, skriv Vikør (2003: 302) at det var slutt på dette i syttiåra, då den såkalla midtlinjenorsken hadde festa seg. Ifylge han blei dei ”radikale” formene frå då av stort sett berre nytta i dialektnær normering i skulen, og argumentasjonen for slike former har sidan då berre botna i talemålsnærleik, og ikkje bokmålsnærleik, sjølv om praksisen ofte har blitt kalla ’bokmålisering’. Til dette kan det vera greitt å ha i mente eit av argumenta til Holm og Munkvold (2013: 208): Sjølv om nynorsken er normert etter utbreidde former i dialektane, har dialektane sjølve endra seg mykje dei siste hundre åra, og då gjerne som fylgje av bokmålspåverknad. Via ein omveg er bokmål dermed med på å normera nynorsken. Det er heller ikkje slik at det er ein klar skilnad mellom umarkerte former (som utgjer midtlinjenorsken) og tilnærningsformer, slik ein kan få inntrykk av i skildringa til Vikør: Ein del av formene som opphaveleg har komme inn i rettskrivinga som openberre tilnærningsformer til bokmål, vil nok dei fleste rekna som umarkerte i dag: *Vekst, først, ønske* (s.), *skole* og *villig* blei alle likestilte i 1959, men dei er ikkje særleg radikale eller avstikkande former i nynorsk.

### 3.4 Samanfattning

I dette kapittelet har eg forsøkt å samanfatta nokre av teoriane som tar for seg dei ytre føresetnadane for språkvala som tekstprodusentane i det offentlege gjer. Med utgangspunkt i Mæhlums teoriar om språkmøte (2007) har me sett at sameksistensen mellom bokmål og nynorsk har gjeve nynorsk merkelappar som 'avstikkande', 'markert' og 'tradisjonell', og at dette blir oppfatta negativt. Derfor er det å skriva nynorsk heller enn bokmål ei avstikkande handling i seg sjølv. Kola (2014) skriv at skribentar som ikkje kjenner mottakarane sine godt eller veit at dei er ei heterogen gruppe, ofte vil ta i bruk nøytralitetsstrategiar. Viss dette stemmer, kan ein tenka seg at statstilsette vel nyare, bokmålsnære former for at nynorsken dei skriv, skal bli så lite avstikkande som mogleg. I tillegg til dei offisielle normene har me alle internaliserte normer knytt til godt og riktig språk, som heng saman med miljøa me beveger oss i. Store og mektige normeringsagentar, som aviser, forlag og lærarar, har innverknad på kva den vanlege språkbrukaren oppfattar som normalt og nøytralt språk. I likskap med sedvanen i avishus og forlag er det grunn til å tru at det eksisterer husnormer i departementa, heilt ned på formvalnivå, som legg føringar for korleis dei tilsette opplever at dei har moglegheit til å uttrykka seg. Fleire undersøkingar (Vikør 2003, Norsk språkråd 2002b) tyder på at det har utvikla seg ein såkalla midtlinjenynorsk, som består av ei mest mogleg "umarkert" linje innanfor læreboknormalen, og at denne har etablert seg i forlag og aviser, og truleg også i statsforvaltninga. Sjølv om eg skal nemna eit par døme på handbøker som blir nytta i skriftsamanheng av tilsette i staten i kapittel 6, er mange av språknormene *ikkje* festa til papiret; internaliserte normer finst først og fremst i individua i form av forventningar. Ei husnorm er nokre gongar prenta og vedtatt, men ho kan like gjerne vera resultat av ei stillteiande semje om at "her nyttar me slike former, ikkje slike". Sjølve omgrepet 'husnorm' gjev assosiasjonar til noko hemmeleg, ei slags maktutøving som går føre seg i det skjulte, noko Sandøy-nemnda (Norsk Språkråd 2002b: 12) kallar "tildekt normfastsetting", og Sandøy peikar på at fordi denne normeringa når fram til publikum mest på det ubevisste planet, "... er ho truleg ei mye sterkare normeringskraft enn den som det offisielle og nokså demokratisk oppbygde Språkrådet står bak." (2003a: 269) Dermed er det ikkje sikkert at tilsette i departementa vil gå med på at det finst ei slik norm der, sjølv om fleire av departementa på eige initiativ opplyser om at både 'moderne' og 'bokmålsnært' er ideal dei legg til grunn i produksjonen av nynorsk tekst, noko eg kjem tilbake til i kapittel 6. Men me veit òg at skilnaden på faktisk og rapportert språkbruk kan vera stor. Ei moglegheit for å

finna ut kor vidt det eksisterer ei uoffisiell husnorm i departementa, er å studera det språket dei produserer der, slik eg har gjort i denne korpusundersøkinga.

# 4 Metode

I dette kapittelet skal eg gjera greie for metoden eg har brukt, og forklara korleis eg har gått fram for å sikra at metoden i stort mogleg grad gjev meg resultat som er eigna til å seia noko om forskingsspørsmåla eg stiller. Eg har valt å gjennomføra ei korpusundersøking, der eg gjennom søk i eit elektronisk tekstkorus hentar ut tradisjonelle og nyare ordformer frå statlege tekstkjelder. Funna blir presenterte i tabellar i neste kapittel, der dei tradisjonelle og nyare formene er sett opp mot kvarandre. Korpus er ikkje ein metode i seg sjølv, men korpusmateriale kan nyttast i ulike kvalitative og kvantitative undersøkingar. I denne undersøkinga brukar eg hovudsakeleg ein kvantitativ analyse, der eg presenterer resultata i form av frekvens, men til slutt gjer eg òg ei tentativ kvalitativ vurdering av årsakene til nokre av funna, og forsøker å forklara kva som kan påverka frekvensane for dei ulike formene.

## 4.1 Om Norsk Ordboks Nynorskkorpus (NON)

Norsk Ordboks Nynorskkorpus (frå no av omtalt som NON) er utvikla i samband med prosjektet *Norsk Ordbok – ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. Arbeidet med ei norsk ordbok starta allereie i 1930, og i 2002 blei prosjektet 'Norsk Ordbok 2014' sett i gang, med mål om å få dei siste ni av totalt tolv bind ferdige til grunnlovsjubileet. Det siste bandet i ordboka blei lansert litt forseinka i mars 2016 (Norsk Ordbok 2014). I samband med prosjektet har redaksjonen utvikla eit elektronisk tekstkorus. Eit elektronisk korpus er ei mengde med tekst som er samla og strukturert slik at databehandling av materialet er mogleg. Korpuset er ofte knytt til eit søkesystem, slik at ein kan søka på enkeltord eller ordstrengar (ord i rekkefylgje), og i mange tilfelle kan ein òg spesifisera grammatiske kategoriar ein vil ha treff i. Resultata blir gjerne framstilte som konkordansar, det vil seia som lister over treffa med noko kontekst før og etter det ordet eller dei orda ein har søkt etter (Johannessen 2003: 141). Ein av dei mest openberre fordelane med eit elektronisk korpus er at ein får tilgang til svært store datamengder.<sup>12</sup> NON inneheld om lag 102 millionar ord, fordelt på 27 511 dokument. Det er eit mål at korpuset skal vera representativt, det vil seia at det består av fleire ulike teksttypar, og det er meiningsa at ny tekst skal leggast til fortlaufande (Oddrun Grønvik, personleg kommunikasjon i e-post

<sup>12</sup> Det finst eit anna elektronisk korpus som har nynorske tekstkjelder i tillegg til NON, nemleg Oslo-korpuset av tagga norske tekstar (tilgjengeleg frå [www.tekstlab.uio.no](http://www.tekstlab.uio.no)). Sidan dette berre inneheldt tre NOU-ar og ti lovtekstar, var det ikkje eit godt utgangspunkt for denne undersøkinga, der eg ville ha eit så stort kjeldemateriale som mogleg.

17.4.17).<sup>13</sup> Slik skildrar heimesida til Norsk Ordbok (2014) innhaldet i korpuset: ”Korpuset inneheld skjønnlitteratur, avistekstar, tidsskriftartiklar, læreboktekstar, religiøse tekstar og tekstar frå offentleg målbruk. Tekstane du kan søkje i, spenner frå 1870-åra og fram til i dag, med hovudvekt på dei siste femti åra.” I NON kan ein søka etter ulike ordformer eller lemma (alle bøyingsformer av eit ord), og ein kan søka etter fleire ord i rekkefylgje. Kvart ord er tagga med grammatiske informasjon, noko som gjer at ein kan søka etter ordklasser, og, om ynskeleg, bøyingskategoriar i ordklassen, som kjønn, tal, binding, grad og tempus. På den måten kan ein gjera svært detaljerte søk, og ein skal i utgangspunktet kunna unngå treff som inneheld homonym i andre ordklassar eller bøyingskategoriar. Ein kan òg spesifisera kva slags kjelder ein vil søka i.

Daniel Ridings har hatt hovudansvaret for å laga taggaren som er nytta i NON, og han har brukt ei plattform som er utvikla av datalingvisten Eric Brill. Framgangsmåten har vore slik: Fyrst er eit gjeve tal på ord, til dømes 10 000, blitt tagga automatisk. Deretter har desse blitt retta manuelt av ein lingvist.<sup>14</sup> Vidare har ein tagga fleire ord, til dømes 20 000, og så retta dei manuelt. Slik har ein heldt fram til ein har tagga og manuelt retta om lag 300 000 ord. For kvar retting blei det undersøkt kor nærmere ein var 96 prosent korrekte tagga ord, og stort sett låg feilprosenten på mellom 4 og 5, altså innanfor det dei rekna for godkjent målepresisjon. Til slutt blei den oppdaterte og forbetra taggaren nytta på heile korpuset (Daniel Ridings, personleg kommunikasjon i e-post 6.1.17). Holm og Munkvold (2013: 166) kommenterer at då dei gjorde søk i korpuset sommaren 2011, var den grammatiske tagginga ”... gjord automatiskt for mest alt tilfanget, og vart difor rang og ubrukande.” Taggaren har blitt oppdatert med jamne mellomrom sidan då, men Ridings skriv at feilprosenten for taggaren heile tida har lege på om lag 5 prosent (personleg kommunikasjon i e-post 21.4.17). Eg går derfor ut ifrå at opplysningane frå den som har utvikla taggaren, kan leggast til grunn, og at omrent 95 prosent av materialet er tagga korrekt.

## 4.2 Val av kjelder i korpuset

Sidan eg er interessert i målbruken i statsforvaltninga, er det berre ein del av korpuset som er relevant i denne oppgåva, nemleg det materialet som kjem frå det offentlege. Dette materialet utgjer dermed mitt eige subkorpus – eit utval av kjelder i korpuset. Utvalet består av 362

<sup>13</sup> Det er ikkje lagt til offentlege kjelder i perioden eg har nytta korpuset. Søkematerialet har dermed heile tida vore det same.

<sup>14</sup> Anne Renette Askeland, overingeniør ved UiO, har utført rettinga.

stortingsproposisjonar, 190 odelstingsproposisjonar og 142 stortingsmeldingar.<sup>15</sup> Desse utgjer totalt 694 dokument, og inneheld 1 647 358 ord, det vil seia om lag 1,6 prosent av korpuset som heilskap. Dei 694 dokumenta utgjer alle meldingar og proposisjonar som er skrivne på nynorsk frå stortingsperioden 2000–2001 til perioden 2009–2010. Tekstane kjem frå alle departementa, sjølv om nokre departement dominerer.

For å kunna trekka generaliserande konklusjonar på bakgrunn av funna i eit korpus er det ein føresetnad at korpuset er *representativt*: ”A representative corpus is one sampled in such a way that it contains all the types of text, in the correct proportions, that are needed to make the contents of the corpus an accurate reflection of the whole of the language or variety that it samples.” (McEnergy og Hardie 2012: 250) For at korpuset skal vera representativt, må det altså ha med alle dei typane tekst som blir produserte innanfor den gruppa eller institusjonen det hentar tekst frå, og i same mengdeforhold som i verkelegheita, slik at det på korrekt vis speglar av *heile* språket eller *heile* varieteten som det er meint å representera. Sidan eg i denne samanhengen ikkje er interessert i den nynorske skriftpraksisen generelt, men nynorskbruken i offentleg samanheng spesielt, er berre ein liten del av korpuset relevant, men all teksten som er tilgjengeleg frå offentleg forvaltning i NON, er med i kjeldegrunnlaget. Vonleg sannsynleggjer det store teksttilfanget at funna er representative: Eit av måla mine med undersøkinga er jo nettopp å finna ut korleis variasjonen i den offentlege målbruken er. Departementa er ein sentral del av statsforvaltninga, og dei produserer mykje tekst årleg. Særleg meldingar, men òg somme proposisjonar, er ofte av stort omfang: I stortingsmeldinga om målbruk i offentleg teneste frå 2005 kan me lesa at ”[p]roposisjonar og meldingar til Stortinget svarar for ein stor del av det trykte informasjonstilfanget som departementa lagar.” (Kultur- og kyrkjedepartementet 2005: 8) Likevel er det eit poeng at departementa òg produserer mykje annan tekst: Nettsideartiklar, kommunikasjon via sosiale medium og interne dokument er døme på teksttypar der ein kan venta at språkbruken er meir spontan og mindre redigert, og slike kjelder kan dermed vera betre eigna til å seia noko om meir spontan språkbruk og reell språkkunnskap. Eg har ikkje hatt kapasitet til å gå gjennom denne typen tekst, ettersom han ikkje er gjort tilgjengeleg for søk på same måte som tekstane i NON. Det

---

<sup>15</sup> Odelstinget blei lagt ned i 2009. Uttrykket ”meldingar og proposisjonar til Stortinget” omfattar alle dei tre dokumenttypane eg ser på. Meldingar til Stortinget blir utarbeidde når regjeringa vil presentera saker for Stortinget utan å føreslå konkrete vedtak. Dei kan òg nyttast for å trekka eit lovforslag tilbake. Ein proposisjon blir brukt når regjeringa vil at Stortinget *skal* fatta vedtak, anten i samband med lovverket, statsbudsjettet eller andre saker.

finst òg mange institusjonar – underliggende etatar og direktorat – som er del av offentleg forvaltning; dei er pålagde dei same krava til målbruk som departementa. Sjølv om dei fleste av desse òg har heile landet som tenestekrets, held mange av dei til i andre fylke enn Oslo. Viss fleirtalet av dei som arbeider i etaten eller direktoratet, er frå den lokale staden, er kanskje språkbruken i større grad farga av det lokale talemålet enn kva som er tilfelle i dei Oslo-lokaliserte departementa. Hadde slike kjelder vore med, kunne funna sett annleis ut. Fordi tekst frå desse avsendarane ikkje finst i korpuset, får departementa likevel stå aleine som representantar for forvaltningsspråket. Noko anna som skil kjeldematerialet mitt frå mange andre typar offentleg tekst, er at meldingar og proposisjonar til Stortinget er dokument som det som regel blir brukt mykje tid på å skriva. Fordi dei skal bli ståande som referansekjelder i framtidig arbeid i politisk og administrativt styre, er medvitet knytt til godt og forståeleg språk truleg større i dette arbeidet enn i produksjonen av ein mindre tekst som skal leva nokre dagar på ei Facebook-side. Slike større dokument blir alltid språkvaska og korrekturlesne til slutt, anten internt eller av ein ekstern språkvaskar.<sup>16</sup> Også Kola (2014: 111) er inne på at mange av tekstane i kjeldematerialet hennar er redigerte, men meiner at undersøkingar om slik språkbruk like fullt er interessante, fordi "... instanser som eventuelt har bidratt til det endelige resultatet, er også en del av språksamfunnet, og er sjøl påvirkta av normer og holdninger."

Kjeldeutvalet mitt, der ein del typar offentleg tekst ikkje er representerte, kan dermed potensielt gjera analysane mine feilaktige: "... the corpus itself represents a selection and screening of data. (...) An analyst may, by chance or design, construct a dataset that misrepresents the language such that the analysis of this dataset supports a faulty theory." (McEnery og Hardie 2012: 15) Nærmore undersøkingar av andre typar tekst i departementa og tekst frå andre statlege institusjonar ville vore eit viktig supplement til funna mine, men ettersom meldingar og proposisjonar trass i alt utgjer ein såpass stor del av den samla tekstlege produksjonen i offentleg forvaltning, håpar eg likevel funna herifrå kan peika på viktige tendensar i den offentlege målbruken. Me såg dessutan i kapittel 3 at dei departementstilsette er viktige normeringsaktørar, og at språket dei produserer der, truleg blir nytta som forbilde for andre offentlege instansar. Viss det er tilfelle, aukar sjansen for at tekstane i NON er representative for den statlege språkbruken som heilskap. Samtidig

---

<sup>16</sup> Eg har fått opplysningar om desse prosedyrane frå fleire av departementa; dette blei gjort nærmare greie for i 3.2.4.

representerer sjølve datamaterialet, og metoden som er nytta for å henta ut funn, moglegheiter for å motverka slik feilrapportering: Dataa som er brukte, kan undersøkast på ny, anten ved hjelp av nye forskarar eller nye og forbetra metodar. Dette lar seg gjera nettopp fordi ein av fordelane med korpus er at kjeldematerialet ligg opent tilgjengeleg: Kven som helst kan gjera dei same søka og etterprøva om resultata held mål (Johannessen 2003).

### 4.3 Feilkjelder

I samband med søka mine har eg oppdaga at ein del av orda er tagga feil når det gjeld ordklassar og bøyingskategoriar. Til dømes gav søk etter forma *brukar* i samband med a- og e-bøyning, der eg hadde spesifisert at eg berre ville ha treff på presensformer, 143 av totalt 300 treff på substantivet *brukar* (m.ub.sg.). I søket etter infinitivsforma *sikre* viste det seg at over 800 treff ikkje kom med når ’infinitiv’ var spesifisert som grammatisk trekk. Der eg har vore bevisst at det har funnest homonym, eller av andre grunnar har mistenkt at trefftala ikkje stemmer, har eg gått gjennom alle treffa manuelt. Feiltagging har vore eit problem i både opne (utan grammatiske tagging) og spesifiserte (med grammatiske tagging) søk. Dette har i mange tilfelle ført til at treff har blitt fjerna. Kola støyte på den same problematikken i si korpusundersøking av bokmålsbruk, og ho enda òg opp med å fjerna ein del av treffa sine (2014: 55). Karine Stjernholm (2013: 138) argumenterer i si doktoravhandling for at slik manuell fjerning ikkje er naudsynt, ettersom jobben allereie er gjort. Ho gjer eit søk i TAUS-materialet der ho samanliknar treffa der ho har silt ut feilkjelder, med dei treffa der ho ikkje har gjort det.<sup>17</sup> Fordelinga av formene blei ”nesten lik før og etter siling av dataene ...”, og ho konkluderer derfor med at ”[f]orskjellen på de silte og de usilte dataene vil ikke ha noen betydning for tolkninga av resultatene.” McEnery og Hardie (2012: 32) poengterer at lingvistisk analyse alltid vil vera prega av ei viss mengde feil, eller iallfall inkonsekvens, og verken manuell eller automatisk tagging i korpusssamanheng er feilfri: ”... inconsistency may be inevitable in corpus annotation, whether manual or automatic. But this cannot be seen as a major objection to the practice of corpus annotation, because (...) inconsistency is inevitable in linguistic analysis in general.” Daniel Ridings er òg inne på potensielle farar med å tru at ein kan laga eit feilfritt tagga korpus: ”Den gråa zonen i toppen [som ein sit igjen med etter å ha manuelt kontrollert all data] är inte ens människor överens om. Detta handlar om språk, inte kemi.” (personleg kommunikasjon i e-post 8.1.17)

---

<sup>17</sup> TAUS: Talemålsundersøkelsen i Oslo, gjennomført i 1971–1973

Hadde ikkje presenstreffa i søket etter a- og e-bøyning av *bruka/-e* vore gjennomgått, ville prosentfordelinga mellom a- og e-bøyning av dette verbet vore høvesvis 15 og 85 prosent for tradisjonell og nyare form. Den reelle fordelinga når dei uynskte treffa er fjerna, er 9 og 91 prosent. Innverknaden på dei samla tala for a- og e-bøyning ville likevel ikkje vore så stor: Fordelinga mellom tradisjonell og nyare form i kategorien som heilskap endrar seg frå høvesvis 27,4 og 72,6 prosent til 28,1 og 71,9 prosent om ein har med dei feiltagga formene. Men dersom slik feiltagging hadde funnest for alle verba i denne kategorien, ville skeivskapen blitt større. Eg opplevde såpass mykje feiltagging at eg tykte det var tryggast å gå gjennom dei treffa der eg visste det kunne vera former som var med, som til dømes høyrde til andre ordklassar. På den måten er eg sikker på at frekvensane eg presenterer, er mest mogleg korrekte, og dermed representerer språket eg prøver å seia noko om, på så etterretteleg vis som mogleg. Kva slags feil eg har støytt på, vil eg gjera nærmare greie for når eg presenterer resultata frå dei ulike kategoriane i neste kapittel.

Proposisjonar og meldingar til Stortinget inneholder ofte referansar til tidlegare fatta vedtak eller eksisterande lovar, og det er derfor grunn til å tru at ein kan finna ein del duplikat i dei ulike dokumenta. Der slike duplikat har synt seg rett etter kvarandre, og dermed har vore moglege å oppdaga, har eg fjerna dei overflødige tilslaga, slik at berre éin førekommst av identisk tekst står att. Eg har ikkje funne mange døme på dette. Derimot er mange av dokumenta som blir refererte, på bokmål, og nokre av funna som dukkar opp i eit søk, har vist seg å vera bokmåltekst. Der eg har hatt grunn til å tru at dette er tilfelle, har eg gått gjennom treffa manuelt, og fjerna dei som opphavelig kjem frå tekst på bokmål. Til dømes viser søker etter dei mest frekvente verba i infinitiv 479 treff for *være*. Desse har eg fjerna frå tala mine, sidan det truleg er snakk om bokmåltekst som er sitert i kjeldene (eventuelt feilskriving av nynorsk *være*). Holm og Munkvold (2013: 166) kritiserer Riise-nemndas bruk av korpuset, og dei hevdar mellom anna at mange av tekstkjeldene som er grunnlag for granskingsane i 2012-innstillinga, er på bokmål. I min nokså grundige omgang med korpuset har eg ikkje inntrykk av at det finst heile bokmåltekstar i mitt kjeldegrunnlag, og at resultata dermed er forteikna av den grunn.

## 4.4 Val av variablar

Fordi eg vil finna ut kva former statstilsette vel når dei kan velja fritt mellom ein tradisjonell og ein nyare variant, har eg søkt etter ordformer som var likestilte i læreboknormalen før

2012, og der eg samtidig med ganske stor visse kunne identifisera dei ulike variantane av variablane som anten tradisjonelle eller nyare. Sjølv om eg har lagt til grunn at dei tradisjonelle formene skulle vera del av rettskrivinga før 1917, finst det eit par døme på at òg den nyare forma er belagt i landsmålsrettskrivinga før denne reforma, men i alle tilfella er det mogleg å slå fast at den eine varianten er opphaveleg i landsmålet i høve til den andre (slik eg gjorde greie for i 1.3.5).

For å få eit så fullstendig bilde som mogleg av den offentlege nynorske skriftpraksisen har eg sett etter variasjon på enkeltordnivå, i lydverket og i bøyingsverket. Med unntak av nokre få døme er alle formene framleis tillatne i dagens rettskriving.<sup>18</sup> Formene skal ha ein relativt høg frekvens, slik at ein kan gå ut ifrå at treffa er representative for den faktiske bruken. Eg har valt å ta med dei orda der eg fekk 100 eller fleire treff på tradisjonell og nyare form totalt. Formene eg har søkt etter, er delvis eit resultat av eigen intuisjon knytt til kva slags variasjon som finst (eg rekna frå starten med at eg ville finna bruk av både *me* og *vi* og a- og e-infinitiv). Elles har eg basert utvalet mitt på tidlegare granskningar av valfridommen, og då i hovudsak formene som Lars S. Vikør ser etter i *Rettskriving hos nynorskforfattarar* (1995a), og som Åse Wetås òg brukar i si undersøking av publisert nynorskmaterialer (2001a). Også dei to framlegga til ny rettskriving som Språkrådet utarbeidde på 2000-talet, har vore viktige: I begge desse dokumenta finn ein oversyn over alle kategoriane der det finst/fanst valfridom – anten likestilte eller sidestilte former – innanfor nynorskrettskrivinga. Innstillingane har vore til stor hjelp når det gjeld å slå fast kva status dei ulike formene hadde fram til 2012. Vikør studerer i si undersøking ord- og formval hos forfattarar i tre tidsperiodar: i 30-åra, 50-åra og 70-åra. Forfattarane står fritt til å velja former innanfor den vide rettskrivinga, og for så vidt òg til å gå utanfor denne, om dei ynsker det. Han har òg laga eit detaljert oversyn over valfridommen innanfor norma sidan 1917 og fram til 1995 i *Norma i nynorsk – eit historisk oversyn* (1995b), ein tekst som har vore til mykje hjelp. Wetås ser på formvariasjonen i ulike typar publisert materiale på nynorsk, der ho primært har med avistekst, men òg noko skjønnlitteratur, tre NOU-ar og eit par læreverk. Læreverka og NOU-tekstane måtte fylgja læreboknormalen på det tidspunktet dei blei produserte, mens avisar og forfattarar stod fritt til å velja kva former dei ville.

---

<sup>18</sup> Formene *mye*, *sia*, *treskel*, *fremmend*; monoftong i *høra/-e*, *kjøra/-e*, *rør*, *røst*; *-e-* i *-stella/-e* og *-stelling*; *-d(e)*-form i fortid av *føra/-e*; langform i infinitiv av *hava/-e* og supinums- og adjektivformer på *-i* er ute av rettskrivinga etter 2012. Interessant nok er forma *treskel* framleis tillaten i bokmålsrettskrivinga ved sida av *terskel*.

I undersøkingane sine ser Vikør og Wetås på ein del ord og bøyingsformer som var delte inn i sideformer og hovudformer, slik som bøyning av sterke hokjønnsord i bunden form (*sola [soli]*) og pronomenformer som *deira [deires]* og *noko [noe]*. Leksem eller bøyingsmønster der berre éi form er hovudform, er ikkje aktuelle i mi undersøking. Dei ser òg på ein del likestilt valfridom der eg ikkje har fått nok treff i kjeldene mine til å ta med formene i undersøkinga, som til dømes dei to ulike, likestilte bøyingsmønstera av inkjekjønnsorda *auge, hjarte* og *øyre*. Av former ein eller begge undersøker, som også eg ser på, er enkeltord som *me/vi, difor/derfor, hjå/hos* og *båe/begge*; vokalvariasjon som i *naud/nød*; enkelt- og dobbeltkonsonant i ord som *løn/lønn*, og *j*-former i verb. Dei ser òg på bruken av *bli* andsynes *verta/-e*. I formverket har dei med kategoriane infinitivsending, preteritum *-de* eller *-te* av e-verb og j-verb (*kjende, talte*), supinum av verb med obligatorisk *-(d)de* i preteritum (*nådd, trutt*), kortform og langform av infinitiv i ein del verb (*be(da/-e)*) og *-e* eller *-i* i supinum av sterke verb og i nøytrum av adjektiv som sluttar på *-en*. Eg ser etter alle desse variablane i mi undersøking. Av likestilt valfridom som dei ser på, men som eg ikkje har hatt kapasitet til å ta med i denne undersøkinga, er mellom anna det dei kallar svak bøyning av sterke verb (t.d. *gitt* og *tatt* i staden for *gjeve* og *teke*).

Eg har delt variablane inn i tre grammatiske nivå: enkeltord, lydverk (vokalisme og konsonantisme) og formverk. 72 variablar oppfylte kriteria eg skisserte på førehand. Det vil seia at dei gav 100 eller fleire treff i NON; variantane var ganske tydeleg tradisjonelle eller nyare og kunne brukast på same vis semantisk og syntaktisk. Dei 72 variablane er 21 enkeltord (av typen *hjå/hos*), 29 ord med vokalvariasjon (t.d. *sundag/søndag*) og 14 ord med konsonantvariasjon (t.d. *løn/lønn*), altså totalt 43 variablar innanfor lydverket. I formverket oppfylte 8 ulike trekk kriteria: a-infinitiv og e-infinitiv; a-bøyning og e-bøyning av verb der begge delar er mogleg; supinumsforma av verb med vekslinga *-t(t)/-d(d)* (t.d. *har bygt/bygd*); valfri *-d-* eller *-t-* i preteritum og tilhøyrande supinums- og partisippformer av *føra/-e* (det einaste slike verbet med meir enn 100 treff); langformer og kortformer i infinitiv og *-e* eller *-i* i supinum av sterke verb og nøytrumsforma av adjektiv som sluttar på *-en*. I tillegg har eg søkt etter formene *førsle/førsel* og *vigsle/vigsel*, der val av suffiks og bøyingsmønster heng saman med valfritt genus, og til slutt har eg sett på fleirtalsbøyninga av substantivet *barn*, der bøyingsmønsteret *barn – barna* var (og er) likestilt med *born – borna*.

I enkeltordkategorien har eg lagt vinn på at formpara skal ha tilnærma lik semantisk tyding, for å sikra at det er reelle alternativ som blir sette opp mot einannan. Derfor tok eg til dømes

ikkje med treffa på søket etter *handsama/-e/behandla/-e*, fordi desse to orda ikkje har heilt samanfallande semantisk tyding og blir nytta på litt ulikt vis. 100 prosent semantisk samanfall er sjeldan, men det har likevel vore eit mål at orda skal ha så lik tyding som mogleg, slik at eg ikkje i realiteten samanliknar eple og pærer. Eg har søkt etter former eg trur det er sannsynleg at finst i tekstu frå det offentlege, og har eg vore i tvil, har eg søkt etter den aktuelle forma. I söka etter verb med a- og e-bøyning har eg til dømes søkt etter verb som *baka/-e*, *koka/-e* og *regna/-e*, men ikkje fått treff. Ord som *bræka/-e*, *jåla/-e* og *skrål/a/-e* har eg ikkje sjekka i det heile, sidan det verkar lite truleg at dei skal dukka opp i meldingar og proposisjonar til Stortinget meir enn 100 gongar. Fordi det var eit kriterium at variablane skulle ha 100 eller fleire treff, finst det ord som ein gjerne tenker på som typiske for valfridommen innanfor nynorskrettskrivinga, som likevel ikkje er med, fordi treffa er for små (*diverre/dessverre*, *har butt/budd*). Nokre av formene kunne vore plasserte i ein annan kategori. Mellom anna fører Roger Lockertsen (1999: 174) opp valfridommen mellom *lækjar* og *lege* som eit døme på vokalvekslinga *æ/e*, mens eg har valt å kalla variabelen for eit 'enkeltord' (mellom anna fordi eg meiner skriftbildet her er såpass ulikt). Også *verta/-e/bli* har eg rekna som valet mellom to enkeltord, sjølv om denne vekslinga kunne vore definert som variasjon i formverket. Variabelen *vit/vett* er her ført opp under 'konsonantisme', men kunne òg vore døme på vokalvariasjon. Der fleire plasseringar har vore moglege, har eg måttat velja éi, og dette har i stor grad vore eit spørsmål av praktisk meir enn ideologisk art for min del. Inndelinga ser slik ut:

Grammatisk nivå	Underkategori	Døme på variablar	Tal på variablar
Enkeltord		<i>hjå/hos, naudsynt/nødvendig</i>	21
Lydverk	Vokalisme	<i>fyrst/først, ljos/lys, naud/nød</i>	29
	Konsonantisme	<i>mogna/-e/modna/-e, løn/lønn</i>	14
Formverk		a-bøyning/e-bøyning	8

Tabell 1: Oversikt over undersøkte kategoriar

## 4.5 Gjennomføring av korpusundersøkinga

NON ligg opent tilgjengeleg på internett, på nettsidene til Norsk Ordbok. Her kan ein gjera eit enkelt søk i heile korpuset etter éi bestemt ordform, eller ein kan gjera avanserte søk der ein definerer ulike grammatiske eigenskapar ein vil ha med i treffa, ulike typar kjelder osb. Dei to søkermåtane har eg kalla høvesvis *opne* og *spesifiserte* søk. Funna i oppgåva kjem frå

tre ulike kjelder; odelstingsproposisjonar, stortingsproposisjonar og stortingsmeldingar. Så ofte som mogleg har eg gjort opne søk, andre stadar har det vore naudsynt å spesifisera søka for å få dei treffa eg er ute etter.<sup>19</sup> Treffa dukkar opp som ei liste over ordformene som oppfyller kriteria ein har sett, saman med frekvensen for dei ulike treffa. Viss ein klikkar på ei ordform, får ein opp alle førekommstane av den aktuelle forma til høgre på nettsida, kva kjelde dei finst i, og konkordansen, altså ”naboorda”, til kvar form. Trykker ein på ei av setningane der ordforma opptrer, får ein opp eit nytt vindauge der heile avsnittet kor ordet finst, er å lesa. Slik kan ein vera sikker på å forstå konteksten forma står i, noko som er nyttig til dømes for å undersøka om eit treff er henta frå ein sitert bokmåltekst, eller då eg manuelt skulle sjekka kor mange av perfektum partisipp-formene (som òg kunne vera supinum) som kongruerte med eit subjekt eller objekt, ettersom leddet partisippet er samsvarsbøygd med, ofte kan stå eit stykke lengre framme i setninga. Ved fleire tilfelle dukka som nemnt feiltagging opp i treffa mine, og der eg oppdaga dette eller mistenkte det, gjekk eg gjennom alle treffa for å luka ut slike feil. Alle treffa er kopierte frå nettsida til korpuset og transportert til Excel. I Excel har eg lagt saman trefftala og rekna ut prosentvis og absolutt frekvens for dei ulike variantane, og tabellar over treffa er presenterte i neste kapittel. I 1.3.4 gjorde eg greie for dei ulike nivåa av variablar og variantar.

---

<sup>19</sup> Då eg sökte etter fleirtalsbøytinga av *barn*, valde eg å spesifisera at eg ville ha bunden og ubunden form i fleirtal av inkjekjønnsforma *barn*, for å sleppa treff på eintalsforma eller samansettingar med denne, som ville vore altfor krevjande å sila ut.

# 5 Resultat

I denne delen av oppgåva vil resultata frå granskinga bli presenterte. Eg startar med dei enkeltorda som er undersøkte, deretter tar eg for meg lydverket med høvesvis vokalisme og konsonantisme, og til slutt vil eg sjå på variasjonen innanfor formverket. I tabellane har eg i tillegg ført opp den forma eller dei formene som var hovudform(er) i bokmål før den nye rettskrivinga i 2005, slik at ein kan samanlikna dei nynorske og bokmålske formene. Sjølv om perioden eg ser på, strekker seg til 2010, er endringane i bokmålsrettskrivinga etter 2005 ikkje så store at dei påverkar samanlikningsgrunnlaget mitt. Det er til dømes no lov å skriva *hverken* med *h* i bokmål, men det er vanskeleg å sjå for seg at dette endrar særleg på styrkeforholdet mellom *korkje* og *verken* i nynorsk mellom 2005 og 2010. I kapittel 3 viste eg at majoritetsspråket – bokmål – truleg har innverknad på kva som bli oppfatta som umarkert i nynorsk, og i diskusjonen i kapittel 6 vil ein viktig forklaringsfaktor for enkelte av dei nynorske formvala vera nettopp korleis dei tilsvarende bokmålsformene ser ut. Derfor gjer eg òg kort greie for kva for nokre av bokmålsformene som ser ut til å vera dei mest prestisjefulle, undervegs, i dei tilfella der bokmål har to eller fleire likestilte former.

## 5.1. Enkeltord

21 enkeltord oppfylte kriteria eg la til grunn for val av former. I denne gruppa var det viktig at variantane hadde så lik semantisk tyding som mogleg. Dette gjer at ordformer som i visse tilfelle kan nyttast om einannan, men som berre delvis dekker det same tydingsområdet, ikkje er med i undersøkinga. 20 av variablane har to variantar, mens formene *lekk*, *led* og *ledd* er tre variantar av éin variabel, der dei to fyrste utgjer dei tradisjonelle formene andsynes den nyare forma *ledd*, som blir nytta synonymt med både *lekk* ('ein lekk i ei kjede') og *led* ('ein kneled').

Somme av dei grammatiske orda, som *båe/begge* og *hjå/hos*, finst berre i éi form: Dei har ikkje bøyingsparadigme der forma opptrer med andre lydar eller endingar, og dei kan normalt ikkje brukast i samansettingar. Andre ord kan både bøyast og fungera som ledd i samansettingar, til dømes *døger/døgn* og *byrja/-e/begynna/-e*. Nokre av dei finst i tillegg i fleire ordklassar. Når det gjeld slike ord, har eg med treff både på ordet aleine og i samansettingar, og i alle moglege ordklassar og bøyingskategoriar. Det betyr at i søket etter forma *døgn* har eg fått treff som *døgnet*, *fiskedøgn* og *døgnopen*, som alle er rekna med i

trefftala. I søket etter *byrja/-e* har eg med ulike bøyingsformer: *byrjar* (pres.); *byrjande* (pres. part.) og ulike ordklassar: *byrja* (v.); *byrjing* (s.). I vurderinga av om eit treff tel med, er det avgjerande om det finst ei tilsvarende tradisjonell eller nyare form som ein like gjerne kunne brukt. I søka etter *lækjar* har eg til dømes fjerna treff som innehold ulike bøyingsformer av verbet *lækja/-e*, sidan vekslinga mellom *lækjar* og *lege* berre var mogleg i substantiv, ikkje verb. Når det gjeld formene *bli* og *verta/-e*, fanst det tre ulike bøyingsparadigme før 2012 (slik også no): 1) *bli – blir – blei – blitt*; 2) *bli – blir – vart – vorte*; 3) *verta/-e – vert – vart – vorte*. Verbet *bli* har altså eit alternativt bøyingsmønster med preteritum og supinum/perfektum partisipp *vart/vorte*. Dette gjev to ”reine” paradigme og eitt med ”blanda bøyning”. Statistisk sett er sjansen for at ein brukar ei *bli*-form eller ei *verta/-e*-form dermed 50/50, om ein ser vekk ifrå at dei ulike tempusformene normalt ikkje blir nytta like ofte (noko eg av kapasitetsomsyn har vore nøydd til å gjera her), mellom anna avhengig av sjanger. Når det gjeld dei bokmålsformene som har fleire likestilte hovudformer, har eg søkt etter begge/alle variantane i Leksikografisk bokmålskorpus (LBK), som innehold bokmåltekstar frå 1985 og fram til i dag, for å få eit inntrykk av kva som er den mest brukte bokmålsforma i nyare tid. Der utgjer *von* 0,7 prosent av treffa på *von/håp(e)*; preteritumsformene *vart* og *blei* 0,7 prosent i variabelen *vart/blei/ble*; *prov(e)* 0,4 prosent i variabelen *prov(e)/bevis(e)* og *sia* utgjer 0,7 prosent av treffa i variabelen *sia/siden*. Det ser derfor ut til at i dei tilfella der også bokmål har fleire variantar, er det den tradisjonelle forma som er klart mest nytta.<sup>20</sup>

Orda er for enkelheits skuld berre ført opp med grunnforma i tabellen, og der orda finst i fleire ordklassar, har eg valt verbet som grunnform (også i dei tilfella der verbet ikkje er grunnforma historisk, som t.d. i *vona/-e*). Med unntak av *me/vi*, *båe/begge*, *hjå/hos*, *korkje/verken*, *difor/derfor*, *medan/mens*, *mykje/mye*, *sidan/sia* og *kvifor/korfor* innehold som nemnt treffa både samansettingar, avleiningar og bøyingsformer der slike finst, i enkelte tilfelle med treff frå to eller tre ordklassar (t.d. *håp* (s.), *håpefull* (a.), *håpa* (v.)). Tabellen er organisert frå lågast til høgast treffprosent for dei tradisjonelle formene, det vil seia at dei variablane der den tradisjonelle varianten er minst brukt, kjem fyrst.

---

<sup>20</sup> Søket etter *håp* i LBK gjev 6836 treff, mens *von* gjev 7 korrekte treff (mange av treffa var feiltagga særnamn). *Vart* gjev 934 treff, men av dei første 100 treffa er berre 3 treff frå bokmåltekstar. Dei resterande 97 treffa er frå nynorskttekstar og tekstar på dialekt, i tillegg til 2 treff på adjektiv og 1 feilskriving av *var*. *Blei* gjev 2218 treff, mens *ble* derimot gjev 332 423 treff. Søket etter *prov* gjev 35 treff i LBK; 21 av desse ser ut til å vera frå bokmåltekst. Til samanlikning gjev *bevis* 4951 treff. Når det gjeld *sia*, gjev denne forma 263 korrekte treff i LBK, mens den tilsvarende *sidan* gjev 36 513 treff, når ’adverb’/’konjunksjon’ er spesifisert.

Tradisjonell form			Nyare form			Bokmål
treskel	0 %	0	terskel	100 %	202	terskel
me	0,5 %	14	vi	99,5 %	3042	vi
døger	1,1 %	4	døgn	98,9 %	355	døgn
vokster	1,2 %	38	vekst	98,8 %	3096	vekst
lekk, led	2,8 %	100	ledd	97,2 %	3443	ledd
båe	5,1 %	59	begge	94,9 %	1097	begge
hjå	7,5 %	170	hos	92,5 %	2084	hos
viljug	16,4 %	279	villig	83,6 %	1424	villig
prova/-e	23,2 %	160	bevisa/-e	76,8 %	529	bevis(e), prov(e)
lækjar	24,6 %	236	lege	75,4 %	724	lege
naudsynt	28 %	1776	nødvendig	72 %	4570	nødvendig
korkje	30,8 %	135	verken	69,2 %	303	(h)verken
verta/-e	33,7 %	26 674	bli	66,3 %	52 463	bli – blir – ble(i)/vart – blitt
difor	34,5 %	2803	derfor	65,5 %	5330	derfor
vona/-e	56,2 %	73	håpa/-e	43,8 %	57	håp(e), von
byrja/-e	62,2 %	289	begynna/-e	37,8 %	176	begynne
medan	70,7 %	2127	mens	29,3 %	881	mens
stifting	79,2 %	723	stiftelse	20,8 %	190	stiftelse
mykje	99,1 %	2216	mye	0,9 %	21	mye
sidan	99,4 %	1430	sia	0,6 %	8	siden, sia
kvifor	100 %	140	korfor	0 %	0	hvorfor
<b>total</b>	33 %	39 439	<b>total</b>	67 %	79 995	
<b>trad.</b>			<b>nyare</b>			

Tabell 2: Variasjon blant enkeltord

Om ein legg saman alle treffa av høvesvis tradisjonelle og nyare variantar, er fordelinga 33 prosent for dei tradisjonelle formene og 67 prosent for dei nyare. Av dei 21 variablane er det 7 der den tradisjonelle forma utgjer meir enn 50 prosent. I halvparten av formpara (10) utgjer den tradisjonelle forma mindre enn 25 prosent, og i 7 av formpara mindre enn 10 prosent.

## 5.2 Lydverk

Totalt 43 variablar oppfylte kriteria som låg til grunn for søket, når det gjaldt variasjon i lydverket; 29 ord med vokalvariasjon og 14 ord med konsonantvariasjon. I denne delen går eg først gjennom vokalvariasjonen, deretter tar eg for meg konsonantvariasjonen. Alle variablane har to variantar, med unntak av éin: Når det gjeld formene *nykel*, *lykel* og *nøkkel*, er dei to første her rekna som tradisjonelle variantar og den siste som ei nyare form. Aasen har med begge dei fyrstnemnde i *Norsk Ordbog*, men med *lykel* som tilrådd form; *nykel* kjem inn i 1938-rettskrivinga, mens *nøkkel* først kjem inn i læreboknormalen i 1959. Fordi det er vokalen, *y*, som er tradisjonell, har eg rekna både *lykel* og *nykel* som tradisjonelle former.

### 5.2.1 Vokalisme

I denne kategorien har eg søkt etter mest alle orda både aleine, i samansettingar og i ulike bøyingsformer og ordklassar. Unntaka er adverba *endå/enda* og *då/da*, som verken kan bøyast eller er produktive i samansettingar. Når det gjeld formpar som til dømes *høyra/-e/høra/-e*, har eg sett både på verbet aleine (*høyra* (inf.)), som samansett verbal (*tilhøyrer* (pres.)) og ordet brukt som ledd i substantiviske samansettingar eller som avleingar (*høyningsbrev*, *ophør*).

I vekslinga mellom *føre-* og *for(e)-* har eg søkt etter formene som prefiks i ord som ifylgje oversikta til Riise-nemnda kan ha valfritt føreledd *føre-* eller *for(e)-*, som i *føredrag/foredrag* og *føremål/formål* (Språkrådet 2011: 95–96). Når det gjeld vokalvekslinga *e/i*, er samansette verbformer med *-stella/-e* og *-stilla/-e* slått saman med substantiva, sidan det er den same vokalvariasjonen som opptrer her. Etterleddet *-stella/-e/stilla/-e* blir nytta i samansette verbal: *framstella/-e/framstilla/-e*, mens *-st(e/i)lling* blir brukt som suffiks i substantiv: *jamstelling/jamstilling*. Enkelte slike ord har berre éin mogleg skrivemåte (*førestella/-e* og *innstilling* var eineformer fram til 2012), men dei fleste har valfri form, og det er desse eg har søkt etter (ei fullstendig liste finst hos Språkrådet (2011: 96)). I søka etter *klåra/-e/klara/-e* har eg fjerna treffa på *klarering*, som er eineform, og tatt ut treffa på *klarerere*, som var verbformer (inf.) og ikkje komparativforma av *klar*. Eg har òg fjerna alle treffa på *klara/-e* i tydinga ’å greia, meistra’, der form med *-å-* ikkje var eit alternativ. Når det gjeld *ljod* og *lyd*, har eg tatt ut treffa på *huslyd*, *kyrkjelyd*, *valkyrkjelyd* og *døvekyrkjelyd*, ettersom det her er snakk om *-lyd* i tydinga ’folk, forsamling’, og ikkje substantivet som har med tonar og høyrsel å gjera. I desse orda er ikkje *ljod* eit alternativ. Variantar av *naudsynt* og *nødvendig* er

tatt ut av søka på *naud/nød*, og førte opp som ein variabel under 5.1. Enkeltord. Når det gjeld *daud(e)/død*, kan begge formene brukast som substantiv og adjektiv. Som verb var hovudforma fram til 2012 *døy*, med *dø* som sideform. Formene *døyeleg/dødeleg* var (og er) likestilte, men her er ikkje ei form med *au*-diftong eit alternativ, og eg har derfor tatt ut treff som inneheld *dø(y/d)eleg*. I ein del søk har det òg vore naturleg å ta ut særnamn, sidan desse i regelen ikkje blir omsette, og valfridommen dermed ikkje er den same. Det har vore særleg aktuelt i førekomstane av *skule/skole*, der meir enn 500 treff på særnamn blei tatt ut. I søka etter *skule* bestod ein stor del (971) av førekomstane av forma *skulesekken*. Desse skriv seg frå treff på eit særnamn, nemleg det statlege prosjektet *Den kulturelle skulesekken* og stortingsmeldinga med same namn (Kultur- og kyrkjedepartementet 2003). Det er til samanlikning berre 12 treff på *skolesekken* med *o*. Desse treffa er derfor fjerna, både varianten med *u* og med *o*.

Når det gjeld dei likestilte bokmålsformene, viser søk i LBK at diftongform i adjektivet *daud* er nytta i 0,9 prosent av tilfella av *daud/død*; *famne* er ikkje brukt i det heile i variabelen *famne/favne*; *fremmend* er brukt i 0,05 prosent av tilfella av *fremmend/fremmed* og *aleine* i 4,9 prosent av tilfella i *aleine/alene*. *Røst* er nytta i 8,3 prosent av tilfella andsynes *stemme*. I likskap med dei likestilte bokmålsformene i enkeltordkategorien er det dei tradisjonelle variantane som er klart mest nytta.<sup>21</sup> Som i førre avsnitt er formene for enkelheits skuld ført opp berre med grunnforma, og der orda finst i fleire ordklassar, har eg valt verbet som grunnform, sjølv der grunnforma historisk høyrer til i ein annan ordklasse (t.d. *klåra/-e/klara/-e*).<sup>22</sup> I tabellen under er variablane og variabelgruppene organiserte etter aukande treffprosent for den tradisjonelle forma i variabelen eller variabelgruppa som heilskap.

Tradisjonell form			Nyare form			Bokmål
JO	0,7 %	11	Y	99,3 %	1609	
ljod	0 %	0	lyd	100 %	847	lyd
ljos	1,4 %	11	lys	98,6 %	762	lys

<sup>21</sup> Søk i LBK gjev 9 treff på *daud(t)*, men berre 6 er frå bokmåltekst. Søket på *dau(t)* gjev 129 treff, mange på dialekt eller i replikkar i skjønnlitteratur, mens *død*, *dødt*, *døde* gjev 14 562 treff. *Famne* gjev ingen treff i LBK, mens *favne* gjev 161 treff. Søket på *fremmend* gjev 6 treff, mens *fremmed* gjev 11 136 treff. Søket på *aleine* gjev 912 treff, men her er det usikkert kor mykje som kjem frå nynorske eller dialektale tekstar. Søket på *alene* gjev 17 560 treff. *Røst* gjev 734 treff, også her kan ein del av treffa vera frå tekst på dialekt. Til samanlikning gjev *stemme* 8133 treff.

<sup>22</sup> I formparet *lukke/lykke* verka det likevel mest naturleg å velja substantivet, sidan verbet berre finst i passiv.

<b>E</b>	<b>4,4 %</b>	<b>57</b>	<b>I</b>	<b>95,6 %</b>	<b>1234</b>	
-stella/-e, -stelling	0,4 %	5	-stilla/-e, -stilling	99,6 %	1159	-stille, -stilling
billeg	40,9 %	52	billig	59,1 %	75	billig
<b>Y</b>	<b>6,3 %</b>	<b>1013</b>	<b>Ø</b>	<b>93,7 %</b>	<b>15 057</b>	
nykel/lykel	1 %	3	nøkkel	99 %	295	nøkkel
fyrst	5,1 %	554	først	94,9 %	10 300	først
ynske (s.)	6,2 %	101	ønske (s.)	93,8 %	1529	ønske
ynskja/-e	10,8 %	355	ønskja/-e	89,2 %	2933	ønske
<b>U</b>	<b>16,2 %</b>	<b>47</b>	<b>Ø</b>	<b>83,8 %</b>	<b>243</b>	
brunn	1,9 %	3	brønn	98,1 %	157	brønn
sundag	33,8 %	44	søndag	66,2 %	86	søndag
<b>Ø</b>			<b>O</b>			
føre-	21,1 %	1655	for(e)-	78,9 %	6201	for(e)-
<b>U</b>			<b>O</b>			
skule	29,1 %	2714	skole	70,9 %	6611	skole
<b>Å</b>	<b>32,7 %</b>	<b>3250</b>	<b>A</b>	<b>67,3 %</b>	<b>6697</b>	
klåra/-e	7,3 %	441	klara/-e	92,7 %	5615	clare
åleine	56,8 %	246	aleine	43,2 %	187	ale(i)ne
endå	70,5 %	308	enda	29,5 %	129	enda
då	74,6 %	2255	da	25,4 %	766	da
<b>A</b>	<b>32,8 %</b>	<b>436</b>	<b>E</b>	<b>67,2 %</b>	<b>894</b>	
jarn	0,8 %	7	jern	99,2 %	894	jern
framand	100 %	429	fremmend	0 %	0	fremme(n)d
<b>U</b>	<b>49,5 %</b>	<b>1597</b>	<b>Y</b>	<b>50,5 %</b>	<b>1630</b>	

lukke	43,7 %	603	lykke	56,3 %	776	lykke
skulda/-e	53,8 %	994	skylda/-e	46,2 %	854	skyerde
<b>diftong</b>	<b>69 %</b>	<b>13 079</b>	<b>monoftong</b>	<b>31 %</b>	<b>5871</b>	
daud(e)	0,2 %	1	død	99,8 %	611	død (s.), død/dau(d) (a.)
laupa/-e	2,1 %	50	løpa/-e	97,9 %	2282	løpe
dauv	2,4 %	4	døv	97,6 %	164	døv
naud	26,9 %	97	nød	73,1 %	264	nød
køyra/-e	67,6 %	854	kjøra/-e	32,4 %	410	kjøre
røyr	70,2 %	490	rør	29,8 %	208	rør
høyra/-e	81,2 %	8335	høra/-e	18,8 %	1931	høre
røyst	100 %	3248	røst	0 %	1	stemme, røst
<b>E</b>			<b>A</b>			
femna/-e	97,5 %	310	famna/-e	2,5 %	8	favne, famne

Tabell 3: Oversikt over vokalvariasjon

Dei ulike gruppene av vokalar lagt saman, i stigande rekkefølgje etter treffprosenten til dei tradisjonelle formene:

Tradisjonell form			Nyare form		
jo	0,7 %	11	y	99,3 %	1609
e	4,4 %	57	i	95,6 %	1234
y	6,3 %	1013	ø	93,7 %	15 057
u	16,2 %	47	ø	83,8 %	243
føre-	21,1 %	1655	for(e)-	78,9 %	6201
skule	29,1 %	2714	skole	70,9 %	6611
å	32,7 %	3250	a	67,3 %	6697
a	32,8 %	436	e	67,2 %	894
u	49,5 %	1597	y	50,5 %	1630
diftong	69 %	13 079	monoftong	31 %	5871

<i>femna/-e</i>	97,5 %	310	<i>famna/-e</i>	2,5 %	8
<b>total trad.</b>	34,4 %	24 169	<b>total nyare</b>	65,6 %	46 055

Tabell 4: Vokalvariasjonen samanfatta

Ser ein på alle treffa i vokalvariasjon under eitt, er fordelinga mellom tradisjonelle og nyare former høvesvis 34,4 og 65,6 prosent. Dei interne variasjonane er såpass store at ein bør sjå på den enkelte variabelen eller variabelgruppa for å få betre inntrykk av stoda for dei ulike vokalvariantane. Av dei 29 variablane er det 10, altså rett over ein tredjedel, der den tradisjonelle forma utgjer meir enn 50 prosent. I om lag halvparten av formpara (14) utgjer den tradisjonelle forma mindre enn 25 prosent, og i 12 av dei mindre enn 10 prosent. Heilt tydeleg er det at dei tradisjonelle formene *ljod* og *ljos* mest ikkje er brukte i tekst frå offentleg forvaltning, det same gjeld *stella/-e/stelling*, *nykel/lykel*, *brunn*, *jarn* og diftongform i *daud(e)*, *lauv* og *dauv*. Tradisjonelle former som held seg godt, er *femna/-e*, diftongen  $\phi$  andsynes  $\phi$ , *framand*, *då* og *endå*.

### 5.2.2 Konsonantisme

Når det gjeld konsonantvariasjonen som finst i nynorsk rettskriving, har ein god del av orda med slik variasjon vore delte i hovudformer og sideformer, mens mange former med likestilt valfridom ikkje gav treff i mine kjelder i NON. Det er derfor ein god del færre variablar i denne kategorien enn i gruppa med vokalveksling. Konsonantvariablane som oppfylte kriteria, er *g/0*, *g/d*, *j/ikkje j* og enkelt-/dobbeltkonsonant. Som i førre kategori har eg søkt etter formene aleine, samansette og i fleire ordklassar, der det er mogleg. Til dømes inneheld tala for *mogna/-e/modna/-e* treff frå ulike ordklassar: verb (*modna*), substantiv (*mognadsnivå*) og adjektiv (*umogne*), og ulike bøyingsstrek i innanfor kvar bøyingskategori: *moden* (positiv) og *modnare* (komparativ).

I samband med vekslinga *g/0* har eg med treff på både substantiva *trugsel/trussel* og verba og partisippa *truga/-e, truande; trua/-e, truande*. Her er treffa på bunden form av substantivet *tru* (f.) og det tilhøyrande partisippet fjerna. Dei aller fleste verb som kan ha *j* i stammen etter *g* og *k*, har hatt *j*-form som hovudform og *j-laus* form som sideform (*leggja/-e [legga/-e]*) sidan 1959 (ein del sidan 1938). Nokre få verb, substantiv og adjektiv har hatt likestilt valfridom, men berre to av desse gav nok treff i mitt subkorpus til å bli med i materialet: Formene *fremja/-e/fremma/-e* blei likestilte i 1917, og *hemja/-e/hemma/-e* i 1959. Desse er dermed dei

einaste formene som her er undersøkte i samband med valfri *j*. Når det gjeld *-døm(m)e* og *-dom(m)-*, har eg søkt etter desse berre som suffiks; usamansett *døme* har ei anna tyding ('eksempel') og er ikkje det same leksemet som suffikset, og i søker etter *-døm(m)e* har eg òg tatt ut treffa på *føredøme*, sidan etterleddet her heng saman med denne andre tydinga av *døme*. Dei usamansette dobbeltkonsonantformene *dommen [domen]* (m.b.sg.) og *dommar [domar]* (m.ub.sg.) har vore hovudformer sidan 1959, enkeltkonsonant i desse orda var altså ikkje innanfor læreboknormalen. I søker på *medlem(m)*- har eg berre med treff i bunden form eintal og begge fleirtalsformene, sidan det berre er her valfridommen viser seg. I søker etter *skjøn(n)* har eg tatt ut dei treffa som inneheld samansettinga *skjønnlitteratur* eller avleiringar av denne, sidan forma med dobbeltkonsonant var (og er) eineform i slike ord. Opne søker på *ven(n)* gav for mange irrelevante treff (t.d. *eventuelle, oppgåvener, konsekvensar*), derfor søker eg etter orda *ven(n)leg* og *ven(n)skap* i samansettingar (*miljøvenleg, vennskapsnettverk*), dei enkelte bøyingsformene der ordklassen og bøyingsform var spesifisert ("venn", "vener") og *ven(n)-* som fyrsteledd i samansettingar med fuge-e (som gav treff som t.d. *venneforeiningar*). Når det gjeld formene *vit* og *vett*, har eg tatt ut adjektivet *medvite* og bøyingsformer av dette, sidan berre vokalvariasjon, ikkje konsonantvariasjon, er tillate her. I denne kategorien, som i dei andre, er berre grunnforma (verbet viss det er treff i fleire ordklassar, uavhengig av kva som er den historiske grunnforma) ført opp. Treffa er organiserte etter aukande frekvens for dei tradisjonelle variantane.

Tradisjonell form			Nyare form			Bokmål
G			D			
mogna/-e	22 %	28	modna/-e	78 %	99	modne
<b>G</b>			<b>0</b>			
truga/-e	36,6 %	188	trua/-e	63,4 %	326	true, trussel
<b>M</b>	<b>39,1 %</b>	<b>4430</b>	<b>MM</b>	<b>60,9 %</b>	<b>6887</b>	
medlem-	8,6 %	299	medlemm-	91,4 %	3185	medlemm-
-døme	19,3 %	42	-dømme	80,7 %	176	-dømme
-dom-	28,9 %	418	-domm-	71,1 %	1027	domm-
koma/-e	59,5 %	3671	komma/-e	40,5 %	2499	komme

<b>N</b>	<b>45 %</b>	<b>2127</b>	<b>NN</b>	<b>55 %</b>	<b>2595</b>	
ven	15,1 %	98	venn	84,9 %	552	venn
løna/-e	41 %	1243	lønna/-e	59 %	1792	lønne
skjøna/-e	75,8 %	786	skjønna/-e	24,2 %	251	skjønne
<b>J</b>	<b>62,3 %</b>	<b>2647</b>	<b>ikkje J</b>	<b>37,7 %</b>	<b>1605</b>	
hemja/-e	0 %	0	hemma/-e	100 %	798	hemme (v.), hemm(et/a) (a.)
fremja/-e	76,6 %	2647	fremma/-e	23,4 %	807	fremme
<b>T</b>			<b>TT</b>			
skot	84 %	7256	skott	16 %	1378	skudd, skott
vit	96,2 %	152	vett	3,8 %	6	vett
brot	97,9 %	2039	brott	2,1 %	43	brudd, brott

Tabell 5: Oversikt over konsonantvariasjon

Dei ulike gruppene av konsonantar samanfatta, i stigande rekkefylgje etter treffprosenten til dei tradisjonelle formene:

<b>Tradisjonell form</b>			<b>Nyare form</b>		
<i>mogna/-e</i>	22 %	28	<i>modna/-e</i>	78 %	99
<i>truga/-e</i>	36,6 %	188	<i>truua/-e</i>	63,4 %	326
total <i>m</i>	39,1 %	4430	total <i>mm</i>	60,9 %	6887
total <i>n</i>	45 %	2127	total <i>nn</i>	55 %	2595
<i>j</i> -form	62,3 %	2647	<i>j</i> -laus form	37,7 %	1605
total <i>t</i>	86,9 %	9447	total <i>tt</i>	13,1 %	1427
<b>total trad.</b>	<b>59,3 %</b>	<b>18 867</b>	<b>total nyare</b>	<b>40,7 %</b>	<b>12 939</b>

Tabell 6: Konsonantvariasjonen samanfatta

Som heilskap skil denne kategorien seg frå dei andre: Dei tradisjonelle formene er nytta i 59,3 prosent av tilfella, og er dermed i fleirtal. Av dei 13 variablane er det 6, altså nesten halvparten, der den tradisjonelle forma utgjer meir enn 50 prosent: Variantar av *koma/-e* er belagt i 59,5 prosent av tilfella andsynes *komma/-e*, mens dei tradisjonelle variantane

*fremja/-e* og *skjøna/-e* utgjer drøye tre fjerdedelar av sine variablar. Aller sterkest står dei tradisjonelle enkeltkonsonantformene i vekslinga mellom *t* og *tt*; formene *skot*, *vit* og *brot* utgjer i gjennomsnitt 86,9 prosent av sine variablar. I rett under halvparten av formpara med konsonantvariasjon (5) utgjer den tradisjonelle forma mindre enn 25 prosent, men berre i 2 formpar er den tradisjonelle varianten belagt i mindre enn 10 prosent av tilfella: Det gjeld *j*-form i *hemja/-e* og enkeltkonsonant i *ven*.

## 5.3 Formverk

### 5.3.1 Infinitivsforma

295 infinitivsformer som sluttar på *-a* eller *-e*, har 100 eller fleire treff i mine kjelder i NON. Av dei er 13 kortverb eller samansette kortverb, som *be*, *dra* og *ivareta*, der vekslinga mellom a- og e-infinitiv ikkje er relevant. I denne kategorien spesifiserte eg det grammatiske trekket 'infinitiv' i søket, men fleire av formene som kom med i treffa, viste seg likevel å vera feiltagga former frå andre delar av bøyingsparadigmet eller frå andre ordklassar, og ein del var òg frå bokmål. For 22 av formene var det så mange av treffa som var feiltagga, at det samla talet på treff blei mindre enn 100 då eg talde dei manuelt, og desse er dermed ikkje med i materialet.<sup>23</sup> Mange av dei resterande verba eg undersøkte, hadde òg døme på feiltagging, men der eg gjennom oppteljing fann 100 eller fleire belegg, let eg formene stå.<sup>24</sup>

Tradisjonell form			Nyare form			Bokmål
a-infinitiv	6,5 %	9843	e-infinitiv	93,5 %	142 100	e-infinitiv

Tabell 7: A- og e-infinitiv

<sup>23</sup> Treffa på *busette*, *sette*, *oppheva*, *forenkla*, *avvikla*, *venta*, *omfatta*, *endra*, *oppretta* og *styrka* viste seg å vera mest berre supinum og partisipp; *vare* fanst hovudsakeleg som substantiv i uttrykket "ta vare på", og *samtykke*, *auka*, *saka*, *måla*, *sona* og *møta* var stort sett substantiv. Av 981 treff på *avtala* var berre 2 av dei infinitivar, resten var preteritum, partisipp og substantiv. *Grunna* blei stort sett brukt som partisipp. Bokmålsforma *være* dukka òg opp, med 479 treff (dette kan òg vera feilskriving av *vere*). Treffa på *gjorde* og *trekte* var preteritumsformer av *gjera/-e* og *trekka/-e* feiltagga som infinitiv, ikkje dei homonyme infinitivane med anna semantisk tyding.

<sup>24</sup> Eg har talt manuelt alle verba som har det eg vurderer som relativt frekvente homonym i andre ordklassar eller i andre bøyingsformer, med unntak av ein del former med a-infinitiv som òg har a-bøyning. Her kan feilprosenten potensielt vera stor, fordi desse treffa kan vera partisipp og preteritumsformer – bøyingskategoriar som ofte viste seg å komma med sjølv om eg definerte dei ut av söka. I söka etter verba *omfatta* og *endra* var til dømes meir enn 90 prosent av treffa feiltagga, mens om lag 35 prosent av førekommstane av *sikra* var feiltagga. Eg har ikkje hatt kapasitet til å gå gjennom alle treffa på desse a-formene, og sidan ulikskapane har vore så store, har eg ikkje tort å slå fast ein gjennomsnittleg feilprosent for verb med a-bøyning, men det er grunn til å tru at frekvensen for a-infinitiv ville vore endå litt lågare hadde eg fintalt desse førekommstane, fordi ein del av verba då ville hatt færre enn 100 treff på infinitiven og ikkje blitt rekna med i det heile.

Den nyare infinitivsforma med -e dominerer tydeleg med 93,5 prosent av treffa andsynes a-infinitiv.

### 5.3.2 A- eller e-bøyning av verb

Fram til 2012 måtte dei som fylgte læreboknormalen, vera konsekvente og halda seg til anten a-bøyning (*brukar – bruka – bruka* i presens, preteritum og supinum) eller e-bøyning (*bruker – brukte – brukt*) av dei verba der begge bøyingsmönstera var moglege. Elevar og andre som ikkje var bundne av læreboknormalen, kunne i tillegg nytta eit mønster kalla blanda bøyning (*brukar – brukte – brukt*). E-bøyninga samsvarar stort sett med bøyingsmönsteret for dei same verba i bokmål; blant dei formene eg har undersøkt, er det berre *tale* som har ei sidestilt fortidsbøyning '*tala, har tala*' til '*talte, har talt*' i bokmålsrettskrivinga. Dei fleste verba det gjeld, er slike med lang stammevokal før konsonant, men ikkje alle slike verb fylgjer denne bøyninga (Norsk Språkråd 2002b: 100).

I denne kategorien har eg søkt opent etter verb som hadde a-bøyning før 1917, men som etter læreboknormalen kunne bøyast som både a-verb og e-verb, og som eg gjekk ut ifrå var nytta i statleg tekst.<sup>25</sup> I tillegg til grunnforma av verba er det med samansette former som *uttalte* og *påpeikar*. Ved sida av dei seks verba *klara/-e, bruka/-e, tala/-e, peika/-e, svara/-e* og *spela/-e* gav *skapa/-e*, der ein òg kunne velja mellom a- og e-bøyning på 2000-talet, mange treff. Fordi Aasen allereie i *Norsk Ordbog* fører opp både a-bøyning og e-bøyning av dette verbet, meiner eg det blir gale å kalla det eine bøyingsmönsteret meir tradisjonelt enn det andre, og let vera å ta med desse treffa. Søket etter verbet *heva/-e* gav òg mange treff, men Aasen har berre forma *hevja*, og denne har sterkt bøyning. *Heva/-e* kom først inn i 1959-rettskrivinga, og fekk då både a-bøyning og e-bøyning. Eg sökte opent etter ordformene, og fjerna manuelt infinitivsformer og homonym frå andre ordklassar. Når det gjeld *klara/-e*, har eg til dømes fjerna treffa på homonymet *klara(r)* i tydinga 'å klara opp', der berre a-bøyning er mogleg. Av dei tilsvarande formene i bokmål har *tale* ei alternativ bøyingsform i preteritum og supinum, *tala*, som er identisk med dei tradisjonelle formene i nynorsk, men denne ser ikkje ut til å vera nytta i det heile.<sup>26</sup> Det er dermed tydeleg at prestisjeforma i bokmål er fortidsforma med -t(e): *talt(e)*. *Spille* har ei alternativ form, *spelle*, i bokmål, men sjølv om denne har ein annan vokal i rota,

<sup>25</sup> Oversikt over verb med både a- og e-bøyning finst i Beito 1986 (305–306).

<sup>26</sup> Søk i LBK gjev 33 treff på verbforma *tala*, men alle er svensk, nynorsk, dialekt eller særnamn. Til samanlikning gjev *talte* 1729 og *talt* 1777 treff.

er bøyingsmønsteret, som står sentralt her, det same: *speller – spelte*. Dei seks verba er organiserte i stigande rekkefylgje etter treffprosenten til dei tradisjonelle formene.

Tradisjonell form			Nyare form			Bokmål
a-bøyning			e-bøyning			
klarar – klara – klara	3,7 %	18	klarer – klar(t/d)e – klart	96,3 %	473	klarer – klarte – klart
brukar – bruka – bruka	9 %	179	bruker – brukte – brukt	91 %	1812	bruker – brukte – brukt
talar – tala – tala	21,6 %	1496	taler – talte – talt	78,4 %	5422	taler – talte, tala – talt, tala
peikar – peika – peika	42 %	1208	peiker – peikte – peikt	58 %	1665	peker – pekte – pekt
svarar – svara – svara	45,2 %	723	svarer – svarte – svart	54,8 %	878	svarer – svarte – svart
spelar – spela – spela	63,8 %	317	speler – spelte – spelt	36,2 %	180	sp(i/e)ller – sp(i/e)lte – sp(i/e)lt
<b>Total trad.</b>	<b>27,4 %</b>	<b>3941</b>	<b>Total nyare</b>	<b>72,6 %</b>	<b>10 430</b>	

Tabell 8: Oversikt over a- og e-bøyning

Når det kjem til a- og e-bøyning av verb, viser søker at den nyare e-bøyninga er nytta i totalt 72,6 prosent av tilfella der dette er valfritt. Variasjonen mellom dei ulike verbformene er likevel ganske stor: Tradisjonell a-bøyning er nytta i 63,8 prosent av tilfella i bøyninga av *spela/-e*, men berre i 3,7 prosent av tilfella i bøyninga av *klara/-e*.

### 5.3.3 Supinum med -t(t) eller -d(d)

Ein del verb i nynorsk har valfri -t(t) eller -d(d) i supinum av verbet og i inkjekjønnsforma av perfektum partisipp. Det gjeld svake verb der stammen endar på vokal (*nå*, *sy*) eller -d, -g eller -v etter vokal (*arbeida/-e*, *bygg(j)a/-e*, *leva/-e*). Det gjeld òg sterke verb som kan ha kortform eller langform i infinitiv, og som får svak bøyning i partisipp (*be(da/-e)*, *ri(da/-e)*) (Språkrådet 2011: 200). Supinumsforma er den ubøygde forma etter *har*, mens perfektum partisipp-forma viser kongruensbøyning med eit substantiv, ofte etter former av *vera/-e*,

*bli/verta/-e*. Supinumsforma er alltid lik inkjekjønnsforma av perfektum partisipp, og i norsk grammatisk tradisjon blir 'supinum' og 'perfektum partisipp' brukte om ein annan (Lie 1994). Når det gjeld verba eg ser på i denne gruppa, blir hankjønn- og hokjønnsformene av perfektum partisipp skrivne med *-d* (*verandaen/innhegninga er bygd*), mens inkjekjønnsforma er valfri, lik supinum (*huset er bygt/bygd*). Fordi eg ikkje har klart å finna ei fullstendig liste over kva verb denne vekslinga gjeld, nokon stad, har eg søkt etter dei døma som Språkrådet gjev i 2012-innstillinga (2011: 200), supplert med 2002-innstillinga og eigen kunnskap.

I søka etter desse formene var berre supinum og inkjekjønn av perfektum partisipp relevante. Sjølv om ein kan presisera i søkeuttrykket at ein vil ha treff på partisippformer i NON, ser det ut til at dette gjev treff *både* i perfektum partisipp og i supinum. Eit sok på partisippformer av *greia/-e* gav til dømes 35 treff, men dette var stort sett supinumsformer. Ein kan heller ikkje spesifisera at ein *berre* vil ha treff på supinumsformer. Eg enda derfor opp med å søka opent etter alle formene. Etterpå gjekk eg gjennom alle treffa på *butt/budd* og *kravt/kravd* (totalt 522), og skilde manuelt supinumsformene og inkjekjønnsformene av partisippet frå partisippformene av hokjønn og hankjønn, i dei treffa der verbforma slutta på *-d(d)*. 21,4 prosent av *budd*-formene og 16,1 prosent av *kravd*-formene viste seg å vera kongruerande hokjønn- og hankjønnsformer, der endinga *-t(t)* ikkje var eit alternativ. Eg justerte deretter ned trefftala for *-d(d)*-formen i alle variablane eg søkte etter, med 20 prosent. Det vil seia at ei form som *levd*, som opphavelig gav 229 treff, berre blei registrert med 183 treff etter denne justeringa. *Butt/budd* blei tatt ut av materialet, sidan det totale trefftalet etter utlukkinga enda på under 100. Ei viktig innvending mot denne framgangsmåten er at ikkje alle verba like gjerne opptrer i partisippformer. Det kan derfor vera at tala for *-d(d)*-formene burde vera høgare enn det eg har lagt til grunn når eg har trekt frå 20 prosent (der partisippbruk av verbet er sjeldan, vil dei fleste *-d(d)*-formene vera supinumsformer der valfridom er mogleg, og dei burde dermed vore med i undersøkinga). Så lenge partisipp-tagginga ikkje skil mellom perfektum partisipp og supinum, finst det ikkje nokon enkel måte å skilja partisippa med *-d(d)* frå dei identiske supinumsformene. Sidan dei nyare formene dominerer i så stor grad, ser eg ikkje på dette som eit stort problem. For den *-d(d)*-formen som har flest treff totalt, *arbeidd*, er trefftalet 1647 og forma utgjer 96,5 prosent av treffa i sitt formpar. Hadde eg ikkje trekt frå 20 prosent, ville det vore 412 fleire treff, men prosenttalet ville berre auka til 97,2, altså med 0,7 prosent.

Når det gjeld dei likestilte hovudformene i bokmål, varierer bruken i LBK mykje. *Spreid* er ikkje nytta i det heile; dei tradisjonelle *spredt* og *spredd* står for 100 prosent av treffa i variablene *spredt/spredd/spreid*. Leda utgjer 1,1 prosent andsynes *ledet*, og *arbeidd/arbeida* 0,4 prosent andsynes *arbeidet*. I desse variablane ser dei tradisjonelle formene ut til å bli føretrekte. Fordelinga mellom *bygget/bygd* er jamnare: 54,7 prosent vel den nyare forma *bygd*. I vekslinga *krevd/krevet* vel skribentane den nyare forma *krevd* i 77,6 prosent av tilfella.<sup>27</sup> Dei ulike formpara er førte opp i stigande rekkefølgje etter treffprosenten for den tradisjonelle forma.

Tradisjonell form			Nyare form			Bokmål
leitt	0 %	0	leidd	100 %	178	ledet, leda
rådt	0,7 %	2	rådd	99,3 %	272	rådd
nått	0,9 %	2	nådd	99,1 %	215	nådd
levt	1,1 %	2	levd	98,9 %	183	levd
greitt	1,7 %	2	greidd	98,3 %	113	greid
spreitt	1,8 %	2	spreidd	98,2 %	111	spredd, spredt, spreid
arbeidt	3,5 %	60	arbeidd	96,5 %	1647	arbeidet, arbeida, arbeidd
kravt	5,2 %	19	kravd	94,8 %	344	krevd, krevet
prøvt	5,4 %	12	prøvd	94,6 %	211	prøvd
bygt	9,7 %	57	bygd	90,3 %	530	bygd, bygget
<b>total trad.</b>	<b>4 %</b>	<b>158</b>	<b>total nyare</b>	<b>96 %</b>	<b>3804</b>	

Tabell 9: -*t(t)* eller -*d(d)* i supinum

Tala her er ganske eintydige: *T*-former i supinum og perfektum partisipp av inkjekjønn der dette er mogleg, er lite nytta. Oftast er den tradisjonelle forma nytta i ordet *bygt*, men då berre i 9,7 prosent av tilfella. Minst brukt er dei tradisjonelle formene *leitt*, *rådt*, *nått*, *levt*, *greitt* og *spreitt*, som utgjer mellom 0 og 1,8 prosent av treffa i sine formpar. Ser ein på absolute treff, er *arbeidt* og *bygt* klart mest nytta av dei tradisjonelle formene, men samanlikna med dei nyare formene utgjer desse variantane likevel berre 3,5 og 9,7 prosent i sine formpar.

<sup>27</sup> *Spredd* gjev 579 treff i LBK; *spredt* 1422; *leda* 16, *ledet* 1452; *arbeidd* 15, *arbeida* 3, *arbeidet* 3131; *bygd* 4720, *bygget* 3909; *krevd* 1007 og *krevet* 290.

### 5.3.4 Fortid med -d- eller -t-

Før 2012 hadde dei fleste j-verb (*telja/-e*) og e-verb (*dømma/-e*) ei form for valfridom mellom -de og -te i preteritum og tilhøyrande former med -d- og -t- i perfektum partisipp, men mange av dei var delte i hovudformer og sideformer. Dei verba som hadde *likestilte* hovudformer med -d-/t- i preteritum og perfektum partisipp, var alle e-verb med stammeutgang på -l, -m og -r. Eit fullstendig oversyn over dei likestilte formene fann eg i 2002-innstillinga (Norsk Språkråd 2002b: 101–102). Av desse var det berre éi av formene som gav 100 eller fleire treff: *førde/førte*. Eg har søkt etter verbet både aleine og samansett, det betyr at både former som *førde*, *gjennomførte* og *tilførd* er med.

Tradisjonell form			Nyare form			Bokmål
førd(e)	9,5 %	134	ført(e)	90,5 %	1278	ført(e)

Tabell 10: -d- eller -t- i fortid

I vekslinga mellom -d- og -t- i preteritum og perfektum partisipp av *føra/-e* dominerer den nyare forma klart. Blant dei andre verba med den same valfridommen, som ikkje hadde 100 eller fleire treff og derfor ikkje er med i undersøkinga, var òg formene med -t- einerådande.

### 5.3.5 Lang eller kort infinitivsform

Nynorsk hadde før 2012 valfridom mellom likestilte kort- og langformer av infinitiv i 40 svake og sterke verb (Språkrådet 2011: 183). Eg søkte etter dei 28 formene eg trudde kunne dukka opp i offentleg tekst, og 8 av desse variablane gav 100 eller fleire treff. Også i bokmål var lang og kort infinitivsform av *be(de)*, *by(de)* og *rå(de)* likestilte hovudformer før 2005-reforma. *Bede* og *byde* gjev få treff i bokmåltekst, og eg reknar derfor med at kortformene er blitt dei prestisjefulle her, mens langforma *råde* dominerer med 69,1 prosent andsynes *rå*, basert på litt usikre tal.<sup>28</sup> Når det gjeld verbet *gje(va/-e)*, som har ei synonym kortform *gi* (samnorskform frå 1917), har eg valt å ikkje ta med treffa på *gi*, men berre treffa på *gje* av kortformene. *Gi* har ikkje ei tilsvarande langform *giva/-e*, sjølv om *giva* var forma hos Aasen, og det blir derfor misvisande å seia at *gi* er kortforma av *gjeva/-e*, sjølv om *gi* og *gje(va/-e)*

<sup>28</sup> *Bede* gjev ingen treff i LBK, mens *be* gjev 6482 treff. Søk på *byde* gjev 9 treff: 4 av dei er sitert bibeltekst i ein høgtideleg stil, 3 er sitat på norskdansk frå rundt hundreårskiftet og 2 er frå nyare bokmåltekst. *By* gjev 1711 treff. Verken *råde* eller *rå* gjev treff i det heile når ein spesifiserer verb eller infinitiv som grammatiske trekk. I eit opent søk gjev *råde* 438 treff, mens *rå* gjev 1376, men mange av desse er truleg adjektiv. Eit søk etter *rå* med spesifisert adjektiv-tagg gjev 1186 treff. Om desse er riktig tagga, betyr det om lag 190 av treffna er på verbforma (eg går ut ifrå at substantivet er lite brukt). I så fall er langforma brukt i 69,1 prosent av tilfella.

kan brukast om kvarandre.<sup>29</sup> Tabellen er organisert slik at dei tradisjonelle variantane med lågast treffprosent kjem først.

Tradisjonell form			Nyare form			Bokmål
beda/-e	0 %	0	be	100 %	294	be(de)
byda/-e	0 %	0	by	100 %	762	by(de)
hava/-e	0 %	0	ha	100 %	10 158	ha
gjeva/-e	0,1 %	2	gje	99,9 %	2707	gi
taka/-e	0,2 %	13	ta	99,8 %	8208	ta
draga/-e	1,5 %	4	dra	98,5 %	262	dra
lata/-e	7 %	22	la	93 %	294	la
råda/-e	7,7 %	14	rå	92,3 %	167	rå(de)
<b>total trad.</b>	<b>0,2 %</b>	<b>55</b>	<b>total nyare</b>	<b>99,8 %</b>	<b>22 852</b>	

Tabell 11: Lang eller kort infinitivsform

Blant verba med valfrie lange og korte former i infinitiv er dei nyare kortformene så godt som einerådande. Totalt finst langform i berre 0,2 prosent av tilfella. I 3 av formpara er ikkje den tradisjonelle forma belagt i det heile, mens dei resterande 5 variablane har absolutte treff mellom 2 og 22 for langforma. I formpara der dei totale treffa for variabelen som heilskap er klart størst, *ha(va/-e)* og *ta(ka/-e)*, dominerer dei nyare formene fullstendig, med høvesvis 100 og 99,8 prosent av treffa.

### 5.3.6 -e eller -i i supinum og nøytrumsforma av adjektiv på -en

Fram til 2012 kunne ein velja mellom *e*- og *i*-ending i supinum av sterke verb (*har skrive/skrivi*) og i nøytrum av adjektiv som slutta på *-en* (*huset er ope/opi*). *I*-forma var ei samnorskform som blei gjort til hovudform i 1938, med utgangspunkt i talemålet i mange austlandske målføre. I læreboknormalen i 1959 kom den tradisjonelle *-e*-forma inn att som likestilt hovudform. Av sterke verb var det 11 der supinumsformene gav 100 eller fleire treff i søka mine, det same gjorde dei to adjektivformene *ope* og *broke*. For å unngå treff på infinitivsformer av enkelte av verba, søkte eg etter desse med det grammatiske trekket

<sup>29</sup> *Gi* og samansett verbal med *gi* er nytta meir enn dobbelt så mykje som *gje* i mine kjelder i NON, med 5838 treff.

'partisipp' spesifisert. Det ser ut til at ein slik spesifikasjon gjev treff i både supinum og partisipp, som nemnt under 5.3.3. For å vera sikker på at eg ikkje gjekk glipp av treff med *-i*, søkte eg òg opent på desse 13 formene, med same resultat. *I*-formene blei aldri verken sideformer eller hovudformer i bokmål, sjølv om ei slik tilnærming var del av diskusjonen i utarbeidingsa av læreboknormalen.

Tradisjonell form			Nyare form			Bokmål
skrive	99 %	197	skrivi	1 %	2	skrevet
kom(m)e	100 %	1380	kom(m)i	0 %	0	kommet
teke	100 %	4748	teki	0 %	0	tatt
vorte	100 %	781	vorti	0 %	0	blitt
drive	100 %	159	drivi	0 %	0	drevet
funne	100 %	370	funni	0 %	0	funnet
vore	100 %	7400	vori	0 %	0	vært
gjeve	100 %	925	gjevi	0 %	0	gitt
bede	100 %	241	bedi	0 %	0	bedt
halde	100 %	532	haldi	0 %	0	holdt
vakse	100 %	127	vaksi	0 %	0	vokst
ope (a.)	100 %	324	opi (a.)	0 %	0	åpent
brote (a.)	100 %	104	broti (a.)	0 %	0	brutt
<b>total trad.</b>	100 %	17 288	<b>total nyare</b>	0 %	2	

Tabell 12: *-e* eller *-i* i supinum av sterke verb og nøytrum av adjektiv på *-en*

Den nyare *i*-endinga er så godt som ikkje nytta i det heile i offentleg tekst: Av 17 290 treff er det berre 2 belegg på ei *-i*-form: *skrivi*.

### 5.3.7 Bøyning av substantiv på *-sle/-sel*

Fram til 2012 var dei fleste substantiv som slutta på *-sel*, hokjønnsord, mens nokre få var hankjønns- eller inkjekjønnsord. Fleire av dei hadde ei parallel form med suffikset *-sle*, som berre hadde hokjønnsbøyning. Av orda som både kunne vera hokjønns- og hankjønnsord eller hokjønns- og inkjekjønnsord med denne vekslinga, gav *vigsle/vigsel* og *førsle/førsel* over 100 treff i subkorpuset mitt i NON. I desse substantiva høyrer altså suffikset *-sle* til hokjønnsforma (*ei vigsle, ei førsle*), mens endinga *-sel* viser hankjønnsforma (*ein vigsel, ein*

*førsel*).<sup>30</sup> Former med to ulike bøyingsmønster i hokjønn, der berre oppslagsforma er ulik (t.d. *ferdsle/ferdsel*), er ikkje med her, sidan desse ikkje viser døme på genusvariasjon. Eg har søkt etter heile bøyingsparadigmet av desse orda, der *-sle* (f.) i ubunden form eintal har bøyingsparadigmet *-a/-er/-ene*; mens *-sel* (m.) i ubunden form eintal har paradigmet *-en/-ar/-ane*. Begge orda er søkte etter aleine (*vigsle*) og som ledd i samansettingar (*utførsel*). 14 av 42 treff på *vigslar* var verbalsubstantiv (*ein viglsar*), og alle 9 treffa på *vigsla* var adjektiv; desse treffa er tatt ut.

Tradisjonell form			Nyare form			Bokmål
vigsle (f.)	0 %	0	vigsel (m.)	100 %	150	vigsel (m.)
førsle (f.)	9,5 %	66	førsel (m.)	90,5 %	632	førsel (m.)
<b>total trad.</b>	<b>7,8 %</b>	<b>66</b>	<b>total nyare</b>	<b>92,2 %</b>	<b>782</b>	

Tabell 13: Substantiv på *-sle* og *-sel*

Den tradisjonelle hokjønnsforma er brukt i berre 7,8 prosent av tilfella i dei to substantiva. Forma *vigsle* er ikkje nytta i det heile, mens *førsle* er brukt i 9,5 prosent av tilfella.

### 5.3.8 Fleirtalsbøytinga av *barn*

Ein variabel eg gjekk ut ifrå ville gje ein del treff i offentleg tekst, er fleirtalsformene av *barn*. Aasen har formene *born*, *borni* i *Norsk Ordbog*, og desse var eineformer (med likestilt form *borna* til *borni* i bunden form fleirtal frå 1917) fram til 1959, då formene med *a* i rota, *barn/barna*, kom inn som likestilte hovudformer til formene med *o*.<sup>31</sup> For å unngå treff på eintalsforma og samansettingar der *barn* er føreledd (og dermed eintalsform), valde eg å spesifisera søket mitt nokså nøye her, og søkte etter inkjekjønnsforma av substantivet i fleirtal. Eg fekk treff på forma aleine (*borna*) og som etterledd i samansettingar (*skulebarn*).

Tradisjonell form			Nyare form			Bokmål
born(a)	17,5 %	910	barn(a)	82,5 %	4292	barn(a)

Tabell 14: Fleirtalsbøyting av *barn*

<sup>30</sup> Formene *redsel/redsel*, *køyrsle/kjørsle/køyrsel/kjørsel* og *lengsle/lengsel* har same genusvekslinga, men søker etter desse orda gav få treff. *Hengsel/hengsel*, *skremsle/skremsel* og *stengsle/stengsel* har veksling mellom hokjønnsform og inkjekjønnsform, men ingen av desse finst i mine kjelder i NON.

<sup>31</sup> I 1938 blei i-forma (*borni*) sideform, men rotvokalen har heile tida vore den same. *Barni* blei såleis sideform frå 1959, då forma med *a* i rota kom inn i rettskrivinga.

Den nyare forma dominerer tydeleg med 82,5 prosent av treffa i variabelen *born(a)/barn(a)*.

### 5.3.9 Samanfatting av formverket

Det er hovudsakeleg valfridom innanfor verb-klassen som her er undersøkt: 6 av dei 8 variablane viser valfridom innanfor verbbøyninga, mens vekslinga *-sle/-sel* og *born(a)/barn(a)* viser variasjon innanfor substantivbøyninga. I tabellen under er dei ulike formtrekka framstilte samla. Variablane er sorterte i stigande rekkefylgje der den kategorien med lågast oppslutning for den tradisjonelle forma kjem først.

	Tradisjonell form			Nyare form		
<b>lang el. kort form i inf.</b>						
	langform	0,2 %	55	kortform	99,8 %	22 852
<b>-t(t) el. -d(d) i supinum</b>						
	-t(t)	4 %	158	-d(d)	96 %	3804
<b>infinitivsending</b>						
	a-inf.	6,5 %	9843	e-inf.	93,5 %	142 100
<b>-sle el. -sel (s.)</b>						
	-sle (f.)	7,8 %	66	-sel (m.)	92,2 %	782
<b>-d- el. -t- i fortid</b>						
	-d-	9,5 %	134	-t-	90,5 %	1278
<b>barn (pl.)</b>						
	born(a)	17,5 %	910	barn(a)	82,5 %	4292
<b>a-/e-bøyning</b>						
	a-bøyning	27,4 %	3941	e-bøyning	72,6 %	10 430
<b>-e el. -i sup./n. av adj.</b>						
	-e	100 %	17 288	-i	0 %	2
<b>trad. former</b>		14,9 %	32 395	<b>nyare former</b>	85,1 %	185 540

Tabell 15: Formverket samanfatta

Variablane eg har sett på innanfor formverket, er av svært forskjellig art og bør studerast kvar for seg. Eg har likevel rekna ut eit gjennomsnitt for dei ulike variablane, for seinare å kunna samanlikna formverket som kategori med enkeltorda og lydverket. Ser ein på fordelinga mellom tradisjonelle og nyare former innanfor alle variablane, er det tydeleg at dei nyare formene dominerer klart, med unntak av supinums- og adjektivforma på *-i*. Det tradisjonelle formtrekket som held seg dårlegast i tekst frå det offentlege i mine funn, er dei lange infinitivsformene. Blant 22 852 treff er slike former berre nytta 55 gongar, og utgjer skarve 0,2 prosent. Supinumsformer med *-t(t)* og a-infinitiv er heller ikkje mykje brukt andsynes *-d(d)* og e-infinitiv: Dei tradisjonelle formene utgjer høvesvis 4 og 6,5 prosent av treffa. Marginalt sterkare står hokjønnsbøyning av *vigsle* og *førsle* (7,8 %), *-d*-form i fortid av *føra/-e* (9,5 %), den tradisjonelle fleirtalsbøyninga av *barn* (17,5 %) og a-bøyning av verb (27,4 %). Den variabelen der dei tradisjonelle formene kjem best ut og dominerer totalt, er supinumsformer av sterke verb og nøytrumsformer av adjektiv på *-en*, der den tradisjonelle forma med *-e* står for 100 prosent av belegga andsynes *-i*. I 7 av 8 variablar dominerer dei nyare formene med meir enn 70 prosent, i 5 av 8 med meir enn 90 prosent.

## 6 Diskusjon

Eg skal i dette kapittelet gå gjennom funna frå kategoriane enkeltord, lydverk og formverk og kommentera dei konkrete resultata i lys av teoriar om normeringsagentar, avsendarposisjon og bokmålsnærleik, slik eg var inne på i kapittel 3. Handbøker som er brukte som rettleiande i staten, saman med departementas eigne fråsegrer om korleis dei skriv, er òg viktige forklaringsfaktorar for språkbruken, og for å kunna drøfta resultata med denne kunnskapen i bakhand, gjer eg greie for dette fyrst. Korpussøka viser at dei tilsette i det offentlege i gjennomsnitt brukar nyare former innanfor nynorskrettskrivinga oftare enn tradisjonelle, særleg i formverket, sjølv om det naturleg nok finst variasjon innanfor kategoriane. Eg meiner derfor det er grunnlag for å seia at det finst ei nynorsk husnorm i departementa, som hallar i retning av nyare ord- og bøyingsformer, med viktige unntak eg skal komma tilbake til. Sidan tendensen er at dei statstilsette helst nyttar nyare former, blir det mest interessante spørsmålet korfor dei likevel i enkelte tilfelle vel dei tradisjonelle formene framfor dei nyare; eg konsentrerer meg derfor primært om dei tradisjonelle formene som står sterkt i mitt materiale. Sidan eg er særleg interessert i dei funna som potensielt viser at dei statstilsette skil seg ut og skriv annleis enn det språkbrukarar elles gjer, slik det er gjort greie for i 2.8, har eg i kvar kategori laga ein tabell som viser frekvensane for mine funn samanlikna med det som kjem fram hos Borge (2004), Vikør (1995a)<sup>32</sup>, i *Nynorsk frekvensordbok* (NF) (1989), hos Wetås (2001a) og i eit par tilfelle hos Sandøy-nemnda (Norsk Språkråd 2002b), Riise-nemnda (Språkrådet 2011) og hos Helge Dyvik (2012). Mange faktorar gjer at funna ikkje kan jamførast direkte: Dei ser på ulike typar tekstar av ulike lengder; desse er frå ulike tidsperiodar, og mange stadar er belegga svært få. Særleg er det grunn til å merka seg at Borge og Vikør ser på høvesvis 13 og 10 enkeltskribentar kvar; til samanlikning inneheld NF om lag 1 million ord. Samtidig er materialet i NF og hos Vikør (1976–1984) litt eldre enn resten av kjeldene. Med desse etterhalda i mente kan ei jamføring av granskingane likevel gje eit inntrykk av i kor stor grad det offentlege språket liknar eller skil seg frå tendensane blant andre nynorskskribentar.

---

<sup>32</sup> Frå Vikør sine funn har eg berre med formvala til forfattarane frå syttiåra, sidan desse ligg nærmast 2000-talet i tid, og dermed er dei det gjev mest mening å samanlikna med blant dei forfattarskapa han ser på.

## 6.1 Dei uttalte preferansane i det offentlege

Det står verken i læreboknormalen eller i mållova kva slags former dei statstilsette skal eller bør velja – tvert imot står det i læreboknormalen at dei likestilte formene er nøyaktig like gode. Likevel ser det ut til å ha utvikla seg husnormer for nynorsk formbruk i departementa, noko både Sandøy-nemnda (Norsk Språkråd 2002b: 27–28) og Riise-nemnda (Språkrådet 2011: 34) peikar på. Riise-nemnda (Språkrådet 2011: 4) skriv at blant dei statsetatane som brukar profesjonelle omsettalar for å oppfylla krava i mållova, er det mange som bestiller nynorskversjonar som skal vera *så bokmålsnære som mogleg*. Karianne Borge (2004: 19) siterer Berit Rinnan frå NRK, som i 1974 uttalte følgjande om formvala i tekstinga på kanalen:

Vi prøver å få teksterne til å bruke ord som er alminnelig kjent, og hvis det faller innenfor læreboknormalen, ord *som er felles med bokmål*. Vi ber teksterne huske at vår hensikt med tekstingen er at flest mulig skal få glede av programmet, ikke at vi skal utvide ordforrådet hos folk. (mi uth.)

Denne fråsegna illustrerer det Borge fann då ho undersøkte NRK-tekstinga snaue 20 og 30 år seinare: I 1993 og 2003 vel tekstarane framleis i overveldande stor grad nynorske former som er felles for dei to skriftspråka.

For å finna ut kor utstrekkt bruken av omsettartenester var, tok eg kontakt med alle departementa og etterlyste informasjon om korrekturlesingsprosedyrar når det gjaldt nynorske meldingar og proposisjonar til Stortinget. Eg spurde om dei utførte desse sjølve, eller om dei nytta profesjonelle språkvaskarar/korrekturlesarar, og kven som bestemte kva former ein skulle bruka når ein hadde valet mellom fleire, som i *skule/skole, me/vi*. Omfanget varierer, men åtte av ni departement som har svart, seier at dei tidvis brukar eksterne konsulentar til å omsetta frå bokmål til nynorsk eller til å språkvaska nynorske tekstar, sjølv om mesteparten av korrekturlesinga skjer på huset. Trass at spørsmålet mitt dreidde seg om *kven* som tok desse avgjerdene, svarte mange også på *kva* dei bestemte. Når det gjeld kva slags former dei nyttar, skriv Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) at dei ynsker å brukha ei ”moderne form” for nynorsk, og at dei formidlar dette i bestillinga av omsettartenester. Forsvarsdepartementet (FD) svarar at reglane dei har utarbeidt, går i retning eit ”mindre konservativt nynorsk”, mens Arbeids- og sosialdepartementet (AD) skriv at dei nyttar dei nynorske språkformene som ligg tettast opp til bokmål. I Utanriksdepartementet (UD) har dei

ein eigen omsettarseksjon, som òg tar seg av omsetting av større dokument frå bokmål til nynorsk. Leiar for seksjonen opplyser at dei har ein fast medarbeidar som gjer desse omsettingane. Ho ”... har nynorsk som målform og har valgt å legge seg på et moderat nynorsk nært opptil bokmål – altså uten de mest utrerte formene.” (UD, personleg kommunikasjon i e-post 18.4.17) Kunnskapsdepartementet (KD) er det einaste departementet som viser til nedfelte, skriftlege retningslinjer for språkbruken i større dokument som stortingsmeldingar, og legg desse ved i e-posten. Der står det:

Vi bruker verb med e-ending, og ikkje med a-ending. Vi skriv til dømes *å komme* og ikkje *å komma*. Vi bruker verb utan j dersom dette er valfritt. Vi skriv til dømes *å følge* og ikkje *å følgje*. Vi bruker den forma i fortid som er mest lik bokmål. Vi skriv til dømes *har leigd* og ikkje *har leigt* av *leige* og *blei* og ikkje *vart* av *bli*. Når det er valfridom mellom formar (sic), bruker vi den forma som er mest bokmålsnær. (alle uth. i original)

Svara frå fleire av departementa er ganske så eintydige: Anten dei skriv sjølve eller set oppgåva vekk til eksterne konsulentar, har dei eit uttalt ynske om å skriva bokmålsnær nynorsk. FD har retningslinjer som hallar mot ein ”mindre konservativ nynorsk”, som i allfall tyder at dei ikkje skriv veldig tradisjonelt. HOD nemner ikkje bokmål særskilt, men kallar nynorsken dei produserer, for moderne; noko eg tolkar som ’bokmålsnær’ i lys av svara til dei andre departementa. Den eg var i kontakt med i UD, seier at dei vil skriva ein nynorsk som ligg tett opp til bokmål, og kallar denne ’moderat’. Ho nemner spesifikt at formene ikkje skal vera utrerte, altså ytterleggåande eller overdrivne. Omgrepa ’moderat’ og ’ikkje utrert’ vitnar om at dei ynsker å skriva eit nøytralt språk som ikkje stikk seg ut, og i ein del av departementa ser dette ut til å vera synonymt med valet av bokmålsnære former.

## 6.2 Formval i handbøker for offentleg nynorsk

Det er laga mange handbøker for offentleg språkbruk opp gjennom åra: Lenge produserte det offentlege sine eigne hefte og brosjyrar, og seinare har ulike forfattarar tatt på seg oppgåva på eige initiativ. Dei lærebøkene eller skriva som finst for god nynorsk statleg språkbruk, og som eg har sett på, ser ikkje ut til å tilrå særskilte former mellom hovudformene, med eitt unntak. Dei fleste er altså i utgangspunktet ”nøytrale” når det gjeld valet mellom likestilte former, og opplyser om at det finst val, og at ein bør vera konsekvent. Men formene forfattarane av desse tekstane sjølve vel, vil ha innverknad på kva ein usikker statstilsett får inntrykk av er dei mest naturlege formene å bruka. Riise-nemnda skriv at ”... når svært mange

lærebøker bruker e-infinitiv, er det sannsynleg at elevane får eit inntrykk av at dette er ei meir riktig eller meir framtidsretta form enn a-infinitiv.” (Språkrådet 2011: 35) Om ei byter ut ’lærebøker’ med ’handbøker’ og ’elevane’ med ’statstilsette’, blir innverknaden frå formvala i denne typen hjelphemiddel tydeleg, viss det er slik at dei gjennomgåande nyttar dei same formene.

Forbrukar- og administrasjonsdepartementet laga i 1980 *På godt norsk: Ei handbok i nynorsk språkbruk*, som kom i ny utgåve i 1986. Handboka er i fyrste rekke laga for folk i offentleg teneste, med mål om ”... å styrkje opplæringa i nynorsk i den offentlege forvaltninga.” (Fretland et al. 1986: 5) Fordi fire ulike forfattarar står bak boka, blir det mellom anna nyttat både a- og e-infinitiv i dei ulike kapitla, noko dei opplyser om i innleiinga. Dei brukar gjennomgåande formene *vi*, *ønske* (s.) og *først*, men òg tradisjonelle former som *lækjar* og *klår* (men likevel *forklare*). Jan Olav Fretland, ein av forfattarane bak *På godt norsk*, har òg laga handboka *På saklista. Nynorsk språkbruk i statsforvaltninga*, som er mynta på tilsette i det offentlege som vil skriva god forvaltningsnynorsk. Her skriv han at eit av problema for dei som skriv, er vaklinga mellom former: ”Ein prøver kanskje å skrive e-infinitiv, men så dukkar det opp ein a-infinitiv innimellom. Gjer deg derfor til vane å ha ei lita konsekvensliste (...). Der skriv du opp dei formene du vel, og så kan du kontrollere neste gong du kjem i tvil.” (2000: 11) Deretter gjev han døme på korleis ei slik konsekvensliste ser ut for *På saklista*, altså for den boka lesaren held i handa. Lista ser slik ut:

- e-infinitiv (*å høyre*)
- *vi* (ikkje *me*)
- *derfor* (ikkje *difor*)
- *gi* (ikkje *gje*)
- *skule* (ikkje *skole*)
- *høyre, køyre* (ikkje *høre, kjøre*)
- *først* (ikkje *fyrst*)
- *då* (ikkje *da*)
- *klar* (ikkje *klår*)
- *bli – blir – blei – blitt* (ikkje *verte – vert – vart – vorte*)
- *bruker – brukte – brukt* (ikkje *brukar – bruca – bruka*)

Konsekvenslista til Fretland har ei klar overvekt av nyare former. Dei einaste tradisjonelle formene på lista er *skule*, *då* og diftong i *høyre/køyre*. Han skriv likevel at han brukar ”... berre hovudformer, og formene ligg jamt over nokså midt inne i sirkelen [ein figur på same side som viser overgangen mellom tradisjonelle og bokmålsnære former].” (2000: 11) I *Korleis – strake vegen til god nynorsk*, som mellom anna er mynta på folk i offentlege stillingar og språklege konsulentar, skriv Egil Ellenes og John Øyvind Hovde at dei gjev deg ”... alt du treng å vite for å skrive eit perfekt nynorsk.” (2013, baksidetekst) I boka kan me lesa at ”[d]et enklaste er å gløyme verbet *verte*. Bruk *bli* då det ligg nærest den forma du er van med å bruke på bokmål.” (2013: 14) I tillegg er den klare tilrådinga å velja e-infinitiv og forma *vi*: ”Det *luraste* er å velje e-infinitiv, sidan det ligg nærest bokmål. (...) Sidan du er van med å skrive *vi* på bokmål, er det *best* å nytte det same ordet på nynorsk.” (2013: 15, mine uth.) Det skal seiast at boka rettar seg mot bokmålsbrukarar, og er meint å vera eit pedagogisk hjelpemiddel – dei tilrår derfor ofte formene som er identiske i nynorsk og bokmål. Men dei gjer det ikkje gjennomgåande: Dei skriv òg at ein bør skriva *då* og *no* i staden for *da* og *nå* (2013: 15). Det er heller ikkje semje innanfor fagmiljøet om at liten avstand mellom morsmål og det språket ein skal læra, er eit gode for innlærarane, noko det verkar som om desse forfattarane tar for gjeve. Eg veit ikkje kor mykje brukt denne boka er i offentleg forvaltning, men det er interessant at ho er mynta mellom anna på statstilsette, og at tilrådingane er så lite nøytrale. Desse døma frå 80-åra og 2000-talet viser at forfattarar av handbøker til bruk i nynorsksamanheng vekslar ein del i formvala. *På saklista* frå 2000 er den der formvala hallar tydelegast mot nyare former, mens *Korleis – strake vegen til god nynorsk* er mest eksplisitt i tilrådingane, der dei andre berre skriv at ein bør vera konsekvent. Det skal seiast at i den oppdaterte utgåva av *På saklista* frå 2015 ser konsekvenslista til Fretland radikalt annleis ut. Her har han ført opp a-infinitiv, formene *me*, *gje*, *fyrst*, *klår*, bøyings *bli* – *blir* – *vart* – *vorte* og blanda bøyings som former han konsekvent nytta i boka. Med unntak av *derfor* har han gått over til meir tradisjonelle former samanlikna med utgåva frå 2000, og han sett formvala i samband med at han sjølv kjem frå Sørvestlandet (2015: 14).

Måten ekspertar skriv på, står fram som føredøme for dei som vil læra. Denne korte gjennomgangen viser at variasjonen blant forfattarar som lagar hjelpemiddel til nynorskbruk i statsforvaltninga, er ganske stor, men med unntak av i *På saklista* frå 2015, dominerer iallfall dei nyare variantane *vi*, *ø*-former andsynes *y*-former og e-infinitiv. Det same gjer meir tradisjonelle diftongar andsynes monoftongar og ein del tradisjonelle å-former andsynes *a*-former i alle dei nemnde bøkene. Alle desse trekka, med unntak av *au*-diftongen, er frekvente

i tekstane eg har undersøkt frå departementa. Språket i slike handbøker ser dermed ut til å ha ein viss innverknad på statleg tilsette, iallfall når det gjeld formval der nynorsksamfunnet elles er meir ymist, som i vekslinga mellom *me/vi* og dei to infinitivsendingane.

## 6.3 Enkeltord

Når det gjeld enkeltorda, er naturleg nok variasjonen mellom variablane ganske stor: Det er ikkje eitt overordna fellestrekksom sameiner orda i denne kategorien, tvert imot finst her både ”stort og smått”. Den nyare forma dominerer i 14 av dei 21 variablane; her utgjer ho 65,5 prosent eller meir. I alle desse formpara er den nyare nynorskforma identisk med den prestisjefulle forma i bokmål. For desse variablane er det dermed naturleg å tru at det er ynsket om å skriva bokmålsnært eller umarkert som gjer seg gjeldande.

Det er interessant å sjå nærmare på dei tradisjonelle formene som trass i alt held seg godt, og òg kor vidt dei statstilsette skil seg frå andre nynorskskribentar. Eg har derfor sett opp treffa for dei mest frekvente tradisjonelle formene i tabellar, der eg samanliknar funna frå mitt subkorpus i NON med formala som er rapporterte frå tidlegare undersøkingar (desse er skildra i 2.8). Som nemnt i innleiinga til dette kapittelet er ikkje tala moglege å jamføra direkte, sidan kjeldene er så ulike, men dei kan gje ein peikepinn på kva som er tendensane. Vestbøstad (1989) har organisert oppslagsorda i alfabetisk rekkefylgje, og det er derfor mange samansettingar som er med i mine treff, som eg ikkje vil få auge på i *Nynorsk frekvensordbok* (NF). Ved å samanlikna dei usamansette grunnformene, til dømes verba og substantiva, kan ein likevel få eit inntrykk av kva stoda er variantane imellom. I undersøkingane til Vikør (1995a) og Borge (2004) er det ein del av forfattarane og tekstarane som vekslar mellom formene. Slike tilfelle har eg tatt ut frå tala eg presenterer nedanfor, og berre rekna ut prosenten for den tradisjonelle forma der ho er brukt aleine, andsynes der den nyare forma er brukt aleine. Hos Wetås (2001a) er det vanskeleg å rekna ut noko gjennomsnittstal: Ho ser på svært mange ulike kjelder av ulik storleik i undersøkinga si, og materialet som heilskap er ikkje jamført i samanliknande tabellar. Eg har derfor berre ført opp kva form som dominerer i materialet hennar. I tabellen viser eg frekvensane for dei 7 variablane der den tradisjonelle forma dominerer i mitt materiale i NON, i tillegg til forma *me*, som eg skal kommentera heilt til slutt i dette avsnittet.

Ordform	Malmin 2017	Borge 2004	Vikør 1995 (70-åra)	NF 1989	Wetås 2001
me	0,5 %	0 %	20 %	21,1 %	mest <i>vi</i>
vona/-e	56,2 %	-	-	71,5 %	-
byrja/-e	62,2 %	50 %	-	72,2 %	-
medan	70,7 %	37,5 %	-	89,9 %	-
stifting	79,2 %	-	-	0 %	-
mykje	99,1 %	100 %	90 %	96,3 %	-
sidan	99,4 %	100 %	90 %	97,8 %	-
kvifor	100 %	91,7 %	100 %	100 %	-

Tabell 16: Dei mest frekvente tradisjonelle enkeltorda + *me* i ulike undersøkingar

**Vona/-e:** Variantar av *vona/-e* er valde i 56,2 prosent andsynes variantar av *håpa/-e*. Ei mogleg forklaring at *håpa/-e* ikkje kom inn i rettskrivinga før i 1959, og at ordet i eit rettskrivingsperspektiv dermed er ganske ungt. Formene har som nemnt likevel då vore jamstilte i meir enn 40 år før kjeldene som er nytta i denne undersøkinga, blei skrivne. Fordi stammen til *håpa/-e* er einstava, kan det lett sjå ut som eit arveord, altså eit ord som høyrer til i det opphavlege nedarva ordtilfanget i norsk, noko som kunne bety at mange reknar denne forma for ”trygg” å bruka i nynorsk. Den moderate bruken, relativt sett, peikar i ei anna retning. Det skal seiast at det samla talet på treff er lite for denne variabelen: totalt 130. I NF dominerer den tradisjonelle forma med 71,5 prosent; ho ser dermed ut til å vera ganske frekvent, og blir dermed truleg oppfatta som umarkert og ”vanleg”.

**Byrja/-e og stifting:** *Byrja/-e* er brukt i 62,2 prosent av tilfella andsynes *begynna/-e* i mi undersøking. Her kan ei mogleg forklaring på den ganske høge relative frekvensen for den tradisjonelle forma vera at den tilsvarande nyare forma begynner med *be-*, eit prefiks som lenge ikkje var ”stovereint” i nynorsk. I NF utgjer den tradisjonelle forma 72,2 prosent av belegga, og hos Borge (2004) om lag 50 prosent. Frekvensen for forma i mi undersøking ligg dermed ein stad midt imellom desse. *Begynna/-e* blir likestilt med *byrja/-e* i 1959. Det ”belasta” prefikset, saman med det relativt seine opptaket i rettskrivinga, forklarar truleg dominansen til den tradisjonelle forma i denne variabelen i mitt materiale. *Stifting* er brukt i 79,2 prosent av tilfella andsynes *stiftelse*. Orda blei likestilte allereie i 1938. Også her heng årsaka for det relativt låge trefftalet for den nyare forma truleg saman med affikset; *-else* er eit utprega bokmålssuffiks, mens *-ing* er eit gammalt, heimleg suffiks. Den nyare forma

utgjer 100 prosent av treffa i NF, men her er det berre snakk om 16 belegg. Trass at forma hadde vore tillaten i meir enn 60 år i år 2000, verkar det, basert på mine funn, som om skribentane unngår *stiftelse* når det finst ei tilsvarende form med eit meir norsk suffiks.

**Medan:** *Medan* dominerer i sitt formpar med 70,7 prosent andsynes *mens*. Det er uklart kva tid subjunksjonen *mens* kom inn i rettskrivinga: *Medan* og *med* er dei einaste som er ført opp i ordlista frå 1959 (*med* som subjunksjon gav ingen treff i mine søk). Eg finn *mens* først i ei ordliste frå 1972, og i enkeltvedtaka til Språkrådet etter 1959 er *imens* tatt inn i 1979. Viss ein går ut ifrå at *mens* kom inn i rettskrivinga tidleg i syttiåra, jf. oppføringa i ordlista frå 1972, er det for ganske ungt å rekna, og har truleg ikkje fått så god tid til å festa seg blant språkbrukarane. Samtidig kan *medan* kanskje kallast eit signalord: Det er lett attkjenneleg, kort, og har moglegvis fått status som eit umarkert ord i nynorsk, sidan det har vore uforandra sidan Aasen 1873 (sjå diskusjon om signalord i drøftinga av *mykje* i neste avsnitt). Det er eit funksjonsord som er mykje brukt, og dermed truleg eit ord språkbrukarar forbind med nynorsk.

**Mykje:** Ei form som dominerer totalt (99,1 %) innanfor sin variabel, er *mykje* andsynes *mye*. *Mye* kom inn i læreboknormalen i 1959, men er mest ikkje nytta i offentleg tekst. Det har truleg samanheng med at *mykje* er eit såkalla signalord i nynorsk, slik Holm og Munkvold (2013: 212) er inne på: Dei brukar omgrepet 'signalord' i samband med *mykje* og diftongar. Også Riise-nemnda (Språkrådet 2011: 56–57) nemner at det finst viktige signalord i nynorsken, men dei definerer ikkje nærmare kva dei meiner med omgrepet, og når dei brukar nemninga 'høgfrekvente signalord', listar dei opp *berre/bare*, *då/da*, *no/nå*, *skule/skole* og *so/så* som døme. Eg oppfattar at dei brukar 'signalord' i ei litt anna tyding enn Holm og Munkvold; dei sistnemnde snakkar om former som er utprega nynorske, men likevel hyppig nytta, og som dermed blir oppfatta som umarkerte. Eg tolkar det slik at dei meiner desse formene er "typiske for nynorsk" i forståinga til mange språkbrukarar. Dei formene Riise-nemnda listar opp, er høgfrekvente ord, men dei spesifiserer ikkje at dei meiner det er den mest tradisjonelle varianten i formpara som utgjer signalordet; dei verkar å referera til variabelen som heilskap. Eg vil derfor definera signalord, slik eg brukar det her, på same vis som Holm og Munkvold (slik eg forstår dei): som eit prototypisk nynorsk ord – eit ord som gjerne er kort og svært frekvent, lett attkjenneleg og som mange vil kalla, eller tenker på som, typisk nynorsk. Fordi forma er frekvent, ser språkbrukarane henne ofte, og ho blir umarkert – ei form folk ikkje reagerer på (Kola 2014: 79). Det er sentralt at ordet ikkje berre er

frekvent, men at det òg blir oppfatta som eit typisk nynorsk ord – *vi* er òg svært frekvent, utan at eg trur dei fleste tenker på det som *typisk* nynorsk. *Mykje* derimot, kan på dette grunnlaget definitivt kallast eit nynorsk signalord. Det er den 35. mest frekvente forma i NF, og dominerer nesten totalt i alle undersøkingane som er jamførte i tabellen. Ein kunne tenka seg at noko av grunnen til dominansen for *mykje* har med den palatale *kj*-lyden å gjera, som me finn igjen i mange frekvente ord i nynorsk, som *kjensle*, *ikkje*, *tenkja/-e* og *ynskja/-e/ønskja/-e*. Men eit anna ord blant enkeltorda i denne undersøkinga, *korkje*, med den same palatale lyden, er mykje mindre nytta enn den alternative varianten *verken*. I tillegg er *mye* eit ord som i utgangspunktet burde høva godt som samnorskform, sidan ordet ikkje finst i dansk, men er særnorsk. Likevel er det mest ikkje brukt i nynorsk tekst. Forklarings på den totale dominansen til *mykje* andsynes andre former som burde hatt betre føresetnad for å oppnå status som signalord, ville dermed vore interessant å undersøka nærmare.

**Sidan og kvifor:** Formene *sidan* og *kvifor* er dei tradisjonelle enkeltorda som står aller sterkest, med høvesvis 99,4 og 100 prosent av belegga i sine variablar. I tillegg dominerer begge formene nesten totalt i dei andre undersøkingane i tabellen. *Sia* blei likestilt med *sidan* i 1959 i nynorsk, *korfor* med *kvifor* i 1938, begge var nye samnorskformer. *Sia* var òg likestilt i bokmål, mens *korfor* var sideform. *Kvifor* kan passa inn i kategorien signalord: Det er eit vanleg spørjeord, og mange elevar lærer tidleg at dei nynorske spørjeorda har former på *k(v)*-der bokmål har *hv-*. *Sidan* er eit kort og ganske frekvent adverb (det 143. mest brukte ordet i NF). I tillegg er ikkje dei nyare nynorske formene identiske med dei prestisjefulle bokmålsformene; *korfor* var sideform i bokmål, og *sia* er berre nytta i 0,7 prosent av tilfella i LBK. Dette ser ut til å styrka sannsynet for at dei tradisjonelle nynorske formene blir valde.

**Me:** Sjølv om eg har lagt til grunn at overvekta av bruk av dei nyare formene kan skyldast uttrykte preferansar for bokmålsnære former, og derfor primært diskuterer dei formene der dette ikkje er tilfelle, er det éin slik variabel som likevel bør nemnast – pronomensformene *me/vi*. Den nyare forma dominerer her totalt, med 99,5 prosent av dei 3056 treffa. Wetås (2001a) peikar i si undersøking på at valet mellom *me* og *vi* er eit av få der skribentane verkar å ha noko særleg medvit knytt til valet, altså at dei kjenner til valfridommen og kan grunngje korfor dei vel som dei gjer. Fordi sjølve ordet blir brukt til å referera til den som skriv og dei som han eller ho skriv på vegner av eller identifiserer seg med, kan me kanskje seia at dette ordet i større grad enn andre variablar er særleg tett knytt til avsendaren av teksten (*eg* og *me/vi* er blant dei 20 mest frekvente orda i NF). Valfridommen mellom desse orda er nemnd i

alle formvalsundersøkingane eg har sett på, det må derfor seiast å vera forma som mange meiner symboliserer valfridommen i nynorsk. Den nyare forma dominerer klart i alle desse granskingane. Når 14 prosent av lærarane i undersøkinga til Helge Omdal (2004: 88) rettar *me* til *vi* i elevtekstane i 1997, viser det at somme ikkje eingong var klar over at forma var *innanfor* rettskrivinga, slik ho då hadde vore i nærmare 100 år.

Ei viktig forklaring på den dominante bruken av *vi* kan vera at forma var hovudform fram til 1983 (i *Tilråding om ny rettskriving* frå 1935 føreslo rettskrivingsnemnda å ta forma *me* heilt ut av norma i eit samnorskperspektiv). Sjølv om *me* igjen var likestilt då alle dei kjeldene som skal fylgja læreboknormalen som er nemnde her (mitt subkorpus, NOU-ar, lærebøker og NRK-tekstinga) blei produserte, kan nok eit inntrykk av forma som sideform henga igjen og delvis forklara den låge bruken. Dette svarar likevel ikkje på korfor så godt som alle forfattarane brukar *vi*, og at forma er belagt i nesten 80 prosent av materialet i NF, når *me* heile tida har vore tillaten som sideform. Det kan nemnast at i NON som heilskap er *me* nytta i 41,8 prosent av tilfella andsynes *vi*, og her inneheld kjeldegrunnlaget meir enn 102 millionar ord. I ei oppgåve om pronomensformene *me* og *vi* prøvde eg å rekna ut kor mange som har *me* eller former på *m-* som personleg pronomen i 1. person fleirtal i talemålet (Malmin 2016b). Utrekninga viste at om lag 30 prosent har ei slik form i dialekten sin, mens heile 80 prosent av innbyggjarane i kommunar med nynorsk som målform har ei slik pronomensform. Den svært skeive fordelinga mellom *vi* og *me* i offentleg tekst i NON og i materialet til Borge står dermed i kontrast til talemålet i Noreg, og i allfall i kontrast til dialektane i det nynorske kjerneområdet. Fordelinga mellom *me* og *vi* hos Wetås, Vikør og i NF er ein del jamnare enn i offentleg tekst, sjølv om den nyare forma dominerer klart også der. I kjelder som skal fylgja læreboknormalen, har *vi* blitt einerådande.

## 6.4 Lydverk

Som i førre kategori tar eg her for meg dei variablane der dei tradisjonelle formene står sterkare enn dei nyare, sidan det er desse førekommstane som skil seg mest frå tendensen i funna elles. Eg har jamført mine eigne resultat med andre undersøkingar av formbruken for å kunna samanlikna tendensane, med dei etterhalda eg gjorde greie for i innleiinga og i 6.3 når det gjeld skilnadane i materialet.

## 6.4.1 Vokalisme

Ser ein på vokalvekslinga under eitt, er fordelinga mellom tradisjonelle og nyare former ganske lik den samla fordelinga me fann blant enkeltorda: Tradisjonelle former er her brukte i 34,4 prosent av tilfella. I 19 av dei 29 formpara dominerer den nyare forma, og i alle dei 19 tilfella er den nyare nynorskforma identisk med den prestisjefulle bokmålsforma; den einaste skilnaden er at verbet *ønske* på bokmål ikkje har -*j*-form, slik den nynorske hovudforma *ønskja/-e* hadde.

Ordform	Malmin 2017	Borge 2004	Vikør 1995 (70-åra)	NF 1989	Wetås 2001
åleine	56,8 %	66,6 %	60 %	70,4 %	-
endå	70,5 %	-	-	74,8 %	-
då	74,6 %	66,6 %	60 %	72,8 %	-
skulda/-e	53,8 %	72,7 %	90 %	98,3 %	mest <i>skuld</i>
øy-diftong	83,5 %	78,3 %	81,1 %	82 %	mest <i>øy</i>
femna/-e	97,5 %	-	-	0 %	-
framand	100 %	100 %	100 %	95,9 %	-

Tabell 17: Dei mest frekvente tradisjonelle vokalformene i ulike undersøkingar

**Åleine, endå og då:** Formene *åleine*, *endå* og *då* står sterkt i sine formpar i alle undersøkingane (den einaste å-forma som står svakt andsynes -*a*-, er *klåra/-e*). *Da* og *enda* blei likestilte med *då* og *endå* allereie i 1938, og dette er òg prestisjeformene i bokmål. At dei tradisjonelle formene likevel har heldt seg godt, har truleg samanheng med at også desse, lik *mykje*, om enn i mindre grad, har fått plass blant dei ”umarkerte” nynorske formene. Dei er korte, høgfrekvente ord, slik Språkrådet (2011: 56–57) er inne på. At den tradisjonelle forma i variabelen *klåra/-e/klara/-e* står så svakt (7,3 %), kan kanskje henga sammen med at det finst eit homonymt verb til den nyare forma, *klara/-e* (’greia, meistra’), der å-form ikkje er mogleg. Viss ein er litt kjapp når ein slår opp i ordlista, kan ein få inntrykk av at å-form ikkje er eit alternativ her.

**Skulda/-e:** Når det gjeld variabelen *skulda/-e/skylda/-e*, er fordelinga mellom den tradisjonelle og nyare forma ganske jamn, med ei lita overvekt på 53,8 prosent for *skulda/-e*. I det andre formparet med denne vekslinga, *lukke/lykke*, er tilhøvet nesten omvendt (43,7/56,3 prosent for høvesvis tradisjonell og nyare form). *Skulda/-e* og *skylda/-e* blei

likestilte i 1959, og i normeringsperspektiv er *y*-forma relativt ny. Forma med *y* er òg den einaste tillatne i bokmål, utan at dette ser ut til å ha verka inn på bruken i favør den nyare forma i nokre av undersøkingane som er viste her: Med unntak av det nyaste materialet i undersøkinga til Borge er den tradisjonelle forma *skulda/-e* nærmast einerådande. Den jamne fordelinga i statleg tekst i NON for denne vokalvekslinga skil seg dermed ein del frå nynorskbruken elles.

**Øy-diftong:** Diftongar er nytta i 69 prosent av tilfella i tekstmaterialet mitt, og det er formene med *øy* som drar prosenttalet opp. I formpara *køyra/-e/kjøra/-e*, *røyr/rør*, *høyra/-e/høra/-e* og *røyst/røst* utgjer den tradisjonelle forma mellom 67,6 og 100 prosent. I kontrast til desse formene står *au*-diftongane i *daud(e)* (0,2 %), *laupa/-e* (2,1 %), *dauv* (2,4 %) og *naud* (26,9 %). Diftongar er òg eit språkleg trekk som fleire kallar signalformer i nynorsk. Vikør (1995c: 14) skriv at "[s]vært sentralt i det nynorske systemet står diftongane, men som kjent har vi i visse grupper også fått ei valfri monoftongering der denne tendensen er sterkt i dialektane, mest av *øy*, men til dels òg av *au* (...)." Det ser ut til at tendensen i skrift er motsett av talemålsutviklinga som Vikør rapporterer: Det er andsynes diftongen *øy* at monoftongen *ø* står svakast i skrift. Sverre Stausland Johnsen meiner at *au*-diftongen blir oppfatta som meir vulgær enn diftongane *øy* og *ei* i austlandske målføre og i bokmål, og trur dette mellom anna har samanheng med at ein ikkje finn *au*-diftong i dansk.<sup>33</sup> Det er fylgjeleg meir "belastande" å bruka former som *laus* og *fraus* enn former som *røyk*, *støyt*, *brei*, *bein* og *stein* i austlandske målføre og i bokmål. Det kan sjå ut til at dette inntrykket har forplanta seg til nynorskrettskrivinga, slik at *øy*-diftong er meir nytta og mindre markert enn *au*-diftong også her. Treffa i mitt materiale tilseier at diftongen *øy* held seg markant betre enn diftongen *au* der det er valfridom. Også i dei andre undersøkingane står *øy*-diftongen sterkt, men det gjer òg *au*-diftongen hos Vikør, Wetås og i NF, med mellom 80 og 100 prosent av belegga. Funna til Borge, derimot, viser same tendensen som mine, med eit klart skilje mellom *øy* og *au*. Sjølv om diftongar blir rekna som signalord i nynorsk, som kan forklara den sterke stoda til ein del av dei, viser treffa at det berre er éin av diftongane som har oppnått ein slik status i statleg tekst. Diftongen *au* er svært lite nytta, og dette kan ha med innverknad frå bokmål og haldninga til talemål å gjera, jf. Johnsen.

---

<sup>33</sup> personleg kommunikasjon

**Femna/-e og framand:** To tradisjonelle former som står svært sterkt i mitt materiale, er *femna/-e* andsynes *famna/-e* og *framand* andsynes *fremmend*. Dei utgjer høvesvis 97,5 og 100 prosent av treffa i sine formpar. *Femna/-e* og *famna/-e* blei likestilte allereie i 1917. Verken Vikør, Wetås eller Borge har belagt denne forma i sine undersøkingar. Variabelen har til saman 318 treff i mitt materiale, som er meir enn fleire andre former, men at formene har så få belegg i NF, kan kanskje tyda på at dei er vanlegare i statleg tekst enn i andre sjangrar. Når den tradisjonelle forma *femna/-e* er einerådande, må det tyda at ho blir oppfatta som relativt umarkert. Det kan òg kanskje ha samband med at den prestisjefulle bokmålsforma har ein annan konsonant, nemleg *v* (*favne*), noko som gjer avstanden mellom den nyare nynorske forma og prestisjeforma i bokmål litt større enn kva som er tilfelle i dei fleste andre orda i denne undersøkinga. *Fremmend* kom inn i nynorskrettskrivinga i 1959 som tilnærningsform, men er heller ikkje nytta i nyare bokmålstekst (0,05 % i LBK). Også her er det slik at skriftbildet til den tilsvarande prestisjeforma i bokmål ser litt annleis ut: Det er forma *fremmed*, utan *n*, som er absolutt mest nytta i bokmål. Denne vesle ulikskapen har kanskje òg verka i favør den tradisjonelle forma. *Framand* har truleg fått status som umarkert i nynorsk, noko den svært sterke dominansen i alle undersøkingane tyder på.

## 6.4.2 Konsonantisme

I denne kategorien er den samla fordelinga mellom tradisjonelle og nyare former annleis enn i dei andre: Dei tradisjonelle formene dominerer her med 59,3 prosent. I dei 8 variablane der den nyare forma dominerer, er denne identisk med den prestisjefulle bokmålsforma.

Ordform	Malmin 2017	Borge 2004	Vikør 1995 (70-åra)	NF 1989	Wetås 2001
koma/-e	59,5 %	10 %	55,6 %	89,3 %	mest <i>koma/-e</i>
skjøna/-e	75,7 %	80 %	-	96,1 %	-
fremja/-e	76,6 %	100 %	-	96,4 %	-
skot	84 %	100 %	100 %	100 %	mest <i>skot</i>
vit	96,2 %	-	50 %	97,1 %	mest <i>vett</i>
brot	97,9 %	100 %	100 %	100 %	mest <i>brot</i>

Tabell 18: Dei mest frekvente tradisjonelle konsonantformene i ulike undersøkingar

**Koma/-e:** Variantar av enkeltkonsonantforma *koma/-e* utgjer 59,5 prosent av treffa. Sandøy-nemnda (Norsk Språkråd 2002b: 44–45) skriv at i skrift er tendensen til bruk av

enkeltkonsonanten *m* nokså sterkt, og legg til at "... den som ynskjer å markera tradisjonalitet, vil neppe bruka *mm*." Me ser at enkeltkonsonant i dette ordet står svært sterkt i materialet i NF, ganske jamt og likt mine funn hos Vikør og svært svakt hos Borge. At enkeltkonsonanten *m* står så svakt hos Borge (det gjeld også variantar av suffikset *-dommen* og forma *medlemmen*), er litt overraskande, sidan plassomsyn tekstarane heile tida må ta, burde favorisera enkeltkonsonantformene. Fordi enkeltkonsonant står såpass sterkt i variabelen *kom(m)a/-e* i mitt materiale, samtidig som frekvensen for dei andre orda med same konsonantveksling berre er 8,6 (*medlem-*), 19,3 (*-døme*) og 28,9 (*-dom-*) prosent for den tradisjonelle forma, verkar det som det ikkje er enkeltkonsonanten *m* som har fått status som umarkert, men forma *koma/-e*. Verbet er frekvent (det 29. mest brukte ordet i NF) og dermed godt kjent, og kanskje har derfor skriftbildet av denne forma med enkeltkonsonant festa seg sterkare hos språkbrukarane enn dei tilsvarande formene med same enkeltkonsonant. At forma var eineform fram til 1959, har kanskje også noko å seia: Ein del av dei som arbeidde i staten på starten av 2000-talet, har som nemnt fått skuleopplæring etter 1938-normalen.

***Skjøna/-e:*** Også *skjøna/-e* dominerer klart andsynes *skjønna/-e*: Den tradisjonelle forma utgjer 75,8 prosent i mitt materiale. Formene blei likestilte i 1959, og igjen kan dette relativt seine opptaket i rettskrivinga vera noko av forklaringa på dominansen for den tradisjonelle forma. Me ser at varianten med enkeltkonsonant står sterkt også i dei andre undersøkingane der han er belagt. Sidan dei statstilsette her føyer seg til resten av det nynorske språksamfunnet og vel enkeltkonsonant, er det truleg grunn til å slå fast at forma *skjøna/-e* har fått status som umarkert. Fordelinga blant dei andre formene med vekslinga *n/n*; *løn(n)a/-e* og *ven(n)*, er ganske ulik: Mens enkeltkonsonant i *løn(n)a/-e* er vald i 41 prosent av tilfella, gjeld det same berre 15,1 prosent av førekommstane av *ven(n)*. Også desse formpara blei likestilte i 1959, og dei absolutte trefftala i mi undersøking er større for *løn(n)a/-e* enn for *skjøn(n)a/-e*. Det er dermed ikkje så lett å bruka frekvens som forklaring på denne skilnaden mellom dei ulike variablane med enkel og dobbel *n*. Dei tradisjonelle formene *løn* og *ven* står sterkt i NF, men svakt hos Vikør.

***Fremja/-e:*** I vekslinga mellom *j* og ikkje *j* i to av dei få orda der variantane var likestilte i læreboknormalen, er treffa for dei to variablane veldig forskjellige. Mens den nyare forma utan *j* utgjer 100 prosent av førekommstane av *hemja/-e/hemma/-e*, er den tradisjonelle *j*-forma brukt i 76,6 prosent av tilfella i *fremja/-e/fremma/-e*. Normhistorikken er litt uklar når det gjeld *fremja/-e/fremma/-e*: Ifylgje Vikør (1995b: 51) blei formene likestilte allereie i 1917,

mens Sandøy-nemnda (Norsk Språkråd 2002b: 156) skriv at forma utan *j* kom inn ein gong mellom 1959 og 1965. Eg finn ikkje forma utan *j* i ordlista før i 1972. Den uklare normhistorikken kan bety at likestillinga mellom desse formene ikkje har vore ålmennkunnskap, og sidan dei fleste orda med veksling mellom *j* og ikkje *j* hadde hovudform med *j*, er det lett å førestilla seg at mange språkbrukarar har rekna med at det same er tilfelle for *fremja/-e/fremma/-e*. At det andre ordet med valfridom, *hemja/-e/hemma/-e*, ikkje har nokon treff på den tradisjonelle forma, har truleg samanheng med konteksten ordet opptrer i: Så godt som alle dei 798 treffa på *hemma/-e* er treff på adjektiva *utviklingshemma*, *hørselshemma* og *funksjonshemma* og variantar av desse. Desse samansettingane er relativt nye: I bokmål finn eg til dømes fyrst *funksjonshemmet/-a* i ei ordbok frå 1986; det er derfor ei moglegheit for at språkbrukarane opplever desse formene som eineformer, og ikkje tenker over samanhengen mellom adjektivet og den usamansette verbforma *hemja/-e/hemma/-e*.

**Skot, vit og brot:** Dei tradisjonelle formene som står aller sterkest i denne kategorien, er variantane *skot*, *vit* og *brot*. *Skot* og *brot* har mange absolutte treff, og er dei klart vanlegaste i alle undersøkingane som ser på denne vekslinga mellom enkel og dobbel konsonant. Når det gjeld *vit*, er dei totale trefftala ganske små: 158. Det er samansettingar med *medvit* og *samvit* som utgjer alle treffa på *vit* (det er ingen døme på *vit* aleine), mens treffa på *vett* er *vett* aleine (1), *nettvert* (3), *fjellvett-* (1) og *sjøvettreglane* (1). Dei få treffa som finst på den nyare forma, er i nesten alle tilfella nyare samansettingar. Både i NF, hos Vikør, Wetås og i mitt materiale er det ein del treff på hybridforma *vet*. Denne har eg ikkje talt med, sidan det ikkje er openert om forma skal reknast som tradisjonell eller ny; truleg er det talemålsgrunnlag som er forklaringa på den relativt hyppige bruken. Der variasjonen blant variablane med enkel og dobbel *n* og *m* er store, er resultata for formene med enkel og dobbel *t* eintydige: Skribentane føretrekker den tradisjonelle forma. Når det gjeld *skot* og *brot*, kan noko av grunnen vera at dei nyare formene ikkje liknar den prestisjefulle forma i bokmål, som rett nok har dobbeltkonsonant, men både ein annan vokal i rota (*u*) og ein annan sluttkonsonant (*dd*). I variabelen *vit/vett* er alle treffa på samansettingane *medvit* og *samvit*. Desse kan truleg reknast som signalord utan sterke tradisjonelle konnotasjonar, til dømes er *medvit*, men ikkje *medvett*, trass formell likestilling, ført opp som avløysarord til *bevissthet* i nynorskordlista frå 1996. Sjølv om *vett* finst i bokmål, er verken *samvett* eller *medvett* ført opp i bokmålsordboka frå 1996. Dei tilsvarande *samvittighet* og *bevissthet/insnikt/skjønn* er truleg meir vanlege, og

dei nyare (samansette) nynorskformene har dermed ingen ”førebilde” i bokmål.<sup>34</sup> Sidan den usamansette forma i bokmål har vokalen *e* og dobbeltkonsonant: *vett*, mens avleinga *samvittighet* rett nok har to *t*-ar, men vokalen *i*, kan det henda at bokmålsforma av dette siste ordet faktisk styrkar bruken av den tilsvarande *tradisjonelle* forma i nynorsk, *samvit*, og ikkje den nyare, på grunn av vokalen. Det ser i alle høve ut til at enkeltkonsonant i vekslinga *t/tt* blir oppfatta som meir prototypisk nynorsk, og endå meir umarkert, enn enkeltkonsonant i ord med vekslinga *n/n* og *m/m*.

## 6.5 Formverk

I formverket er einsrettinga ein god del tydelegare enn i dei andre kategoriane, slik andre formvalundersøkingar òg er inne på: I gjennomsnitt er dei tradisjonelle formene berre valde i 14,9 prosent blant variablane eg ser på i denne undersøkinga. Eg startar her med å sjå på tala for infinitivsforma. Sjølv om dei nyare formene dominerer også her, er det interessant å sjå nærmare på dette trekket, fordi det er ei viktig signalform i nynorsk som er svært mykje undersøkt, jf. *me/vi*. Vidare diskuterer eg valet mellom a- og e-bøyning av verb der begge delar var mogleg i læreboknormalen, sidan denne variabelen er éin av to der dei tradisjonelle formene faktisk utgjer ein god del av treffa. Vidare ser eg på valet mellom *-e* og *-i* i supinum av sterke verb og nøytrumsforma av adjektiv på *-en*, der dei tradisjonelle formene utgjer 100 prosent. Til slutt gjer eg kort greie for dei fem resterande variablane der dei nyare formene dominerer tydeleg.

### 6.5.1 Infinitivsforma

Ordforklaring	Malmin 2017	Dyvik 2012	Borge 2004	Vikør 1995 (70-åra)	NF 1989	Wetås 2001
a- infinitiv	6,5 %	38 %	0 %	42,9 % <sup>35</sup>	36,2 % <sup>36</sup>	variasjon, mest e-infinitiv

Tabell 19: Tradisjonell a-infinitiv i ulike undersøkingar

<sup>34</sup> Verken *samvett* eller *medvett* gjev treff i LBK.

<sup>35</sup> Her er berre bruk av a-infinitiv og e-infinitiv sett opp mot kvarandre; kløyvd infinitiv er utelate.

<sup>36</sup> Sandøy-nemnda har rekna ut at om lag 30,1 % av materialet i NF har a-infinitiv, 53,1 % har e-infinitiv og resten er kløyvd infinitiv. Set ein berre a- og e-infinitiv opp mot einannan, blir fordelinga om lag 36,2/63,8 % i favør e-infinitiv.

Vikør (1995a: 60) peikar på at infinitivsendinga er ei ”sjibbolettform”, og meiner bruken av denne, iallfall tradisjonelt, viste kor ein stod i spørsmålet om sammorsk og tilnærming. Wetås peikar på at dette er ei av få former det verkar som språkbrukarane har eit medvitent forhold til. Det er derfor interessant kva slags infinitivsformer dei statstilsette vel. Statusen til infinitivsformene har veksla ein del i den nynorske rettskrivinga: Aasen har former med a-infinitiv i begge sine grammatikkar (1848 og 1864) og ordbøker (1850 og 1873); i 1917 blei infinitiv på -e tillaten ved sida av -a, mens kløyvd infinitiv kunne nyttast av elevar i skulen. I 1938 tok kløyvd infinitiv over som likestilt hovudform til -a, mens -e blei sideform. I same reform blei kløyvd infinitiv også tillate i bokmålsrettskrivinga. I 1959 blei -e igjen hovudform attmed -a, mens kløyvd infinitiv blei degradert til sideform. I 2012 blei alle dei tre infinitivssistema tillatne, etter stort engasjement for den kløyvde infinitiven, som ein opphavleg føreslo å fjerna. Ein kan merka seg at a-infinitiven har vore hovudform i alle åra frå Aasen og fram til i dag.

Av dei 260 infinitivsformene som har 100 eller fleire treff i mitt subkorpus av NON, utgjer former med e-infinitiv 93,5 prosent. Alle tidlegare undersøkingar viser at den nyare forma står sterkest. I granskninga til Helge Dyvik (2012: 213) finn han at a-infinitiv er nytta av 38 prosent av dei ulike skribentane i seks avisar. At journalistar og forfattarar (jf. Vikør) er dei som skil seg klarast ut i formvalundersøkingane som er gjort, kan ha med språkleg medvit å gjera; språket er både verktøy og sluttprodukt i arbeidet deira, og dei har truleg eit større medvit knytt til at måten dei skriv på, uttrykker noko om kven dei er. Almenningen et al. (2002: 155) skriv at eit tydeleg drag er at ”... infinitivsendinga -e styrkte seg etter at ho vart lærebokform i 1959; i dag er det vanleg at dei som har -a i talemålet, skriv -a, mens andre skriv -e.” Samtidig er det to av forfattarane Vikør ser på (Ragnar Hovland og Tor Obrestad) frå syttiåra, som har a-infinitiv i talemålet, men som likevel skriv med e-infinitiv. I kapittel 3 såg me at Samlaget, det største nynorskforlaget i Noreg, har ei husnorm som inneholder e-infinitiv. Hovland var knytt til Samlaget, det var ikkje Obrestad, men han har sjølv omtalt språket sitt som sammorskorientert (Vikør 1995a: 51), og dette forklarar truleg korfor dei skriv med e-infinitiv trass at dei begge har dialekt med a-infinitiv.

Sandøy-nemnda (Norsk Språkråd 2002b: 214) peikar på at ”[d]et er røynsle for at også a-infinitiven (sic) står svakare i bruk enn ein skulle vente ut frå utbreiinga i målføra, men a-infinitiven er eit sentralt målføredrag i ein stor del av kjerneområdet for nynorsk (...).” Nemnda listar opp kor (geografisk) dei ulike endingane er nytta, men seier ikkje noko om

prosentfordelinga mellom formene i dialektane. Eg har sjølv forsøkt å laga ei oversikt over talemålsgrunnlaget for a-infinitiv, der eg finn at om lag 14,6 prosent av dei som bur i landet, har slik infinitivsending.<sup>37</sup> Om ein ser på kor mange av dei som har a-infinitiv i dialekten sin, som i tillegg bur i det nynorske kjerneområdet, blir tala ganske annleis: 53,1 prosent av dei som bur i ein nynorskkommune, har i tillegg a-infinitiv i dialekten sin.<sup>38</sup> Undersøkingane viser at både forfattarar, journalistar (jf. Wetås og Dyvik) og dei som står bak tekstmaterialet i NF, brukar a-infinitiv ein god del oftare enn statstilsette, og dette skiljet blir stadfesta av at også alle dei NRK-tilsette tekstarane i undersøkinga til Borge vel e-infinitiv.

### 6.5.2 A- eller e-bøyning av verb

Ordforklaring	Malmin 2017	Borge 2004	Sandøy-nemnda 2002	Vikør, NF, Wetås
a-bøyning	27,4 %	45,5 % <sup>39</sup>	28,6 % <sup>40</sup>	-

Tabell 20: Tradisjonell a-bøyning i ulike undersøkingar

Også i vekslinga mellom a-bøyning og e-bøyning av verb der begge delar er mogleg, dominerer det nyare bøyingsmønsteret klart, med 72,6 prosent. Fordelinga her er likevel jamnare enn i dei fleste andre formverkkategoriane, og når det gjeld tre av verba eg har sett på i denne kategorien, står den tradisjonelle forma overraskande sterkt, samanlikna med tendensane i formverket elles. Normhistorisk har reglane for denne kategorien av verb variert mykje, men etter 1959 var det slik at dei som fylgte læreboknormalen, måtte vera konsekvente og velja anten a-bøyning eller e-bøyning av desse verba. Skuleelevar og andre kunne nytta blanda bøyning (*brukar – brukte – brukt*), og dette er ifylgje Sandøy-nemnda (Norsk Språkråd 2002b: 99–100) det bøyingsmønsteret som står sterkest både i tale og skrift. I skrift brukar om lag 25 prosent rein e-bøyning og 10 prosent rein a-bøyning, mens i talemålet har 12 prosent e-bøyning

<sup>37</sup> Innbyggjarar som veks opp i Rogaland, Hordaland, Indre Sogn og delar av Vest-Agder har tradisjonelt a-infinitiv i dialekten sin. Eg har lagt saman talet på innbyggjarar desse stadane, og trekt frå Bergen og Tyssetdal i Hordaland, Sauda i Rogaland og kommunane Kristiansand, Vennesla, Songdalen og Søgne, altså den austlegaste delen av Vest-Agder, i tillegg til kystkommunane Mandal og Lindesnes. Alle desse stadane har e-infinitiv eller eit blandingsmål. Grensene har eg dratt på bakgrunn av dialektkarta hos Mæhlum og Røyneland (2012). Talet på menneske med a-infinitiv i dialekten sin blir 769 836 når ein legg saman innbyggartala i desse kommunane, og per 1. januar 2017 var det 5 258 317 innbyggjarar i Noreg. (Statistisk sentralbyrå (SSB) 2017)

<sup>38</sup> Om lag 11 prosent av befolkninga bur i ein nynorskkommune i dag (Grepstad 2015), og av desse er om lag 307 293 a-infinitivbrukarar (mange av kommunane der a-infinitiv er utbreidd, er nøytrale; nokre få, som Stavanger og Haugesund, er bokmålskommunar), ifylgje mine utrekningar. Innbyggartala i kommunane kjem frå SSB: Folkemengde og befolkningsendringar, 1. januar 2016.

<sup>39</sup> I undersøkinga til Borge brukar 1 berre a-bøyning og 4 mest a-bøyning; 1 brukar berre e-bøyning mens 5 brukar mest e-bøyning. I tillegg nyttar 2 bøyingsmønstra like mykje og 4 brukar blanda bøyning – desse 6 har eg ikkje rekna med.

<sup>40</sup> Også her er blanda bøyning utelate og berre a- og e-bøyning sette opp mot einannan.

og 25 prosent a-bøyning. Dei kommenterer (2002b: 100) særskilt at dei som held seg innanfor læreboknormalen, truleg ofte vel e-bøyning, sidan bøyningstrekket har "... därlegare talemålsdekning enn skriftprosenten på 25 skulle tyda på." Sjølv om Sandøy-nemnda har sett på den vide skriftpraksisen, ikkje berre på dei som må fylgja læreboknormalen, er forholdet mellom rein a-bøyning og rein e-bøyning i deira funn ikkje så veldig ulik fordelinga slik ho ser ut i denne undersøkinga. Borge konkluderer at mens mange av NRK-tekstarane i 1993 valde a-bøyning av verb der begge delar var mogleg, vel dei fleste e-bøyning i 2003. Tendensen er altså i retning den nyare e-bøyninga.

Sandøy-nemnda meiner at dette draget er "under språkmedvitet" til mange språkbrukarar, og at dei fleste nok berre fylgjer talemålet sitt, slik den utstrakte bruken av blanda bøyning tyder på. Likevel vel dei som må halda seg innanfor læreboknormalen, stort sett e-bøyning. I mine funn stemmer dette for kategorien som heilskap, men mellom dei ulike verba er tendensane meir skiftande. Berre 3,7 prosent vel a-bøyning av verbet *klara/-e*. Når det gjeld verba *bruka/-e* og *tala/-e*, vel dei statstilsette dei tradisjonelle formene i høvesvis 9 og 21,6 prosent av tilfella. I samband med desse tre verba høver dermed slutningane til Sandøy-nemnda godt. *Peika/-e* har tradisjonell a-bøyning i 42 prosent og *svara/-e* i 45,2 prosent av tilfella, mens i variabelen *spela/-e* dominerer den tradisjonelle bøyninga med 63,8 prosent. Desse avvika frå funna til Sandøy-nemnda, og dei store skilnadane innanfor kategorien, er vanskelege å gjera greie for. Eg har ikkje hatt kapasitet til å sjekka grundig om skribentane er konsekvente: Ei moglegheit er sjølvsagt at også dei statstilsette brukte blanda bøyning sjølv om det låg utanfor læreboknormalen, men ei kjapp samanlikning av presensformer med -a- og -e- i dei enkelte verba gjev ikkje grunn til å tru at dette er forklaringa. Ingen av verba er blant dei mest frekvente, ifylgje NF: *Spela/-e* ligg som nr. 227, *svara/-e* som nr. 276 og *peika/-e* som nr. 361 på lista over lemmaa sortert etter frekvens. Sjølv om desse tre verba skil seg ut i materialet mitt, dominerer likevel det nyare bøyingsmønsteret klart i kategorien som heilskap. Det ville vore interessant å sjå nærmare på kva det er med dei tre verba *spela/-e*, *svara/-e* og *peika/-e* som gjer at statstilsette lettare vel a-bøyning for nett dei.

### **6.5.3 -e eller -i i supinum og nøytrumsforma av adjektiv på -en**

Ordford	Malmin 2017	Borge 2004	Vikør 1995 (70-åra)	NF 1989	Wetås 2001
e-ending	100 %	100 %	100 %	98,7 %	mest berre -e

Tabell 21: Tradisjonell e-ending (supinum/adjektiv) i ulike undersøkingar

Det tradisjonelle formtrekket som utan samanlikning held seg best i alle undersøkingane, er *e*-ending i supinum av sterke verb og nøytrumsforma av adjektiv som sluttar på *-en*. Denne endinga er så godt som einerådande i alle undersøkingane. Samnorskforma på *-i* var til og med hovudform fram til 1959, då *-e* igjen blei likestilt med *-i*, men også blant forfattarane Vikør undersøker frå femtiåra, er det berre éin som nyttar *-i*-form. Her liknar ikkje dei nyare formene dei tradisjonelle, prestisjefulle bokmålsformene i det heile; *-i*-forma blei heller aldri tatt inn i bokmålsrettskrivinga, trass målet om tilnærming.

#### 6.5.4 Dei resterande fem variablane i formverket

I dei resterande fem kategoriane innanfor formverket er tala tydelege: I 4 av dei 5 variablane utgjer den nyare forma meir enn 90 prosent av treffa. I vekslinga mellom *born(a)* og *barn(a)* i fleirtalsbøytinga av *barn* står den tradisjonelle forma litt sterkare, med 17,5 prosent. Basert på treffa både i mi eiga og dei andre undersøkingane, saman med dei uttalte preferansane til ein del av departementa, går eg ut ifrå at bokmålsnærleik er mykje av grunnen til einsrettinga i desse kategoriane.

Ordform	Malmin 2017	Riise- nemnda 2012	Borge 2004	Vikør 1995 (70-åra)	NF 1989	Wetås 2001
-t(t)	4 %	-	0 %	0 %	28,6 % <sup>41</sup>	mest berre <i>-d(d)</i>
førde	9,5 %	-	0 %	- <sup>42</sup>	23 %	variasjon
langform	0,2 %	-	29,4 %	1,2 %	5,4 % <sup>43</sup>	mest berre kortform
-sle (f.)	7,8 %	40,3 % <sup>44</sup>	-	-	83,3 % <sup>45</sup>	-

<sup>41</sup> Basert på fordelinga mellom verbformene *bygt/-d*, *kravt/-d*, *arbeidt/-d* og *prøvt/-d*. Her er det ikkje godt å seia kor mange av *-d(d)*-formene som er kongruerande partisippformer med obligatorisk *-d(d)*; den tradisjonelle forma står truleg endå litt sterkare i røynda.

<sup>42</sup> Vikør viser at 6 forfattarar brukar *-te* etter e-verb med rotutlyd på *-r*, mens 4 vekslar mellom *-de* og *-te*. Han spesifiserer ikkje kva slags verb det gjeld, det kan derfor godt vera snakk om hovud- og sideformer.

<sup>43</sup> Basert på treffa på *ta(ka/-e)*, *dra(ga/-e)*, *la(ta/-e)* og *rå(da/-e)*. Dei lange variantane av *late* kan her òg vera supinumsformer, så frekvensen for dei tradisjonelle formene er kanskje marginalt lågare i røynda.

<sup>44</sup> Frekvensen gjeld formene *-førsle/-førsel* som suffiks, og søka er gjort i heile NON.

<sup>45</sup> Her er det berre snakk om totalt 6 belegg.

born(a)	17,5 %	-	0 %	-	ca. 50 % <sup>46</sup>	-
---------	--------	---	-----	---	------------------------	---

Tabell 22: Lågfrekvente tradisjonelle formverkstrek

**-t(t)/-d(d) i supinum:** Når det gjeld supinumsformene på -t(t) og -d(d), er dei nyare formene nytta i 96 prosent av tilfella. Det verbet der den tradisjonelle forma står sterkest, er i *byggja/-e*, der *bygt* utgjer 9,7 prosent av treffa. Riise-nemnda skriv i 2012-innstillinga at eit relativt vanleg mønster er at -t blir nytta etter konsonant, og -dd etter vokal, slik: *bygt, levt*, men *nådd, lidd* (Språkrådet 2011: 202). Dette ser ut til å høva ganske godt med mine funn: Dei 4 verba der -t(t)-forma oftast er brukt, er verb der stammen endar på konsonant (*levt* kjem likevel langt ned på lista, med berre 2 treff), og 5 av dei 6 verba der -d(d)-forma rår totalt, har stamme som endar på vokal. Nemnda peikar på at dei tradisjonelle formene med -t(t) står sterkt i den nynorske skrifttradisjonen og i talemålet i store delar av det nynorske kjerneområdet. Det er likevel berre i dei eldste kjeldene til Vikør og i NF, der kjeldene er frå 70- og 80-åra, at formene er i bruk i noko monn: Berre i 4 prosent av tilfella er dei nytta i statleg tekst i NON.

**Fortid med -d- og -t-:** Statusen til verb med valfri -d- eller -t- i preteritum, supinum og partisipp har skifta mykje gjennom normeringshistoria. *Førde* var eineform frå Aasen 1864 og fram til 1917, då kom *førte* inn som likestilt form, og forma var eineform frå 1959, før *førde* kom inn att som likestilt form frå 1986. Frå og med 2012-rettskrivinga er det berre *førte* som er godkjent som preteritumsform av *føra/-e*. Dei tradisjonelle formene *førde/førd* er nytta i berre 9,5 prosent av tilfella i mitt materiale. At t-forma var eineform fram til 1986, kan truleg forklara den klare preferansen for denne forma, i tillegg til at dei fleste andre verba (med fire unntak) i denne klassen med rotutlyd på -r hadde eineform med -t-. Det ser ut til at bruken av den tradisjonelle forma *førd(e)* står endå svakare i statleg tekst enn i nynorsk skrift elles, om ein legg funna til Wetås og frekvensen for *førd(e)* i NF til grunn.

**Kort og lang infinitivsform:** Tradisjonelle, lange infinitivsformer er det trekket i formverket som kjem aller dårlegast ut i mi undersøking. Berre i 0,2 prosent av tilfella – 55 av 22 907 treff – er langform nytta. Vikør kommenterer (1995c: 14) at kortformene har slått gjennom over heile linja blant forfattarane som skriv i syttiåra. Også hos Wetås er bruken av korte

<sup>46</sup> I NF gjev former med *a* 242 treff, mens former med *o* gjev 217. Når ein i tillegg kan rekna med at ein del av formene med *a* er eintalsformer, der *o*-form ikkje er mogleg, betyr det at den tradisjonelle forma står om lag like sterkt som, moglegvis endå sterkare enn, den nyare forma i dette materialet.

infinitivsformer nærmast einerådande, dei einaste langformene som finst i materialet hennar, er ein del døme på *lata/-e* og nokre få på *draga/-e*. Borge (2004: 68) skriv av nokre av verba i hennar undersøking "... forekommer bare med kort form i infinitiv i begge år, som *be*, *by*, *dra*, *la* og *ta*, mens noen også har lang form: *skade*, *lide*, *flyge* og *glede*." Alle kortformene ho nemner, er med i mine funn, så å seia utan treff for den tilsvarende langforma. Ingen av variablane som inneholder langformene ho nemner, gav 100 eller fleire treff i mitt subkorpus, men det er interessant at i likskap med formene hos Borge dominerte nettopp to av desse langformene totalt (100 prosent eller rett under) i sine variabler.<sup>47</sup> Dei få tradisjonelle langformene som blir nytta i nynorsk, er stort sett tilsvarende mykje nytta i bokmål.<sup>48</sup> Desse funna kan indikera at bokmålpåverknad i dette tilfellet verkar konserverande, ikkje fornyande, i nynorsknormalen. Då Språkrådet vurderte kva for nokre av formene som skulle vera med i den nyaste rettskrivinga, kommenterte dei: "Mange av langformene står såpass svakt i skrift at dei ikkje lenger har nokon opplagd plass i norma." (2011: 185) Funna mine stadfestar denne observasjonen blant dei formene som er mest nytta, men blant fleire av formene med mindre enn 100 treff, er langforma den absolutt vanlegaste.

**Bøyning av substantiv på -sle/-sel:** I mine søk er det ingen treff på forma *vigsle* eller bøyningar av denne, mens treffa på *-førsle* utgjer 9,5 prosent i sin variabel.<sup>49</sup> Samla sett er den tradisjonelle hokjønnsbøyninga brukt i 7,8 prosent i kategorien. Då Riise-nemnda søkte etter *ferdsle/ferdsel*, *stengsle/stengsel* og *-førsle/-førsel* i NON som heilskap, stod formene med *-sle* sterkest i dei to fyrste variablene, mens *-førsle* stod litt svakare enn *-førsel*. Dei konkluderer med at begge suffiksa står sterkt i skrift. I dei to formpara som eg har sett på i mi undersøking, står derimot den tradisjonelle hokjønnssforma veldig svakt samanlikna med tala frå Riise-nemnda. Belegga i NF er altfor få til å trekka nokre konklusjonar.

**Fleirtalsbøyninga av barn:** Fleirtalsformene av *barn* gjev meir enn 5000 treff i mitt subkorpus, og 17,5 prosent av desse er på den tradisjonelle forma *born(a)*. Riise-nemnda (Språkrådet 2011: 115) skriv at begge fleirtalsbøytingane av *barn* er så vanlege at dei bør bli ståande i rettskrivinga. Dei oppgjev ikkje nokon frekvens for dei ulike formene, men det er

<sup>47</sup> I variabelen *ska(da/-e)* utgjorde den tradisjonelle forma 100 prosent av dei totalt 39 treffa, og i variabelen *li(da/-e)* var 30 av 31 treff på langforma. I tillegg stod langformer som Borge ikkje nemner, som òg er vanlege i bokmål; *stri(da/-e)* og *skri(da/-e)*, for 100 prosent av dei 27 og 67 belegga.

<sup>48</sup> Søk i LBK på *stride* gav 126 treff, mens *stri* gav 135; *lide* gav 923 treff, mens *li* gav 5 korrekte treff. *Skade* gav 1549 treff, og *ska* 436 treff, men alle desse ser ut til å vera feiltagging av den dialektale presensforma *ska(l)*. *Skride* gav 46 treff, og *skri* 1 treff i LBK.

<sup>49</sup> Sjølv om forma finst usamansett, er det berre treff på ordformer der *-førsle/-førsel* er suffiks, i mine data.

grunn til å tru at dei reknar med at *o*-formene står sterke enn det dei gjer i mine funn, jf. den høge frekvensen for formene i NF.

## 6.6 Nokre utvalde lågfrekvente tradisjonelle former

Eg har i hovudsak konsentrert meg om dei høgfrekvente tradisjonelle formene, sidan desse skil seg mest frå den overordna tendensen. For å kunna seia noko om i kva grad departementsnynorsken skil seg frå annan nynorsk tekstproduksjon, har eg plukka ut nokre av dei lågfrekvente tradisjonelle formene frå enkeltorda og lydverket som også mange av dei andre undersøkingane ser på, for å sjå om avvika er større eller mindre her. Dei lågfrekvente variablane i formverket gjorde eg greie for i førre avsnitt.

Ordform	Malmin 2017	Borge 2004	Vikør 1995 (70-åra)	NF 1989	Wetås 2001
døger	1,1 %	33,3 %	-	28,9 %	-
båe	5,1 %	16,7 %	0 %	28,9 %	-
hjå	7,5 %	11,1 %	0 %	39,8 %	-
korkje	30,8 %	25 %	33,3 %	74,8 %	-
difor	34,5 %	0 %	33,3 %	69,5 %	-
ljod	0 %	0 %	0 %	0 %	-
ljos	1,4 %	0 %	0 %	11,9 %	ca. 8 %
fyrst	5,1 %	0 %	0 %	22,5 %	-
skule	29,1 %	42,9 %	70 %	82,8 %	ca. 67 %
ven	15,1 %	16,7 %	20 %	55,4 %	-
mogna/-e	22 %	-	71,4 %	70 %	-

Tabell 23: Lågfrekvente tradisjonelle enkeltord og vokalvariantar

Tendensen me ser i denne tabellen, er ganske tydeleg. 10 av desse 11 lågfrekvente tradisjonelle formene står endå svakare i mitt materiale enn i dei andre undersøkingane sett under eitt; berre *ljod* er fråverande i alle undersøkingane. *Båe* og *hjå* står litt sterke her enn hos Vikør, men svakare enn hos Borge og ganske mykje svakare enn i NF. *Ljos* og *fyrst* står litt sterke her enn hos Borge og Vikør, men ein del svakare enn i NF og hos Wetås. *Korkje* og *difor* er nytta om lag like mykje her og hos Vikør (*korkje* òg hos Borge), men meir enn

dobbelt så ofte i NF. Forma *skule*, som Riise-nemnda (Språkrådet 2011: 34) kommenterte var trengt heilt ut i offentleg nynorsk andsynes *skole*, har trass i alt ein del belegg i mi undersøking: 29,1 prosent, men samanlikna med dei andre granskingane står forma likevel veldig svakt. Enkeltkonsonant i *ven* er heller ikkje mykje nytta hos Borge og Vikør, mens i NF står forma for meir enn halvparten av treffa. Tradisjonell form med -g- i *mogna/-e* er nytta meir enn tre gongar så ofte hos Vikør og i NF som her. Basert på desse utvalde variablane (som alle må seiast å vera relativt vanlege ord) ser det ut til at nynorsk i statleg samanheng hallar mot nyare former i sterkare grad enn resten av det nynorske språksamfunnet, slik det er dokumentert i undersøkingane til Borge, Vikør, Wetås og i NF. Som nemnt er storleiken på materialet i NF (om lag 1 million ord) i ein heilt annan skala enn hos Borge og Vikør, som ser på høvesvis 13 og 10 skribentar kvar; dette er såleis det mest representative materialet for det nynorske språksamfunnet som heilskap, på grunn av dei store tekstmengdene. Dei tradisjonelle formene i alle variablane unntatt *døger* står sterkest i NF, og med eit par unntak, svakast i mine funn. Dei nynorske formvala i offentleg samanheng skil seg dermed ganske tydeleg frå dei formene som blir føretrekte elles.

## 6.7 Samanfattning av diskusjonen

Fleire departement melder om at dei ynsker å legga seg så nært bokmål som mogleg når dei skriv nynorsk. Bokmålsnære val ser òg ut til å vera utfallet av eventuelle nøytralitetsstrategiar, og på bakgrunn av press frå normaktørar og forventningar om mottaking, slik eg var inne på i kapittel 3, er det grunn til å tru at dei statstilsette ofte vil ta i bruk slike strategiar. Tunli (1983: 160) skriv om NRK at ”[a]rgumentet for begrensninger i valgfriheten har vært ønsket om et *felles, upersonlig språk* i de sendingene der kringkastingstaleren henvender seg til lytterne som representant for institusjonen.” (mi uth.) Ein deltakar på nynorskkurset til Språkrådet, der eg var observatør, poengterte at i alt det skriftlege tilfanget dei laga på hennar arbeidsplass, var det eit mål å legga seg språkleg ”i midten” for ikkje å *støyta nokon*. Fordi bokmål er majoritetsspråket i landet, og i kraft av denne posisjonen det mest umarkerte, vil nøytralitet i formvala bety val av bokmålsnære former. Men det er ikkje alle dei bokmålsnære formene som blir nytta, slik me har sett.

Dei nyare nynorskformene er anten 1) bokmålsnære: Dei liknar eller er identiske med den (einaste) *prestisjefulle* bokmålsforma; 2) bokmålsnære: Dei liknar eller er identiske med ei *prestisjelaus* bokmålsform; eller 3) *ikkje* bokmålsnære. Svært mange av dei nyare formene

som dominerer i mitt materiale, er former som passar inn under 1: Dei liknar eller er heilt like den forma i bokmål som anten er eineform eller den mest prestisjefulle blant fleire. Dette gjeld alle dei nyare variantane blant enkeltorda og i lydverket, som til dømes *vi*, *døgn*, *lyd*, *nøkkel*, *venn* og *medlemm-*, og mange av variablane innanfor dei ulike kategoriane i formverket, som e-bøyning, -*d(d)*-endingar i supinum og -*t*-form i *ført(e)*. I dei tilfella der dei nyare nynorskformene er like eller identiske ei bokmålsform utan (eller med liten) prestisje (ofte samnorskformer) (2), som *sia*, *korfor*, *røst*, *skott*, *brott*, (*med-/sam-*)*vett* og a-bøyning av *tala/-e*, har dei stort sett ikkje slått gjennom (unntak er supinumsformene *arbeidd* og *spreidd*). Dei nyare formene som ikkje har ei liknande form i bokmål i det heile, som i 3, står hovudsakeleg heller ikkje sterkt, dette er særleg tydeleg for *i*-endinga i supinum av sterke verb og nøytrum av adjektiv på -*en* (supinumsforma *leidd* står rett nok for 100 % av treffa i sin variabel, utan stønad i bokmålet). I tillegg såg me at når det gjaldt eit par variablar som gav for få treff til å bli med i materialet, stod dei tradisjonelle nynorske formene sterkt der *desse* var identiske med dei prestisjefulle bokmålsformene, som i enkelte av dei lange infinitivsformene. Det ser dermed i hovudsak ut som om dei statstilsette vel nyare nynorskformer, når desse *samtidig* er identiske med prestisjefulle former i bokmål (1). Viss dei nyare formene ikkje har slike ” forbilde ” i bokmålet, som i 2 og 3, er preferansane for dei tradisjonelle nynorske formene mykje sterkare. Dette forsterkar inntrykket av at dragnaden mot nyare nynorskformer først og fremst dreier seg om å skriva bokmålsnært; han er ikkje resultat av eit ynske om å skriva ein moderne nynorskvarietet uavhengig av bokmål. Samtidig finst det nyare nynorskformer som har identiske prestisjefulle bokmålsformer, som likevel ikkje er mykje nytta, som *mye*, *mens*, *begynna/-e*, *høra/-e*, *skjønna/-e* og *fremma/-e*.

Eg har i denne gjennomgangen konsentrert meg om dei variablane der dei nyare formene står svakt blant dei statstilsette, for å sjå om det finst sannsynlege forklaringar på korfor dei vik frå nøytralitetsstrategiane, dei uttalte ynska og dei overordna tendensane mot bokmålsnære nyare former i desse særskilte tilfella. Når det gjeld nokre av formene, har eg ikkje noka meir sannsynleg forklaring enn at dei med tida truleg har blitt oppfatta som *umarkerte*. Dette ber i seg eit nytt problem, nemleg korfor det er blitt slik. Sjølv om eg ikkje svarar på dette her, meiner eg forklaringa er relevant, fordi ho berre gjeld enkelte av formene det er snakk om. Ein del av dei tradisjonelle formene som dominerer, kan forklarast ut frå andre tilhøve enn frekvens/”umarkertheit”. To døme på det er *byrja/-e* og *stifting*, der valet av dei tradisjonelle formene truleg har med affiksa i dei nyare formene å gjera.

Eg har vore innom fire til dels samanfallande forklaringar på korfor enkelte tradisjonelle former står sterkt trass målet om å ligga tett opp til bokmål, i dette kapittelet. Den mest brukte dreier seg om frekvens: Formene er mykje nytta, og har slik opparbeidt seg status som umarkerte og nøytrale. Det er truleg tilfelle for former som *framand*, *koma/-e* og *skjøna/-e*. I tillegg er nokre av formene så høgfrekvente at dei har fått status som signalord: Dei er prototypiske døme på nynorsk; ord språkbrukarane forbind med dette skriftspråket. Dei mest tydelege eksempla er forma *mykje* og diftongen *øy*, kanskje gjeld det òg *medan*, *då* og *endå*. Ei tredje forklaring på korfor ei tradisjonell form er ”unormalt” mykje nytta, kan vera skriftbildet til den nyare varianten. Nyare former som *begynna/-e* og *stiftelse* inneheld affiks som mange har lært ein skal unngå i nynorsk. Dermed blir det naturleg å velja dei mindre bokmålsnære formene *byrja/-e* og *stifting*. Også tidsperioden dei nyare formene har vore i rettskrivinga, kan i enkelte tilfelle forklara korfor dei er lite nytta; *mens* blei til dømes likestilt med *medan* først i starten av syttiåra, og har hatt kortare tid til å festa seg som del av normalen. Det vil for enkelte av formene vera snakk om at fleire av desse faktorane verkar saman og sannsynleggjer at dei tradisjonelle variantane blir valde, trass at mange av dei nyare formene er identiske med dei prestisjefulle formene i bokmål. Til dømes er frekvens ein sannsynleg forklaringsfaktor i dei fleste døma der den tradisjonelle forma står sterkt. Forma er ”vanleg”, dermed er ho òg trygg å bruka. Det som er vanskelegare å svara på, er korfor enkelte former har oppnått ein slik status i utgangspunktet, mens andre former, som frå starten av må ha vore like frekvente (a-infinitiv har vore i rettskrivinga heilt sidan Aasens normal frå 1864/1873), likevel ikkje har fått innpass i denne umarkerte nynorskvarieteten. Forankring i den tradisjonelle rettskrivinga er altså *ikkje* nødvendigvis ein garanti for å oppretthalda statusen som frekvent nynorskform, slik me ser av dei låge trefftala i departementsnynorsken for til dømes *me* og a-infinitiv, og slik det er tilfelle for dei tradisjonelle formene i bokmål. Tilnærningspolitikk har kanskje ein del av skylda; Vikør (2003: 302) skriv at dei fleste statstilsette var lojale mot denne politikken, så lenge han stod på. Men igjen kan dette berre forklara delar av funna, for korfor er ikkje då former som *mye*, *høra/-e*, *kjøra/-a*, *mens*, *begynna/-e* og *da* meir vanlege?

## 6.8 Konklusjon

Funna frå undersøkinga av offentleg tekst i NON viser at dei departementstilsette skriv ein nynorsk som i stor grad er prega av nyare former, særleg gjeld dette når dei nyare formene i tillegg er bokmålsnære. Departementa uttrykker sjølve at bokmålsnærleik er eit mål, og

utsegner om at dei ynsker å nytta eit moderat språk utan utrerte former, gjev inntrykk av at dei forsøker å skriva nøytralt. Den sterke dominansen dei nyare variantane har i variablar innanfor enkeltord, vokalisme og formverk, gjev grunnlag for å seia at det finst ei nynorsk husnorm i departementa, og at ho liknar bokmål. Når det gjeld i kor stor grad denne husnorma skil seg frå tendensane i språksamfunnet elles, er ikkje forskjellane så store når det gjeld dei tradisjonelle formene som held seg godt; her liknar den offentlege nynorsken stort sett nynorskbruken elles. *Skulda/-e*, *skjøna/-e* og *fremja/-e* er nytta litt mindre i mine funn enn i dei andre undersøkingane, men formene dominerer klart i sine formpar. Ser ein på ein del av dei tradisjonelle formene som står *svakt* i mine funn, er skilnadane større. Blant enkeltorda gjeld det til dømes variablane *me*, *hjå*, *korkje* og *difor*, som står mykje svakare i statleg tekst enn i tilsvarande undersøkingar av nynorskbruken og i *Nynorsk frekvensordbok*. Når det gjeld lydverket, står *au*-diftongane, *fyrst* og *skule* ein god del svakare i det statlege tekstmaterialet (denne undersøkinga + Borge) enn i andre kjelder. Blant formtrekka står særleg a-infinitiven svakt i statleg tekst. Også *-t(t)* i supinum, hokjønnsbøyning av substantiv på *-sle* og den tradisjonelle forma med *o* i fleirtalsbøyninga av *barn* står ein del svakare i mitt materiale enn i resten.

Med utgangspunkt i at bokmålsnærleik er eit uttalt ynske og ein klar tendens, har eg forsøkt å forklara korfor dei statstilsette likevel i enkelte tilfelle vel tradisjonelle nynorske former, der dei kunne valt nyare former i tråd med ynsket om bokmålsnærleik. Forklaringane har dreidd seg om frekvens/”umarkerheit”, status som signalord, negative konnotasjonar til dei nyare variantane og formenes ”ansiennitet”: kor lenge dei har vore likestilte i rettskrivinga. Eit viktig, meir grunnleggande spørsmål står att: *Korfor* har enkelte former fått status som umarkerte, når andre like gamle og utbreidde former ikkje har det? Kva gjer at *me* og a-infinitiv blir rekna som arkaisk og avstikkande, når *mykje* og *medan* ikkje gjer det, og alle fire formene har høyrt til i rettskrivinga heilt sidan Aasen (*mykje* rett nok i ei litt anna form)? Fleire av departementa rapporterer at dei vil legga seg så tett opptil bokmål som mogleg. Eg har argumentert for at dette kan vera utslag av nøytralitetsstrategiar. Kola (2014: 32) meiner at skribentar som ikkje kjenner mottakarane sine, eller veit at dei er ei heterogen gruppe, kan velja å ta i bruk nøytralitetsstrategiar, for å ikkje risikera å bli misforståtte. Ho skriv mellom anna: ”Hvis avsenderen gjengir sin egen tale eller en standardisert versjon av dialekten i området han har tilknytning til, vil uttrykket virke fremmed for mottakere med andre talemål.” (2014: 33, i fotnote) Nøytralitet er aldri ein ibuande eigenskap i språket: Når noko blir rekna som nøytralt, er det alltid i relasjon til noko *anna*: ein større heilskap. Med

bakgrunn i Mæhlums teoriar om språkmøte, verkar det sannsynleg at når statstilsette ynsker å skriva nøytralt, vel dei ordformer som liknar dei tilsvarende formene i majoritetsspråket. Det er likevel mogleg å problematisera korfor 'nøytralt' blir definert i høve til bokmål. Ein kunne tenka seg at eit nøytralt val i nynorsk samanheng var å skriva slik fleirtalet av nynorskbrukarar gjer. Fyrste paragraf i mållova – der det står at nynorsk og bokmål er likeverdige målformer og skal vera jamstilte i offentleg teneste – inneber at begge skriftspråka skal brukast og tolast. I *Mål og mening* (Kultur- og kyrkjedepartementet 2008: 190) refererer departementet til budsjettproposisjonen frå same året, der det står at språktenesta skal fremma godt og føremålstenleg forvaltingsspråk generelt og nynorsk forvaltingsspråk spesielt, og dei understrekar vidare at "... det siste er ei prioritert oppgåve og inngår som eit viktig ledd i ein intensivert innsats for å sikra auka bruk av nynorsk i staten (...)." Sjølv om det er naturleg at nøytralitetsstrategiar i utgangspunktet fører til bokmålsnært språk, sidan bokmål er majoritetsspråket, kunne ein tenka seg at medvitet kring godt nynorsk forvaltingsspråk ville føra til val av former som nynorskbrukarar flest kjänner igjen eller sjølve brukar. Slik er det berre til ein viss grad: Tendensane i statsnynorsken viser at dei nyare formene står ein del sterkeare her enn i annan tekst, særleg blant dei variablane der desse nyare formene er i fleirtal. For dei statstilsette ser bokmål ut til å stå fram som det nøytrale idealet, og gjennom nøytralitetsstrategiar vel dei *nyare* nynorskformer som er identiske med prestisjefulle bokmålsformer, fordi dei då samtidig nyttar eit (skrift)språk som liknar det størsteparten av mottakargruppa som heilskap sjølv brukar – bokmål. Det betyr truleg at det offentlege tar vel så mykje omsyn til bokmålsbrukarane i landet når dei skriv nynorsk. Den politiske leiinga i departementet uttrykker at dei har eit særskilt ansvar for å ta vare på den norske skriftkulturen generelt, og nynorsk spesielt. Ein kan argumentera at dei ved å halla såpass sterkt mot bokmålsnære former bidrar til å vatna ut noko av det særskilte ved det nynorske språket.

Sandøy-nemnda uttrykker at systemet med hovudformer og sideformer gjev det offentlege eit godt høve til å påverka språkendringstendensar. Dei skriv om offentlege dokument at dei "... står så sterkt i nynorsksamfunnet at dei vil påverka tydeleg det som synest vera dominande og nøytralt i skriftspråket. Normsystemet vårt med hierarki er altså eit godt instrument for å påverka skriftspråksutviklinga i ynskt retning." (Norsk Språkråd 2002b: 26) I kapittel 3 var eg inne på at nett dette hierarkiske systemet har gjort at enkelte former *innanfor* læreboknormalen har fått status som betre og/eller meir nøytrale. Det statlege apparatet er truleg den nynorske tekstoprodusenten som i størst grad kan påverkast av vedtak i Språkrådet

og offisielle språklege retningslinjer: I motsetnad til aviser og forlag er dei forplikta til å fylgja den offisielle språkpolitikken. Likevel er det statsapparatet som vik mest frå den utbreidde midtlinjenynorsk i bokmålsnær lei, om ein legg resultata frå både tidlegare granskningar og denne undersøkinga til grunn. Helge Omdal (1999: 186) peikar på at det er fare for "... at tiltrua til språknormeringsorgana blir kraftig redusert når det går opp for språkbrukerne at valgfrie former som i prinsippet skal være likeverdige, likevel ikke aksepteres av de store tekstprodusentene i samfunnet." At departementa så tydeleg vel bort visse nynorske former, kan tolkast som eit signal til mottakarane om at desse formene ikkje blir aksepterte i statleg samanheng.

Språkmøtet mellom nynorsk og bokmål, der bokmålet utgjer majoritetsspråket både i tal på brukarar og når det gjeld status, har ført til ei utvikling i den offisielle nynorsken som går i retning bruk av bokmålsnære former. Bokmål blir rekna som det nøytrale og umarkerte, slik Tove Bull (2004) er inne på, og når dei statstilsette på dagleg basis blir påverka av mektige normeringsaktørar som nyttar bokmål, særleg i pressa, blir inntrykket av at bokmål er det nøytrale, opprettheldt. Også lærarar som dei tilsette i departementa på eit tidspunkt har hatt på skulen, som truleg ikkje har full kjennskap til norma, og som i mange tilfelle formidlar eigne private normer, bidrar til å gjera opplevinga av valfridommen mindre i realiteten enn han er i teorien. Statusen til bokmålet og press eller innverknad frå viktige normaktørar gjer at departementa utviklar eigne husnormer. Sjølv om Sandøy-nemnda er inne på at slike normer kan ha ein pedagogisk funksjon i ein arbeidssituasjon der mange menneske er involvert i tekstproduksjonen (menneske som gjerne er usikre i nynorsknorma i utgangspunktet), poengterer dei òg at husnormer overlèt makt over språkutviklinga til private aktørar. Samtidig er det ikkje så mykje eksistensen av husnormer, som korleis dei ser ut, som har vore det sentrale spørsmålet i denne undersøkinga. Ideala bak normene for offentleg nynorsk språk ser ganske annleis ut enn dei tilsvarande normideala i bokmål, der dei tradisjonelle, konservative formene har konsolidert seg som eit minste sams multiplum (Almenningen et al. 2002: 154), men skriftbilda som kjem ut frå det offentlege, er påfallande like i dei to språka.

Ein konsekvens av bokmålsnære husnormer i departementa, som sjølve fungerer som mektige normaktørar, er at språkbrukarar vil danna seg inntrykk av kva som er rett og galt språk basert på kva som er vanleg i offentleg tekst. Vikør (1999: 232) skriv:

Merkar folk at det dei har lært om kva som er rett og tillate språk i skolen, ikkje fungerer ute i samfunnet, vil dei fleste tilpasse seg. (...) Mye tyder på at det er svært vanskeleg å praktisere ei utbreidd valfriheit i det praktiske livet utan marginalisering av nokre variantar i forhold til andre. (...) I praksis ser det ut til at nokre må vinne, altså bli 'nøytrale' og 'allmenne' i folks auge, og andre tape, dvs. forsvinne eller få eit stempel som spesielle eller avvikande.

Han peikar vidare på at viss ei språkform skal vere liv laga, må ho ha ein basis i ei viss gruppe av folket som brukar denne forma som si 'naturlege', og ho må vera "... eit kollektivt eige for denne gruppa." (1999: 232) Funna mine tyder på at ein god del skriftlege former som har stor utbreiing blant nynorske språkbrukarar og i norske målføre, blir marginaliserte i statleg samanheng, trass eit i utgangspunktet breitt bruksgrunnlag. Som tidlegare nemnt reknar ein særleg Vestlandet til det nynorske kjerneområdet, og det er her nynorsken står absolutt sterkest, mellom anna som hovudmål i skulen. Likevel er sentrale vestlandske drag som *me* og a-infinitiv mest ikkje å sjå i offentleg nynorsk tekst.<sup>50</sup> I stortingsmeldinga *Mål og mening* skriv Kultur- og kyrkjedepartementet (2008: 80) at "[f]or eit mindre brukte språk kan det aldri bli for mange positive rollemodellar." Når det offentlege skriv ein nynorsk som liknar bokmål i så stor grad som det er vist i denne undersøkinga, og også uttrykker at dette er eit medvitent val, spørst det om dei opptrer som positive rollemodellar, viss dei med dette omgrepene meiner forbilde som gjennom skriftpraksisen viser at det mindre brukte språket fungerer som bruksmål og har eigenverdi.

---

<sup>50</sup> Vi og e-infinitiv har sjølvsagt òg utbreiing på Vestlandet, men som utrekningane mine viste, har nær 80 prosent i det nynorske kjerneområdet ei pronomenform på *m-*, mens over 50 prosent har a-infinitiv i dialekten sin.

# 7 Avslutning

## 7.1 Samanfattning av oppgåva

I denne oppgåva har eg sett på kva slags nynorske former dei statstilsette vel når dei har valet mellom ei tradisjonell og ei nyare form. I kapittel 1 gjer eg greie for motivasjonen min for å velja dette temaet, som botnar i ein mistanke om at likestilling mellom former på papiret ikkje betyr likestilling i praksis, og ei interesse for kva slags utslag manglande likestilling på dette feltet kan ha. I kapittel 2 har eg gått gjennom bakgrunnen for nynorskrettskrivinga slik ho såg ut på 2000-talet, tida då kjeldene mine blei skrivne, med særleg fokus på kva slags valfridom som har vore tillaten opp gjennom åra. Eg ser òg på utviklinga når det gjeld bruken av nynorsk i statleg samanheng spesielt. Til slutt i kapittelet går eg gjennom dei undersøkingane av valfridom som har vore gjennomførte til no, men då først og fremst i den vide rettskrivinga, altså utanfor læreboknormalen. Dei aller fleste granskingane viser at valfridommen blir lite nytta, sjølv av dei som hevdar at dei tar han i bruk, som til dømes redaktørane i Wetås si undersøking av praksisen i pressa (2001a). I dei få kjeldene som er undersøkte som må fylgja læreboknormalen, er tendensen til einsretting tydeleg, og Karianne Borge (2004) konkluderer at tekstarane i NRK i det store og det heile vel bokmålsnære former, og at dei òg blir oppfordra til dette frå leiinga i NRK. I kapittel 3 ser eg på nokre ytre faktorar som kan forklara den statlege nynorskbruken, med vekt på nynorskens posisjon som minoritetsspråk, mektige normeringsaktørar som presse og forlag og statusen til dei som skriv – avsendarane – i forvaltninga. Desse faktorane sannsynleggjer at det har oppstått ei oppfatning av nynorsk som markert og avstikkande andsynes bokmål. Innverknad frå normeringsaktørar som Aftenposten og NRK gjer at formvala til dei departementstilsette hallar mot bokmål, og fordi dei ikkje kjenner mottakarane av tekstane dei skriv, eller veit at dei er svært ulike, er det grunn til å tru at dei legg seg tett opp mot majoritetsspråket i eit forsøk på å vera nøytrale. Metoden eg har valt for å gjennomføra undersøkinga mi, søk i Norsk Ordboks Nynorskkorpus (NON), gjer eg greie for i kapittel 4, her forklarar eg òg kva kriterium eg har lagt til grunn for utvalet av variablar eg ser på. Funna frå korpusundersøkinga blir presenterte i kapittel 5, og er der organiserte i tre hovudgrupper: enkeltord, lydverk og formverk. Gjennomgåande er nyare former mest nytta blant enkeltorda, vokalvariablane og i formverket, mens tradisjonelle former dominerer i undergruppa 'konsonantisme'. I kapittel 6 diskuterer eg dei treffa som skil seg mest frå den dominerande tendensen, nemleg dei funna der dei tradisjonelle formene står sterkest, og forsøker å forklara

desse avstikkande funna med bakgrunn i oppfatningar om frekvens, signalord, negative konnotasjonar til dei nyare, bokmålsnære formene og kort levetid i nynorsknormalen. Eit veldig tydeleg trekk er at mest alle dei nyare formene som blir føretrekte, er identiske med eller liknar dei prestisjefulle formene i bokmål. Viss den tilsvarande bokmålsforma ikkje er prestisjefull (til dømes samnorskforma *sia*), vel skrivarane heller den tradisjonelle varianten. Departementsnynorsken blir dermed dominert av nyare former *som i tillegg er bokmålsnære*. Eg konkluderer at sjølv om desse forklaringane kan seia noko om korfor enkelte nynorske tradisjonelle former framleis står sterkt i ein varietet fyrst og fremst prega av bokmålsnærleik, så står det att eit grunnleggande spørsmål, nemleg korfor enkelte former har blitt nøytrale i utgangspunktet. Det kan òg problematiserast korfor nøytralitet i nynorsk skriftsamanheng har med bokmålsnærleik å gjera, og ikkje like tydeleg blir definert ut frå praksisen i det nynorske skriftsamfunnet elles.

## 7.2 Svar på forskingsspørsmåla

### 7.2.1 Forskingsspørsmål 1

Det fyrste spørsmålet eg ynskte å finna svar på, var om det var tilfelle at nyare likestilte former innanfor den nynorske læreboknormalen er meir nytta enn dei tradisjonelle i statleg forvaltning. Svaret på dette er i stor grad 'ja'. Blant enkeltord har dei nyare formene ein frekvens på 67 prosent; blant vokalvariablane 65,6 prosent; og i dei ulike kategoriane i formverket har dei nyare formene ein gjennomsnittleg frekvens på 89,9 prosent. Unntaket er konsonantvariablane i lydverket: I ulike konsonantvekslingar dominerer dei tradisjonelle variantane i 59,3 prosent av tilfella. Variasjonen innanfor ein del av variabelgruppene er stor, men tendensen er ganske eintydig, med eit unntak for konsonantformene, der funna peikar i ei anna retning.

### 7.2.2 Forskingsspørsmål 2

Vidare ville eg vita om det på bakgrunn av funna er grunnlag for å seia at det eksisterer ei uoffisiell norm i offentleg forvaltning – ei statleg husnorm. Eg meiner at funna tilseier at det finst ei husnorm i offentleg forvaltning, og at ho i stor grad består av nyare, bokmålsnære former, saman med enkelte tradisjonelle umarkerte ord og bøyingsformer. Utsegnene frå departementa sjølve står opp om denne påstanden: Fleire rapporterer at dei ynsker å skriva så bokmålsnært som mogleg, og at dei oppfattar dette som meir nøytralt ("mindre utrert") enn det motsette. Både Sandøy-nemnda og Riise-nemnda peikte i sine rettskrivingsinnstillingar på

at husnormer truleg finst i departementa. Sandøy-nemnda (Norsk Språkråd 2002b: 17) skriv at dei har inntrykk av at store nynorske tekstprodusentar skriv ein relativt umarkert midtlinjenynorsk, men vel *tradisjonelle* former der ulike variantar er likestilte (med unntak av infinitivsendinga). Mine funn tyder på at dette siste ikkje er riktig når det gjeld statsforvaltninga: Dei tilsette i det offentlege vel stort sett dei *nyare* formene der dei har valmoglegheiter, så lenge desse i tillegg er prestisjefulle i bokmål.

### 7.2.3 Forskingsspørsmål 3

Til slutt var eg interessert i kven og kva som har innverknad på danninga og vidareføringa av ei slik uoffisiell husnorm i departementa, viss det kan påvisast at ho finst. At nynorsk heile tida har vore eit minoritetsspråk andsynes bokmål i Noreg på landsbasis, gjer at nynorsk lett blir oppfatta som markert og avstikkande. Samtidig er det grunn til å tru at offentleg tilsette ynsker å skriva nøytralt, fordi dei ikkje kjenner mottakarane sine godt. Når dei samtidig veit at majoriteten av mottakarane er bokmålsbrukarar, kan løysinga på korleis ein skriv nøytralt, vera å velja bokmålsnære former. Minoritetsposisjonen som nynorsk har andsynes bokmål, er dermed litt av forklaringa på korfor det oppstår ei norm der bokmålsnærleik er eit mål. Det finst fleire mektige normaktørar i norsk offentlegheit, slik me såg i kapittel 3, som har innverknad på departementsspråket. Det gjeld særleg pressa, og då både avisene og statskanalen NRK, som sjølv skulle fylgja læreboknormalen før 2012; blant alle desse normaktørane står bokmålet og bokmålsnær nynorsk sterkt. Ein annan viktig normaktør er norsklæraren: Språkopplæringa skjer i hovudsak i skulen, og det er i desse åra me internaliserer normer og lærer kva som er rett og galt. Lærarar med manglande kunnskapar om valfridommen, som i tillegg kanskje har eit eige syn på kva som er god eller riktig nynorsk, kan derfor ha sterk innverknad på slik elevane skriv seinare i livet. Helge Omdal (1999: 186) er inne på at moglegheita til å brukta det offentleg godkjente språket er ein demokratisk rett, men sjølv om det er tilfelle, vil mange språkbrukarar erfara at ein slik rett ikkje finst i røynda, når dei ser at berre enkelte former innanfor rettskrivinga blir brukte av ein av dei mektigaste normaktørane i landet, nemleg det offentlege.

## 7.3 Avsluttande vurderingar og innspel til vidare forsking

I bokmål har ei nyleg undersøking (Kola 2014) vist at tradisjonelle former blir nytta langt oftare – i 84 prosent av tilfella – enn nyare former på tvers av ulike sjangrar. Forklaringsa er mellom anna at dei tradisjonelle formene har hatt lang levetid i rettskrivinga, og derfor blir

sett i samband med det vanlege og nøytrale. Sjølv om eg var interessert i kva ei liknande undersøking av nynorskbruken ville visa, forventa eg ikkje at resultatet ville bli det same. Slik er det heller ikkje. Dei departementstilsette vel i stor grad dei nyare formene når dei skriv nynorsk, i dei tilfella der *nyare* er synonymt med *bokmålsnære*. Departementa opplyser også at dette er eit uttalt mål: Dei ynsker å skriva ein bokmålsnær nynorsk. Eit naturleg spørsmål er då korfor dei likevel vel tradisjonelle former i enkelte tilfelle. I kapittel 6 gjer eg greie for moglege forklaringar på dei funna som viser at tradisjonelle nynorske former står sterkt i statsforvaltninga.

Eg har i denne undersøkinga gjort eit forsøk på å dokumentera kva slags nynorsk dei skriv i offentleg samanheng, gjennom ei korpusundersøking som brukar meldingar og proposisjonar til Stortinget som kjelder. Samtidig er det eitt viktig spørsmål undersøkinga mi ikkje svarar på, men som melder seg når ein studerer funna som her blir presenterte. Det er *korfor* enkelte former har oppnått status som nøytrale innanfor rettskrivinga; kva har gjort at mens ei gammal, vanleg form som *me* nesten ikkje er å finna i statleg tekst, reknar ”alle” *mykje* og *medan* som typisk nynorsk? Å forstå korfor enkelte former har fått status som umarkerte, kan gje oss viktig informasjon om språkutvikling og kva slags normeringskrefter som verkar sterkest i denne utviklinga. Samtidig vil ei nærmare undersøking av språkpreferansane i staten, gjennom intervju av dei som jobbar der, og granskningar av andre typar tekst enn dei eg har sett på her, kunna fortelja meir om kva slags normeringsmekanismar som finst i det offentlege, og belysa om dei statstilsette sjølve handlar i samsvar med uttrykte språkpolitiske mål. Særleg kunne det vore interessant å sjå på korleis departementa kommuniserer via sosiale medium, der tekstane er særleg publikumsretta og språkbruken ganske spontan.

Fordi skuleverket så tydeleg trer fram som ein sentral faktor i språkopplæringa og dermed i normdanninga i dei undersøkingane som er attgjevne i 2.8, ville det òg vore interessant å sjå nærmare på kva slags nynorske former som er nytta i lærebøker, på elektroniske læringsplattformer, i oppgåvetekstane på eksamen og tentamen og elles i undervisninga. Viss nynorsken elevane møter i skulen, i stor grad består av nyare, bokmålsnære former, slik det var tilfelle i læreverka Åse Wetås undersøkte, er det ikkje så merkeleg om det dannar seg eit inntrykk av bokmålsnær nynorsk som umarkert og normal blant store delar av befolkninga. Staten godkjener ikkje lenger formbruken i lærebøkene gjennom Språkrådet, det er dermed opp til den enkelte forfattaren og forlaget hennar kva former dei vel å bruka, og kva dei dermed formidlar til elevane om kva former som er nøytrale og framtidsretta. Sandøy-

nemnda skriv at den offentlege språkstyringa gjev moglegheiter til å leia språkutviklinga i ei bestemt retning. Funna i mi undersøking tilseier at resultatet av den offentlege språkstyringa har vore at ein aktør som i skriftleg samanheng står fram som forbilde for andre, nemleg staten, skriv ein varietet av nynorsk som er utprega bokmålsnær. Dette er ikkje eit tilfeldig eller uheldig resultat, det er eit uttalt mål frå departementa si side, jf. fråsegnene som er rapporterte i 6.1.

# Litteraturliste

- Akselberg, Gunnstein. 2003a. "Praksis og haldning til valfridomen i den nynorske skriftnorma hjå elevar som har nynorsk som hovudmål". I *Krefter og motkrefter i språknormeringa. Om språknormer i teori og praksis* redigert av Helge Omdal og Rune Røsstad, 69–92. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- . 2003b. "Talevariasjon, register og medvit". I *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*, redigert av Brit Mæhlum, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland og Helge Sandøy, 127–147. Oslo: Cappelen akademiske forlag.
- Almenningen, Olaf, Thore A. Roksvold, Helge Sandøy og Lars S. Vikør. 2002. *Språk og samfunn gjennom tusen år – Ei norsk språkhistorie*. 6. utg. Oslo: Universitetsforlaget.
- Beito, Olav T. 1986. *Nynorsk grammatikk: Lyd- og ordlære*. 2. utg. Oslo: Samlaget.
- Berg, Celia M. 1999. «*La oss skrive slik det er naturlig og behagelig.*» *Om kjennskap og haldningar til den heterogene skriftnorma hos nokre avgangselevar i vidaregåande skule*. (Hovudoppgåve, Universitetet i Bergen). Bergen: [C. M. Berg].
- Borge, Karianne. 2004. *Nynorsknormen i NRKs teksting av fjernsynsfilm*. (Hovudoppgåve, Universitetet i Oslo). Oslo: [K. Borge].
- Bull, Tove. 2004. "Nynorsk som minoritetsspråk." I *Språknytt* nr. 3–4 (2004): 36–39.
- Cappelens ordbok: rettskrivning, bøyning, uttale, ordforklaringer, synonymer, eksempler, forkortelser: bokmål* (1996). Oslo: Cappelens forlag
- Den departementale rettskrivningsnevnd. 1935. *Tilråding om ny rettskrivning*. Trondheim: Centraltrykkeriet Ellewsen & Co. Henta frå [http://www.sprakradet.no/Sprakavare/Norsk/Faksimilebiblioteket/Tilraading\\_om\\_ny\\_rettsskrivning\\_1936/](http://www.sprakradet.no/Sprakavare/Norsk/Faksimilebiblioteket/Tilraading_om_ny_rettsskrivning_1936/).
- Dyvik, Helge. 2012. "Norm clusters in written Norwegian". I *Exploring Newspaper Language. Using the web to create and investigate a large corpus of modern Norwegian*, redigert av Gisle Andersen, 193–219. Amsterdam: John Benjamins Publishing Company.

Ellenes, Egil og John Øyvvind Hovde. 2013. *Korleis – strake vegen til god nynorsk*. Oslo: Hovde & Brekke forlag.

*Escolas ordbok: bokmål* (1986). Oslo: Escola forlag

Eskeland, Lars. 1906. *Norsk rettskrivingsordbok*. 1. utg. Kristiania: Norli.

---. 1912. *Norsk rettskrivingsordbok*. 2. utg. Kristiania: Norli.

---. 1924. *Norsk rettskrivingsordbok*. 3. utg. Oslo: Olaf Norli.

*Forskrift om endring av rettskriving og læreboknormal*. Fastsett ved kgl. res. 24. juli 1981.

Henta frå <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1982-02-16-382>.

*Forskrift om målbruk i offentleg teneste*. Fastsett ved kgl. res. 5. desember 1980, endra siste gong 22. des. 1989. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1980-12-05-4938?q=m%C3%A5lbruk%20i%20offentleg%20teneste>.

Fretland, Jan Olav. 2000. *På saklista. Nynorsk språkbruk i statsforvaltninga*. Redigert av Asgeir Olden. Oslo: Landssamanslutninga av nynorskkommunar.

---. 2007. "Aldri har så mange skrive så mykje for så lite...? Om ti års arbeid med nynorsknormalen". I *Å sjå samfunnet gjennom språket : heidersskrift til Helge Sandøy på 60-årsdagen 14.06.2007*, redigert av Gunnstein Akselberg og Johan Myking, 63–71. Oslo: Novus forlag.

---. 2015. *På saklista. Språk og saksbehandling på papir og nett*. 3. utg. Bergen: Fagbokforlaget.

Fretland, Jan Olav, Magne Rommetveit, Arnulv Sudmann og Lars S. Vikør. 1986. *På godt norsk. Ei handbok i nynorsk målbruk*. 2. utg. Oslo: NKS-Forlaget (Forbrukar- og administrasjonsdepartementet).

Grepstad, Ottar. 2015. *Språkfakta 2015 - Ei forteljing om språk i Noreg og verda gjennom 850 tabellar*. Redigert av Nynorsk kultursentrums Ørsta. Henta frå [http://www.aasentunet.no/iaa/no/sprakfakta\\_2015/](http://www.aasentunet.no/iaa/no/sprakfakta_2015/).

*Grunnskolens Informasjonssystem (GSI)*. Utdanningsdirektoratet. Tilgjengeleg frå <https://gsi.udir.no/>.

Grønvik, Oddrun. 1987. *Målbruken i offentleg teneste i tida 1930–1940*. Oslo: Det Norske Samlaget.

Hellevik, Alf. 1996. *Nynorsk ordliste (større utgåve)*. 8. utg. Oslo: Samlaget.

---. 2000. *Nynorsk ordliste*. Redigert av Kåre Skadberg og Aud Søyland. 9. utg. Oslo: Samlaget.

---. 2005. *Nynorsk ordliste*. Redigert av Kåre Skadberg og Aud Søyland. 10. utg. Oslo: Samlaget.

Holm, Anne Britt. 1999. *Stebarnet nynorsk: om holdninger til nynorsk i Larviksskolen*. (Hovudoppgåve, Universitetet i Oslo). Oslo: [A. B. Holm].

Holm, Thorgeir og Sergej Alexander Munkvold. 2013. "Den nye nynorskrettskrivingi." I *Norsk lingvistisk tidsskrift* nr. 31 (2):165–220.

Hægstad, Marius, Rasmus Flo og Arne Garborg. 1899. *Framlegg til skrivereregler for landsmaale i skularne*. Kristiania: Brøgger.

Irvine, Judith T og Susan Gal. 2000. "Language ideology and linguistic differentiation". I *Regimes of language: Ideologies, polities, and identities*, redigert av P. V. Kroksrity, 35–83. Santa Fe: School of American Research Press.

Johannessen, Janne Bondi. 2003. "Innsamling av språklige data: Informanter, introspeksjon og korpus". I *På språkjakt - problemer og utfordringer i språkvitenskapelig datainnsamling*, redigert av Janne Bondi Johannessen, 133–171. Oslo: Unipub forlag.

Johansen, Roy. 1999. "Bruk av talemålnære skriftspråkformer i bokmål". I *Språkbrukeren – fri til å velge?*, redigert av Helge Omdal, 122–136. Kristiansand: Høgskolen i Agder.

Kola, Kjersti Wictorsen. 2014. *Bokmålsbruk – hvorledes/hvordan/åssen og hvorfor? Om bruken av morfologiske og ortografiske varianter i bokmålsnormalen*. (Masteroppgåve, Universitetet i Oslo). Oslo: [K. W. Kola].

Kultur- og kyrkjedepartementet. "Den kulturelle skulesekken". St. meld. nr. 38 (2002–2003). Oslo. 2003. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-38-2002-2003-/id197053/>

- . "Målbruk i offentleg teneste". St.meld. nr. 7 (2005–2006). Oslo: Kultur- og kyrkjedepartementet. 2005. Henta frå  
[https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-7-2005-2006-/id199792/sec1?q=m%c3%a5lbruk%20i%20offentleg%20teneste - match\\_0](https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-7-2005-2006-/id199792/sec1?q=m%c3%a5lbruk%20i%20offentleg%20teneste - match_0)
- . "Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk". St.meld. nr. 35 (2007–2008) Oslo: Kultur- og kyrkjedepartementet. 2008. Henta frå  
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-35-2007-2008-/id519923/>.
- Kyrke- og undervisningdepartementet. "Endringer i rettskrivningen og læreboknormalen for bokmål". St. meld. nr. 100 (1980–1981). Oslo: Kyrke- og undervisningdepartementet. 1981. Henta frå [https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1980-81&paid=3&wid=f&psid=DIVL372&pgid=f\\_0219&s=True](https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1980-81&paid=3&wid=f&psid=DIVL372&pgid=f_0219&s=True)
- Lie, Svein. 1994. "Partisipper = adjektiver". I *Proceedings from The XIVth Scandinavian Conference of Linguistics and The VIIth Conference of Nordic and General Linguistics*, redigert av Jens Allwood et al. Göteborg: Göteborgs universitet.
- Lockertsen, Roger. 1999. "Systematisk framstilling av valfri normativ fonologi i nynorsk". I *Språkbrukeren – fri til å velge?*, redigert av Helge Omdal, 171–180. Kristiansand: Høgskolen i Agder.
- Lomheim, Sylfest. 2003. "NTB – grå eminense i norsk språkpolitikk". I *Krefter og motkrefter i språknormeringa : om språknormer i teori og praksis*, redigert av Helge Omdal og Rune Røsstad, 195–207. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Malmin, Oda. 2016a. *Haldningar til nynorske skriftvarietetar* (Upublisert semesteroppgåve, Universitetet i Oslo). Oslo: [O. Malmin].
- . 2016b. *Om utviklinga av subjektsformene vi og me i 1. person fleirtal i norsk*. (Upublisert semesteroppgåve, Universitetet i Oslo). Oslo: [O. Malmin].
- McEnery, Tony og Andrew Hardie. 2012. *Corpus Linguistics: Method, Theory and Practice*, Cambridge Textbooks in Linguistics. Cambridge: Cambridge University Press.

Melby, Guri. 2007. *Dialekt og parykk. En sosiolinguistisk studie av dialektbruken i Team Antonsen*. (Masteroppgåve, NTNU). Trondheim: [G. Melby].

Mosling, Atle. 1998. *Språknormering i sakprosaen*. (Hovudoppgåve, Universitetet i Oslo). Oslo: [A. Mosling].

Myrvoll, Klaus Johan. 2012. "2012-nynorsken vert ikkje enklare". Publisert 22.1.2012: Aftenposten.no. Henta 8.9.16 frå <http://www.aftenposten.no/mening/kronikk/2012-nynorsken-vert-ikkje-enklare-167046b.html>.

---. 2014. "Reformi me aldri fekk. Vogt-komiteen og nynorsken". I *Riksmålsforbundet og nynorsken*, redigert av Riksmålsforbundet, 37–50. Oslo: Riksmålsforbundet.

Mæhlum, Brit. 2007. *Konfrontasjoner. Når språk møtes*. Oslo: Novus forlag.

Mæhlum, Brit og Unn Røyneland. 2012. *Det norske dialektlandskapet : innføring i studiet av dialekter*. Oslo: Cappelen Damm akademisk

Mållova. *Lov om målbruk i offentleg teneste av 11. april 1980*. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1980-04-11-5>.

Norsk Ordbok. 2014. *Norsk Ordboks Nynorsk korpus (NON)*. Tilgjengeleg frå <http://no2014.uio.no/korpuset/>.

Norsk språknemnd. 1959. *Ny læreboknormal 1959* Oslo: Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Henta frå <http://www.nb.no/nbsok/nb/59128586f3a97b94fba4bfb90f8e4559.nbdigital?lang=no-0>.

Norsk språkråd. 2002a. "Granskingar av valfridomen i nynorsk." I *Språknytt* nr. 3–4 (2002): 30–36.

---. 2002b. *Nynorskrettskrivinga. Utgreiing om og framlegg til revisjon av rettskrivinga i nynorsk*. Oslo: Norsk Språkråd. (Sandøy-nemnda).

Nynorskordboka (2012). Bergen: Universitetet i Bergen og Språkrådet. Tilgjengeleg frå <http://ordbok.uib.no/>

- Omdal, Helge. 1999. "Språknormsikkerhet i bokmål og nynorsk". I *Språkbrukeren – fri til å velge?*, redigert av Helge Omdal, 181–196. Kristiansand: Høgskolen i Agder.
- . 2004. *Språknormering – med mål i sikte?* Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Perstølen, Einfrid. 1987. "Ein endelaus strid. Om måljamstelling i statstenesta". I *Fornying og tradisjon. Språkvern og språkrøkt 1972–1988*, redigert av Leif Mæhle, Einar Lundeby og Oddrun Grønvik, 103–117. Oslo: Språkrådet/Cappelen.
- Pettersen, Egil. 1993. *Språknormering og forfatterne: ortografi og morfembruk hos ti bokmålsforfattere for hvert av årene 1937, 1957 og 1977*. Redigert av Norsk språkråd. Bergen: Norsk språkråd.
- Randen, Olav. 1995. "Norm og ordtilfang i nynorsk." I *Norma i nynorsk. Debatt* (Norsk språkråds skrifter nr. 2, trykt utg.): 25–28.
- Roksvold, Thore A. 1999. "Fast språknorm eller valgfrihet i redaksjonen?". I *Språkbrukeren – fri til å velge?*, redigert av Helge Omdal, 197–208. Kristiansand: Høgskolen i Agder.
- Ross, Hans. 1895 [1971]. *Norsk ordbog*. uendra opptrykk av 1. utg. Oslo: Universitetsforlaget.
- Røyneland, Unn. 2003. "Språk og dialekt". I *Språkmøte. Innføring i sosiolinguistik*, redigert av Brit Mæhlum, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland og Helge Sandøy, 15–34. Oslo: Cappelen akademiske forlag.
- Sandøy, Helge. 1995. "Rettskrivingsarkitekturen." I *Norma i nynorsk. Debatt* nr. 2 (Norsk språkråds skrifter nr. 2, trykt utg.): 17–24.
- . 2000. *Lånte fjører eller bunad. Om importord i norsk*. Oslo: Cappelen Akademisk forlag.
- . 2003a. "Den norske normeringssirkelen". I *Krefter og motkrefter i språknormeringa*, redigert av Helge Omdal og Rune Røsstad, 259–272. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- . 2003b. "Skriftvariasjon". I *Språkmøte. Innføring i sosiolinguistik*, redigert av Brit Mæhlum, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland og Helge Sandøy, 167–194. Oslo: Cappelen akademisk forlag.

Schjøtt, Steinar. 1909 [1926]. *Dansk-norsk ordbog*. Oslo: Samlaget, 2. utg. (litografisk prent av 1. utg.).

---. 1914. *Norsk ordbok – med ordtyding paa norsk-dansk: til skule- og literært bruk*. Oslo: Samlaget.

Selback, Bente. 2001. "Det er heilt naturleg." Ei gransking av skriftspråkshaldningar. (Hovudoppgåve, Universitetet i Bergen). Bergen: [B. Selback].

Språkrådet. 2011. *Ny rettskriving for 2000-talet : Innstilling til ny rettskriving for det nynorske skriftmålet*. Oslo: Språkrådet. (Riise-nemnda).

---. 2015. *Rapport om målbruk i offentleg teneste 2014*. Tilgjengeleg frå <http://www.sprakradet.no/Spraklige-rettigheter/Spraklege-rettar-som-gjeld-bruken-av-norsk/Maallova/Statistikk/>.

---. 2016. *Rapport om målbruk i offentleg teneste 2015*. Tilgjengeleg frå <http://www.sprakradet.no/Spraklige-rettigheter/Spraklege-rettar-som-gjeld-bruken-av-norsk/Maallova/Statistikk/>.

Statistisk Sentralbyrå (SSB). 2016. *Folkemengde og befolkningsendringar, 1. januar 2016*. Henta 3.2.17 frå <https://ssb.no/befolking/statistikker/folkemengde/aar-per-1-januar/2016-02-19?fane=tabell&sort=nummer&tabell=256001>.

---. 2017. *Nøkkeltall for befolkning* Henta 3.3.17 frå <https://www.ssb.no/befolking/nokkeltall/befolkning>.

Stjernholm, Karine. 2013. *Stedet velger ikke lenger deg, du velger et sted. Tre artikler om språk i Oslo*. (Doktoravhandling, Universitetet i Oslo). [Oslo]: Universitetet i Oslo, Institutt for lingvistiske og nordiske studier.

Stortinget. 1991. *Forhandlinger i Stortinget nr. 183 (spørretime 13. mars) (1990–1991)*, s. 2712. Henta 1.5.17 frå [https://stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1990-91&paid=7&wid=a&psid=DIVL14&pgid=b\\_1242&vt=b&did=DIVL158](https://stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1990-91&paid=7&wid=a&psid=DIVL14&pgid=b_1242&vt=b&did=DIVL158).

- Tunli, Kristin. 1983. *Språkpolitikk i NRK – i egen eller statlig regi? Hovedlinjer i utviklingen med vekt på tre problemområder*. (Hovudoppgåve, Universitetet i Oslo). Oslo: [K. Tunli].
- Vestbøstad, Per. 1989. *Nynorsk frekvensordbok: dei vanlegaste orda i skriftleg nynorsk, henta frå aviser og romanar 1978–84*. Bergen: Alma Mater Forlag.
- Vikør, Lars S. 1995a. *Rettskriving hos nynorskforfattarar*, Norsk språkråds skrifter nr. 3 (trykt utg.). Oslo: Norsk språkråd.
- . 1995b. "Valfreiheita i nynorsk – historisk oversyn." I *Norma i nynorsk. Debatt* (Norsk språkråds skrifter nr. 2, trykt utg.): 45–63.
- . 1995c. "Valfreiheita i nynorsk i historisk perspektiv." I *Norma i nynorsk. Debatt* (Norsk språkråds skrifter nr. 2, trykt utg.): 9–16.
- . 1999. "Valfreiheita – mellom ideologi og praksis". I *Språkbrukeren – fri til å velge?*, redigert av Helge Omdal, 225–234. Kristiansand: Høgskolen i Agder.
- . 2003. "Statleg og privat normering i nynorsk ". I *Krefter og motkrefter i språknormeringa – språknormer i teori og praksis* redigert av Helge Omdal og Rune Røsstad, 295–305. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- . 2007. *Språkplanlegging. Prinsipp og praksis*. Oslo: Novus Forlag.
- . 2010. *Om normering av nynorsk*. Foredrag ved opningsseminaret for arbeidet med ny rettskriving, henta 1.5.17 frå <http://www.sprakradet.no/Sprakavare/Norsk/normering/Rettskrivingsvedtak/nynorsknorm/bekgrunn/Innspel/>.
- Wetås, Åse. 2001a. Undersøking av formbruken i ulike typar publisert materiale på nynorsk (upublisert). Norsk språkråd. Tilgjengeleg frå [http://www.sprakradet.no/Sprakavare/Norsk/normering/Rettskrivingsvedtak/Framlegg\\_2003/Punktgranskingar/](http://www.sprakradet.no/Sprakavare/Norsk/normering/Rettskrivingsvedtak/Framlegg_2003/Punktgranskingar/).
- . 2001b. Undersøking av rettepraksisen i skolen, i avisene og i forlaga (upublisert). Norsk språkråd. Tilgjengeleg frå [http://www.sprakradet.no/Sprakavare/Norsk/normering/Rettskrivingsvedtak/Framlegg\\_2003/Punktgranskingar/](http://www.sprakradet.no/Sprakavare/Norsk/normering/Rettskrivingsvedtak/Framlegg_2003/Punktgranskingar/).

Wiggen, Geirr. 1997. "Hvorfor har vi så stor valgfrihet i bokmålet?" I *Språknytt* nr. 1 (1997):

Henta 1.5.17 fra [http://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraaknytt\\_1997/Spraaknytt\\_1997\\_1/Hvorfor\\_har\\_vi\\_saa\\_stor\\_valgf/](http://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraaknytt_1997/Spraaknytt_1997_1/Hvorfor_har_vi_saa_stor_valgf/).

Aasen, Ivar. 1864 [1965]. *Norsk grammatik*. Oslo: Universitetsforlaget. Omarbeidet udgave af "Det Norske folkesprogs Grammatik", tredie uforandrede udgave.

---. 1873 [2003]. *Norsk Ordbog: med dansk Forklaring*. Redigert av Kristoffer Kruken og Terje Aarset, Samlagets bøker for høgare utdanning. Oslo: Samlaget.

## **Personleg kommunikasjon**

Oddrun Grønvik, hovedredaktør, Norsk Ordbok 2014

Sverre Stausland Johnsen, fyrsteamanuensis, Universitetet i Oslo

Daniel Ridings, korpusutviklar, Norsk Ordboks Nynorskcorpus

Arbeids- og sosialdepartementet

Barne- og likestillingsdepartementet

Forsvarsdepartementet

Helse- og omsorgsdepartementet

Justisdepartementet

Kunnskapsdepartementet

Landbruks- og matdepartementet

Samferdselsdepartementet

Utanriksdepartementet

# Vedlegg 1: språklege variablar

Enkeltord	Lydverk		Formverk
	VOKALISME	KONSONANTISME	
treskel/terskel	ljod/lyd	mogna/-e/modna/-e	a- og e-infinitiv
me/vi	ljos/lys	truga/-e/trua/-e	a-/e-bøyning av verb
døger/døgn	-stella/-e, -stelling/ -stilla/-e, -stilling	medlem-/ medlemm-	supinum med -t(t) el. -d(d)
voexter/vekst	billeg/billig	-døme/-dømme	fortid med -d- el. -t-
led, lekk/ledd	nykel, lykel/nøkkel	-dom/-domm-	lang el. kort infinitivsform
både/begge	fyrst/først	koma/-e/komma/-e	-e el. -i supinum/n. av adj.
hjå/hos	yanske/ønske (s.)	ven/venn	substantiv på -sle el. -sel
viljug/villig	yanskja/-e/ønskja/-e	løna/-e/lønna/-e	fleirtalsbøyning av <i>barn</i>
prova/-e/bevisa/-e	brunn/brønn	skjøna/-e/ skjønna/-e	
lækjar/lege	sundag/søndag	hemja/-e/hemma/-e	
naudsyst/nødvendig	føre-/for(e)-	fremja/-e/ fremma/-e	
korkje/verken	skule/skole	skot/skott	
verta/-e/bli	klåra/-e/klara/-e	vit/vett	
difor/derfor	åleine/aleine	brot/brott	
vona/-e/håpa/-e	endå/enda		
byrja/-e/begynna/-e	då/da		
medan/mens	jarn/jern		
stifting/stiftelse	framand/fremmend		
mykje/mye	lukke/lykke		
sidan/sia	skulda/-e/skylda/-e		
kvifor/korfor	daud(e)/død		
	laupa/-e/løpa/-e		
	dauv/døv		
	naud/nød		
	køyra/-e/kjøra/-e		
	røyr/rør		
	høyra/-e/høra/-e		
	røyst/røst		
	femna/-e/famna/-e		
<b>21</b>	<b>29</b>	<b>14</b>	<b>8</b>